



Masteroppgåve i Samfunnsplanlegging og leiing

Relasjonsbygging mellom kommunar, næringsliv og arbeidsinnvandrarar

Den katolske kyrkja som potensielt bindeledd i lokalt samarbeid

Studiepoeng (45 studiepoeng)

Elisabeth Busengdal
Volda, mai 2015

Relasjonsbygging mellom kommunar, næringsliv og arbeidsinnvandrarar

Den katolske kyrkja som potensielt bindeledd i lokalt samarbeid

Samandrag

I denne studien har eg sett nærmare på katolsk arbeidsinnvandring på Sunnmøre. Eit av formåla med studien, har vore å finne ut av korleis den katolske kyrkja kan bidra til integrering av arbeidsinnvandrarar frå Aust- Europa i arbeidsliv og lokalsamfunn. Igjennom ei systematisk kartlegging og datainnsamling, har eg prøvd å få ei forståing for denne situasjonen. Studien min ser på i kva grad den katolske kyrkja kan fungere som ein ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar, og korleis ein kan nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid. Eg har i studien min lagt vekt på ulike samfunnsinstitusjonar i studiekommunane Herøy og Ulstein, der eg har sett nærmare på tilnærminga ovanfor. Verdien av relasjoner, nettverk og samarbeidsprosesser har vore drivkrafta bak arbeidet, der kollaborativ planlegging og institusjonell kapasitetsbygging har fått hovudrolla i den teoretiske tilnærminga.

I studien har eg sett at fleire ulike samfunnsinstitusjonar i studiekommunane har utfordringar med å nå ut til arbeidsinnvandrarane i integrering, plan og utviklingsarbeid. Dei har utfordringar med å formidle viktig informasjon til denne gruppa, få dei til å delta på ulike samfunnsaktivitetar og verte ein del av lokalsamfunnet. Informantane i studien opplever at dei manglar ein informasjonskanal og ei kontaktflate inn mot denne gruppa. Planavdelingane i studiekommunane er i ein søkjefase, der dei er på leit etter ulike kontaktpunkt og arenaer for å kunne inkludere arbeidsinnvandrarane i plan og utviklingsarbeid. Det viser seg at dei har sett behovet for ein medverknadsarena, men har kome kort i arbeid med dette.

Det kjem fram av studien at ein av fleire årsaker til at arbeidsinnvandrarane vel å unngå kontakt med det offentlege, er mangel på tillit og trygge relasjoner til det offentlege systemet. I mange samanhengar oppstår det misstydingar mellom arbeidsinnvandrarane og offentlege tilsette, og dette fører til konfliktforhold. Erfaringar i frå studien min viser at for at det skal vere mogleg å få til gode samhandlingsprosesser og samarbeid mellom det frivillige, offentlege og næringslivet, er ein avhengig av tillit og trygge relasjoner mellom aktørane og denne gruppa. Studien fremmar den katolske kyrkja som eit potensielt bindeledd i lokalt samarbeid, der studien ser på korleis denne institusjonen kan vere ein ressurs for kommunane i integrering, plan og utviklingsarbeid. Årsaka til at studien har valt å fokusere på den katolske kyrkja i Ålesund som eit potensielt bindeledd, er at svært

mange av arbeidsinnvandrarane som er busette i Herøy og Ulstein kommune er katolske innvandrarar. Desse innvandrarane kjem i frå land med ein lang katolsktradisjon, der religiøse trussamfunn, tilknyting til eit religiøst fellesskap og eit religiøst tilbod er viktig for deira livssituasjon.

Igjennom studien ynskjer eg å gjere eit bidrag til eit meir samansett bilet av arbeidsinnvandring i plan og utviklingsarbeid. Samstundes korleis den katolske kyrkja som medverknadsarena kan vere ein ressurs for kommunane. Eg opplever at der er eit behov for meir kunnskap på området arbeidsinnvandring i plan og utviklingsarbeid, samtidig opplever eg at kommunane har behov for ein informasjonskanal og ei kontaktflate inn mot arbeidsinnvandrarane.

Summary

The study examines the topic of the Catholic labour migrations in the Western part of Norway. The purpose is to elaborate on how the Catholic Church can contribute to the integration of labour migrations from the East Europe in Norwegian communities. Through a systematic mapping and collection of data, I have tried to reach an understanding of the extent to which the Catholic Church can attend as a resource for the communities in integration efforts by labour immigrants. How can the municipalities benefit the Catholic Church as a participation arena in planning work? I have focused on different institutions in the study of the municipalities Herøy and Ulstein in Møre and Romsdal County. This to be able to look into the above approach in more details. The value of relations, networks and cooperation processes has been the driving force for the study. Collaborative planning and institutional capacity building is the main areas of the theoretical approach.

The study looks at several different institutions, and the challenges that they have with reaching out to labour immigrants in the integrations process, plan and development work. The study shows that the institutions have challenges transferring important information to the group, as well as make them participate in various community activities and become part of the local community. Informants in the study feel that they lack an information channel and a contact point towards this group. The local planners are in a search phase, where they search for various contact points and venues to include labour workers in planning and development work. It turns out that they are aware of the need for such an arena for participation; however, they have not come any further to a solution regarding these necessities.

It appears that one of the several reasons why labour immigrants avoid contact with the public is lack of trust and confident relations to the public system. In many contexts, it appears misunderstandings between the labour immigrants and the government, which causes conflict conditions. The study shows that to achieve good interaction and cooperation between the voluntary, public and private sector it depends on trust and confident relations between the participants and the labour immigrants. The study supports the Catholic Church acting as a potential link in local cooperation, where the study looks at how this institution can be a resource for municipalities in integration, planning and development work. The reason why

the study focuses on the Catholic Church in Ålesund acting as a potential link is that many of the labour immigrants who are residents in Herøy and Ulstein are Catholic immigrants. These immigrants come from countries with long Catholic tradition, where religious communities, affiliation to a religious unity, and a religious offer are important for their living situation.

Through the study, I wanted to contribute to a composite image of migrants in planning and development work. At the same time, illustrate how the Catholic Church can be a participations arena and a resource for the municipalities. I find that there is a need for more knowledge about labour immigrants in the plan and development field, as well as experiencing that the municipalities need an information channel and a contact point into the labour migrations.

Forord

Når eg no sit her ved veis ende av denne mastergradsstudien, sit eg att med ei rein glede. Det er veldig at dette eventyret snart er slutt, likevel sit eg att med ei stor glede over dei prosessane eg har delteke i, den kunnskapen eg har tileigna meg og dei mange kjennskapane eg har fått gjennom studien. Hadde eg på førehand visst kor mykje arbeid som ligg i ei masteroppgåve, hadde eg truleg ikkje byrja. Men no når eg er i mål, opplever eg arbeidet som alt anna enn anger.

Eg har svært mange å takke. Alle informantane i studien som tok seg tid til å bli intervjuat, deltakarane i «Ora et labora» prosjektet med Anders Aschim i spissen, Møreforsking for lån av kontor og sterke kaffi, verdens kjekkaste Lars og Kjersti på Møreforsking og ikkje minst fantastiske Finn som rettleiar og verbalstøttekontakt. Takk for all oppmuntring, brennande engasjement og eit kritisk overblikk.

Eg er også nøydd å takke Bob Dylan og Sivert Høyem for oppløftande pausemusikk, mamma og pappa for at dokke alltid er der, sambuar for at det var mulig å skrike seg til å få ta denne mastergraden og ikkje minst guten min som er mitt alt.

Elisabeth Busengdal

Volda, mai 2015

Innhald

Relasjonsbygging mellom kommunar, næringsliv og arbeidsinnvandrarar	2
Samandrag	3
Summary	5
Forord	7
Innleiing	10
Bakgrunn	15
Arbeidsinnvandring på Vestlandet	15
Plan og utviklingsarbeid	19
Den katolske Kyrkja og arbeidsinnvandring	20
Strukturen i oppgåva	21
Teori	22
Kollaborativ planlegging	22
Prosessen i kollaborativ planlegging	23
Kritikken av kollaborative prosessar	25
Kollaborativ planlegging i fragmenterte samfunn	27
Institusjonell kapasitetsbygging	30
Institusjonell kapasitet og kollektiv handling	31
Relasjonsressursar, Kunnskapsressursar og Mobiliseringskapasitet	32
Operasjonelle utfordringar	32
Sosial kapital	33
Korleis arbeidsinnvandrarar kan skape sosial kapital	35
Styrke og svakheiter med sosial kapital	36
Problemstilling	38
Forskingsspørsmål	39
Forskningsmetode	40
Føremål	40
Relevans	41
Forkunnskap	41
Etikk	42
Forskningsdesign	43
Val av metode	44
Kvalitativ og kvantitativ tilnærming	45
Ei kvalitativ tilnærming til problemstillinga	48
Utvil av informantar	48

Matrise over informantar	49
Informantar/Intervjuobjekt	49
Overordna spørsmål	49
Data.....	49
Utforming av intervjuguide.....	50
Transkribere	52
Analyse	53
Kvalitetssikring av datamateriale	54
Utarbeidning av masteroppgåve	57
Empiri.....	58
Del 1: Kvantitative undersøkingar utført på Vestlandskommunar: Nordvestlandet.....	58
Undersøkingar utført på Vestlandskommunar: Herøy og Ulstein	61
Plan og utviklingsarbeid i Herøy og Ulstein kommune	62
Kyrkje og religion.....	63
Del 2: Kvalitative forskingsintervju	64
Samarbeid mellom ulike samfunnsinstitusjonar og den katolske kyrkja	66
Integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar i Herøy og Ulstein	67
Arbeidsinnvandring som tema i planarbeid, utvikling- og integreringsarbeid.....	69
Den katolske kyrkja som ein ressurs i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar	71
Behovet for ein integreringsarena tilsvarande den katolske kyrkja	73
Den katolske kyrkja si rolle i planarbeid samanlikna med andre frivillige organisasjonar ...	76
Potensiale i den katolske kyrkja som integreringsarena	77
Korleis stille Ulstein og Herøy kommune seg til arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid	78
Den katolske kyrkja som ein integreringsarena for arbeidsinnvandrarane	80
Næringslivet på Søre Sunnmøre og kontakt med den katolske kyrkja i samband med arbeidsinnvandrarar	85
Drøfting	89
Den katolske kyrkja som integreringsarena	89
Korleis kan den katolske kyrkja vere ein ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar?	93
Korleis kan ein nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planlegging? ...	101
Kva utfordringar står arbeidsinnvandrarane ovanfor i forhold til kommunane, og kva konkrete tiltak bør kommunane gjere?	106
Oppsummering/Avslutning	109
Referanseliste	113


Innleiing

Masteroppgåva mi er ein del av forskingsprosjektet «Ora et labora» som er eit samarbeid mellom Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag ved Høgskulen i Volda og Møreforsking. I prosjektet ser ein på katolsk arbeidsinnvandring på Sunnmøre, og korleis den katolske kyrkja bidreg til integrering av arbeidsinnvandrarar frå Aust- Europa i arbeidsliv og lokalsamfunn. Årsaka til at nettopp katolskinnvandring er eit interessant studieobjekt, er at Nord-Vestlandet har dei siste åra teke i mot svært mange arbeidsinnvandrarar med ein sterk katolsk tradisjon. Dei fleste katolske innvandrarane på Sunnmøre kjem i frå Polen og Litauen. I prosjektet «Ora et labora» ser ein på om religion og religiøse fellesskap, kan vere ein viktig faktor som kan gi migrantane hjelp til å meistre den nye situasjonen og det nye miljøet sitt. Kristne migrantar i Norden er framleis eit lite studert felt. I Noreg har forsking omkring innvandrarar og religion hatt eit sterkt fokus på islam i urbaneperspektiv. Det er utført få studiar i Noreg på kristne migrantar som er busette i andre typar lokalsamfunn enn storbymiljø, sjølv om dette er den største gruppa innvandrarar i Noreg i dag. I dette prosjektet er ein meir oppteken av å studere kva den katolske kyrkja har å seie for polskemigrantar busette på Sunnmøre. Med dette ynskjer ein å gjere eit bidrag til eit meir samansett bilet av religionens rolle for integrering i det norske samfunnet.

Prosjektet er eit kasusstudie av den katolske kyrkja i Ålesund, Vår Frue kyrkjelyd. Kyrkja har hatt ein sterk vekst dei siste åra, som følgje av stor arbeidsmigrasjon til Sunnmøre. Den katolske kyrkja har den siste tida (2015) fått mykje mediemerkeemd knytt til juks i medlemstal og svindel. Ein bør derfor ha dette i bakhovudet når ein ser på medlemstala for den katolske kyrkjelyden. Kyrkjelyden i Ålesund er ein av dei katolske kyrkjelydane i landet som miste flest medlemmar etter at medlemsskapsskandalen kom fram i media. Det er truleg snakk om 1600 medlemmar som er feilregistrerte. Årsaka til dette kan vere den store arbeidsinnvandringa på Sunnmøre, der medlemmane kjem og fer, å det er sjeldan at dei melder seg ut av kyrkjelyden når dei reiser heim til sendarland. Trass i svindel og juks i medlemstal ser ein i tilfelle Vår Frue Kyrkjelyd i Ålesund, at veksten og pågangen til messer og arrangement er overveldande. Det er tydeleg at den store auken i arbeidsmigrasjon frå Aust- Europa til Sunnmøre har påverka dette. I frå å vere ein samansett kyrkjelyd på 15-20 personar har dette auka til 500- 600 aktive kyrkjegjengjarar i veka. Årsaka til veksten er utan tvil arbeidsinnvandring. Sjølv om store delar av dei polske arbeidsinnvandrarane er

katolske, er ikkje alle arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa av katolsk tru. Det er viktig å understreke at den katolske kyrkja er viktig for mange arbeidsinnvandrarar, men ikkje alle. Sjølv om eg i arbeidet mitt nemner arbeidsinnvandrarar som ei gruppe, er ikkje alle desse religiøse. Anten dei er i frå land som ikkje er katolske, at dei kjem i frå kulturar der det å gå til messe er mindre viktige, eller at dei ikkje er religiøse av personlege årsaker.

Eg har i oppgåva mi valt Herøy og Ulstein kommune som ligg i Møre og Romsdal fylke som studiekommunar. Kommunane er ein del av den maritime klynga på Sunnmøre, der fiske, skipsindustri og båtbygging har lange tradisjonar. Med aukande verdiskaping og vekst i næringa, har behovet for meir arbeidskapasitet auka kraftig. Årsaka til at valet falt på Herøy og Ulstein som studiekommunar, var at dette er forholdsvis små lokalsamfunn, kommunane har ein stor prosentdel av busetnaden som er katolske arbeidsinnvandrarar, og dei tre største verksemndene (Kleven, Ulstein og Marine Harvest) som er stadsette her, har svært mange tilsette som kjem i frå Aust-Europa i arbeidsstokken sin. Næringslivet i desse to kommunane er avhengig av arbeidsinnvandring for å få tilstrekkeleg kompetanse innan sine fagfelt. Utan den store tilstrøyminga av migrantar i frå Aust-Europa, hadde det vore vanskeleg å halde produksjonen i lokalsamfunna. Eit anna moment som gjer nett desse to kommunane interessante som studieobjekt, er at dei har eit felles samarbeidsprosjekt for integrering av arbeidsinnvandrarar. Bulystprosjektet omhandlar mellom anna korleis Herøy og Ulstein som kommune, kan gjere det enklare for arbeidsinnvandrarane å kome hit og ta del i samfunnet. Dei har gjennom dette utviklingsprosjektet lyst å gjere det enklare for denne gruppa å delta i samfunnsaktivitetar. I studien min synst eg det var interessant å sjå på den institusjonelle kapasiteten i forholdsvis små lokalsamfunn, og samarbeidet oppimot arbeidsinnvandrarar mellom det offentlege, frivillige og næringslivet.



(Figur 1: Figuren viser innvandring i Herøy og Ulstein kommune.2013)

Arbeidsinnvandring bidreg positivt til folketalsutviklinga i studiekommunane. Ser ein på fylkesstatistikkane har Herøy kommune 8847 innbyggjarar, av desse er 10,8% innvandrinarar og 6,7% innvandrinarar i frå Aust Europa. Ulstein kommune på den andre sida har 8092 innbyggjarar, der 15,7% er innvandrinarar og 9,5 % er innvandrinarar i frå Aust Europa. Herøy kommune ligg litt over gjennomsnittet for innvandring for Vestlandskommunane, medan Ulstein ligg langt over gjennomsnittet. Begge kommunane har arbeidsinnvandrinarar som største gruppe innvandring. Herøy har størst innslag av arbeidsinnvandring i frå Litauen, medan Ulstein har størst innslag i frå Polen. Ser ein på den katolske innvandringa i kommunane var det i 2013 busett 286 polakkar i Ulstein og 135 i Herøy, same året var det busett 211 Litauarar i Herøy medan i Ulstein var det busett 28 frå Litauen. Ei undersøking utført av Møreforsking (2013) viser at det er 6 av 85 spurde kommunar på Vestlandet som har høgast innslag innvandring i frå Litauen, medan 58 av 85 vestlandskommunar har Polen som høgast innslag innvandring. Ser ein på statistikkar i frå den statistiske sentralbanken viser det seg at innvandring i frå Aust Europa i Møre og Romsdal fylke har auka kraftig dei siste åra, i 2010 var det 5587 sysselsette innvandrinarar i frå Aust Europa, medan i 2013 hadde tala auka til 10 416. Innvandrinarar frå Litauen og Polen utgjer ein langt større del av innvandrinarane i Møre og Romsdal fylke enn for landet sett under eitt, nærmere bestemt 30,2 prosent av nærmare 27.000 innvandrinarar til fylket i 2015. I tillegg utgjer polakkane og litauarane ein vesentleg del av dei 4.715 personane som er

lønstakarar i Møre og Romsdal utan å vere registrert busette i Noreg. Blant desse gjestearbeidarane utgjer dei to folkegruppene heile 61,7 prosent (Statistisk sentralbanken 2015).

Eit særtrekk ved arbeidsinnvandringa frå Europa, er det høge innslaget av innvandrarar med bakgrunn frå katolske land. Tidlegare grupper innvandrarar frå katolske land utgjer ein stor del av desse innvandrarar frå mellom anna land som Chile og Filippinane. Filippinarane utgjer også den største gruppa innvandrarar frå eit ikkje-europeisk katolsk land, med i alt 19.000 innvandrarar busette i Noreg ved inngangen til 2015 (Statistisk sentralbyrå, statistikkbanken). Det er likevel innvandringa frå Litauen og særleg Polen som har gjort at det har vore ein sterk vekst i katolikkar i Norge dei siste åra. Polakkane utgjer no den desidert største innvandrargruppa i landet med nærare 91.000 personar. Litauarar er den tredje største innvandrargruppa i landet, med knapt 36.000 personar. Til saman utgjer desse to gruppene 19 prosent av alle innvandrarar i landet (Statistisk sentralbanken 2015, Møreforsking 2013).

Sande kommune som er nabokommunen til Herøy og Ulstein, har også vorte vurdert som studieobjekt. I Sande kommune er det busett mange katolske arbeidsinnvandrarar, samstundes vert det haldt katolske messer i Sande kyrkjelyd to gangar i månaden. Då Sande kommune ikkje er ein del av det etablerte Bulystprosjektet mellom Ulstein og Herøy, og det ville vere meir tid- og ressurskrevjande å studere tre lokalsamfunn, vart Sande kommune ikkje valt denne gangen. Eg har på den andre sida tillat meg sjølv å nemne dei katolske messene i Gursken (Sande kommune) i studien min, då fleire av migrantane frå Herøy og Ulstein deltek på desse messene.

Sjølv sagt byr det på utfordringar når kasuset Vår Frue kyrkjelyd er stadsett i Ålesund, og det ville på mange måtar vere meir naturleg å studere lokalsamfunnet rundt Ålesund oppimot problemstillinga mi. Då migrantforsking ofte har eit by perspektiv, og det er gjort færre studiar på migrantar i rurale strøk, fall valet på Herøy og Ulstein kommune. Med denne tilnærminga kjem det også opp eit interessant studiefelt der ein ser på kva verdi avstanden til den katolske kyrkja har for om kyrkjelyden fungerer som ein integreringsarena i studiekommunane. Det er også svært interessant i eit planleggingsperspektiv, å sjå på evna til samhandling og kapasitetsbygging i små lokalsamfunn, heller enn i bymiljø.

Eg har i problemstillinga mi valt å sjå på arbeidsmigrantar oppimot ulike samfunnsinstitusjonar. Her gjer eg ei tilnærming til i kva grad den katolske kyrkja fungerer som ein ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar og korleis ein kan nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid. Då eg studerer samfunnsplanlegging, synst eg det er spesielt interessant å sjå på den institusjonelle kapasitetsbygginga mellom det offentlege, den katolske kyrkja og næringslivet i dei to studiekommunane. Kva samarbeidsprosessar og nettverk som er, men også på kva som burde vere er noko eg gjer ei tilnærming til. Det er tidlegare gjort få studiar på kristne migrantar oppimot planleggingsfaget, og eg ynskjer i denne oppgåva å gjere eit lite bidrag i kor viktig det er å involvere minoritetsbusetnad i plan og utviklingsarbeid i kommunane.

Bakgrunn

I dette kapittelet framstiller eg bakgrunnsinformasjon om arbeidsinnvandring i Møre og Romsdal fylke. Eg ser mellom anna på kvifor arbeidsinnvandring er viktig på Sunnmøre, kva utfordringar denne gruppa står ovanfor, plan og utviklingsarbeid knytt oppimot dette temaet og rolla den katolske kyrkja har ovanfor migrantane. Formålet med dette kapittelet er å gi lesaren eit bilet over situasjonen.

Arbeidsinnvandring på Vestlandet

Arbeidsinnvandring er ein stor ressurs for næringslivet i Møre og Romsdal fylke. Arbeidsinnvandring bidreg til auka verdiskaping, ein effektiv arbeidsmarknad, tilgang på kompetent arbeidskraft over landegrensene og fremmar mangfald og fellesskap i lokalsamfunna. Fleire regionar har sett fordelane med å tiltrekke seg relevant kompetanse i frå utlandet, for å styrke innovasjon og verdiskaping i regionen (St.meld.nr.18. 2007-2008).

Tal i frå 2010 set Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane på landstoppen i bruk av arbeidskraft i frå EU/EØS. Etter finanskrisa i 2008 har fleire av arbeidsinnvandrarane valt å busetje seg permanent i fylka, dette har auka behovet for ein utvida integreringspolitikk. Definisjonen på ein arbeidsinnvandrar er at vedkomande har arbeid som grunnlag for opphold i landet, medan andre innvandrargrupper har familietilknyting, behov for beskyttelse og vern som grunnlag for opphaldsløyve. Etter utvidinga austover av EU/EØS i 2004 og 2007 har dette medført til ein stor auke i arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa. Arbeidsinnvandringa i frå EU har bidrige til å dekke behovet for arbeidskraft innan offentlege og private verksemder, samstundes som arbeidsinnvandringa har medverka til positive følgjer for befolkningsutviklinga i landet. Om lag ni av ti løyver til arbeidsinnvandring vert gitt til personar frå EØS/EFTA område. Dei fleste kjem i frå Norden, Polen og Baltikum (St.meld.nr.18. 2007-2008, Båtevik mfl.2011).

Dei fleste arbeidsinnvandrarane i Møre og Romsdal kjem som nemnt i frå Baltikum og Polen. Både polakkar og litauarar utgjer ein stor del av katolikkane i Noreg i dag. Dei fleste katolikkane på Sunnmøre er tilknytt den katolske kyrkja i Ålesund, Vår Frue Kyrkjelyd. Arbeidsinnvandringa til Nordvestlandet har auka kraftig dei siste åra, svært mange av desse migrantane er katolske

innvandrarár. Religion og religiøse fellesskap, kan vere ein viktig faktor for arbeidsinnvandrarárane til å meistre den nye situasjonen og det nye miljøet sitt.

Tilknyting til eit fellesskap og ein organisasjon, er dei aller viktigaste faktorane for ein vellykka integreringsprosess i eit nytt samfunn. Deltaking i organisasjonar gir menneska eit sosialt støtteapparat, ei meiningsfylt fritid og støtte til eigen kultur og identitet. Desse relasjonane hjelper arbeidsinnvandrarárane med å finne bustad, arbeid, delta i ulike fritidsaktivitetar og forståing for kulturen i det nye landet. I følgje Ødegård (2014) oppnår ein integrasjon når individet eller gruppa balanserer forholdet mellom å halde på eigen kultur og identitet, samstundes som individet søker å delta i delar av storsamfunnet sine nettverk. Integrasjon skjer først når ulike kulturar påverkar kvarandre gjensidig. Dersom eit individ eller ei innvandringsgruppe vel å halde på eigen kultur og identitet, kan dette medføre separasjon frå majoritetssamfunnet og føre til segregering. På den andre sida vil ei total tilpassing til majoritetskulturen føre til assimilasjon (Ødegård 2014).

Ødegård (2014) ser på integrering som ein tovegs-prosess der staten sin integreringspolitikk er ein heilt avgjerande komponent for å få dette til. Ho påpeikar at ein integreringspolitikk som legg føringar for at fleire ulike kulturar kan delta i utforming og organisering av offentlege institusjonar, er avgjerande for integrering. Ved ei slik tilrettelegging er det ein føresetnad at personar med innvandrarbakgrunn deltek aktivt. Hovudmålet med den nasjonale integreringspolitikken, er å legge til rette for at offentlege og private verksemder skal kunne nytte seg av arbeidsinnvandring på ein enkel og effektiv måte. Det er samstundes lagt lite føringar for korleis kommunane skal gå fram i lokal integreringspolitikk. Med manglande rammevilkår, politiske føringar og økonomiske ressursar for tilrettelegging og integrering av arbeidsinnvandrarár, vert integreringspolitikken til kommunane usamanhengande og lite gjennomførleg (Båtevik mfl. 2011, St.meld.nr.18. 2007-2008, Ødegård 2014).

Ser ein på utfordringar nasjonalt, er det integrering og ivaretaking av den norske arbeidslivsmodellen som er dei største utfordingane. Ser ein vidare på utfordringane for kommunane, vert det i stor grad å legge til rette for og utføre dei pliktene kommunane er pålagde i forhold til arbeidsinnvandrarár.

Fleire av utfordingane er knytt opp i mot økonomiske ressursar, språkbarrierar og uklare ansvars- og rollefordelingar. Det er også lite konkret samarbeid og dialog mellom kommunane og aktørar på regionalt nivå. Undersøkingar viser at arbeidsinnvandring kan ha positive ringverknadar for lokalsamfunna både når det gjeld økonomiske perspektiv, men også auka aktivitet på bustadmarknaden, auka sysselsetting og høgare innbyggjartal. Særleg er dette viktig for kommunar som er prega av fråflytting. Primærmålet er å få til ei berekraftig integrering av arbeidsinnvandrarar, der ein kan mobilisere til auka deltaking og fellesskap i norsk samfunnsliv (Båtevik mfl. 2011, St.meld.nr.18 2007-2008).

Utfordingar for denne gruppa i kommunane er mellom anna at dei i liten grad vert prioritert i integreringsarbeid, utvikling og planleggingsarbeid. Årsaka til dette er truleg at mange ikkje har fast opphaldsløyve i Noreg, og pendlar derfor mellom Noreg og sendarland. Sjølv om undersøkingar viser at mange vel å busetje seg her, og at arbeidsinnvandrarane kjem att til same staden år etter år, vert integreringsarbeid med denne gruppa lagt til nasjonale og generelle strategiar og tiltak. Ein annan faktor, er at arbeidsinnvandrarane kjem i skuggen av andre innvandrargrupper som flyktningar og asylsökjarar. Arbeid der innvandring er tema, er i stor grad synonymt med arbeid mot flyktningar. Dette gjer arbeidsinnvandrarar til ei svakstilt gruppe i integreringsprosessar, planlegging og utviklingsarbeid i kommunane. (Båtevik mfl. 2011)

I følgje undersøkingar i kommunar på Vestlandet utført av Møreforsking 2011, syner tendensane at det er ei klår semje mellom dei spurde kommunane i undersøkinga, at behovet for utanlandsk arbeidskraft i framtida er stort. Det vert samstundes gitt uttrykk for at offentleg sektor ligg klart etter privat sektor i rekrutteringa av utanlandsk arbeidskraft. Fleire opplever også at offentleg sektor er lite koordinert og tilrettelagt for arbeid mot integrering av arbeidsinnvandrarar. Fleire av kommunane svara at det vert i moderat grad utført integreringsarbeid i kommunane, som er direkte retta mot arbeidsinnvandrarar. Likevel er det mange av dei spurde i undersøkinga, som svara at dei ser på arbeidsinnvandring som ein svært viktig ressurs i utvikling av kommunen som samfunn. Fleire er svært bevisst kring spørsmålet om at kommunen som organisasjon, må involvere seg i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar som særeigen gruppe (Båtevik mfl. 2011).

Kommunen si rolle i integreringsarbeid vert både kommunen som utviklingsaktør og produsent av tenester, samtidig som kommunen må fremme samarbeid og samhandling med aktørar på ulike forvaltningsnivå. Det er mykje som tyder på at arbeidsinnvandringa på Vestlandet vil styrke befolkningsutviklinga og styrke rekrutteringa til lokalsamfunn og næringsliv. Denne utviklinga handlar primært om å sikre meir robuste lokalsamfunn i sin heilskap, særleg i utkantkommunane.


Viktige spørsmål i samband med eit utviklingsarbeid for arbeidsinnvandring i kommunane vert: I kva grad arbeidsinnvandring kan verte ein viktig ressurs for lokalsamfunnet? Korleis kommunane definerer eiga rolle i samband med arbeidsinnvandring? Korleis kommunane arbeidar i forhold til arbeidsinnvandrarar. Den rolla som kommuneorganisasjonen har og kan ha bør stå sentralt i slikt arbeid. I følgje Båtevik og Nettland (2014) si studie av arbeidsinnvandrarar på Vestlandet, svara fleire av dei spurde i ei undersøking gjort på vestlandskommunar, at dei såg eit behov for eit breiare engasjement i frå kommunane si side på temaet arbeidsinnvandring. Dei peika på at økonomiske manglar og mangel på kunnskap på området, var ein av årsakene til at det var gjort lite arbeid med integrering av arbeidsinnvandrarar som eiga gruppe. Dei påpeika samtidig at det var eit behov for meir kompetanse på området. (Båtevik og Nettland 2014)

Fleire undersøkingar viser at kommunar som har eit næringsliv som slit med rekruttering av arbeidskraft og befolkningsnedgang, legg meir vekt på integreringsarbeid enn kommunar som ikkje har dette problemet. Konteksten er gjerne slik at kommunar har ei plikt ovanfor flyktningar og asylsøkjarar å sikre husvære, tilbod om integrasjonsprogram og språkopplæring. Dette ansvaret er dei ikkje pliktige ovanfor arbeidsinnvandrarar. Fleire av kommunane påpeikar at arbeidsinnvandrarar klarer seg likegodi som andre innbyggjarar med å finne bustad, vere med på fritidsaktivitetar og integrere seg i samfunnet. (Båtevik og Nettland 2014)

Plan og utviklingsarbeid

I følgje plan og bygningslova er kommunane pliktige til å legge til rette for ulike grupper i samfunnet i plan- og utviklingsarbeid. Det er såleis ikkje sett nokon krav til å ha eigne temaplanar, planstrategiar og handlingsplanar for kvar enkelt gruppe. I følgje Båtevik og Nettland sine undersøkingar gjort på Vestlandskommunar, har eit fåtal av kommunane ein strategi for arbeid knytt opp mot arbeidsinnvandring. Arbeidsinnvandring er i den grad tematisert i plan- og utviklingsarbeid i ein stor del av kommunane, gjerne då integrert i anna plan- og utviklingsarbeid knytt opp i mot flyktingar. Kommunane prioriterer tiltak som dei ser på som viktige i forhold til integrering, utan å skilje mellom innvandrargruppene. Dersom kommunane ikkje har eigne handlingsplanar, strategiar og temaplanar for integrering av arbeidsinnvandrarar, gir dette arbeidsinnvandrarane liten moglegheit til å medverke i planarbeid. (Båtevik og Nettland 2014)

Tala i tabell 2 kan gi utsyn for at arbeidsinnvandrarar ikkje står høgt på agendaen i plan- og utviklingsarbeid. Sjølv om alle dei spurde i undersøkinga utført av Møreforsking (2014), påpeika at arbeidsinnvandring er ein svært stor ressurs for kommunane i framtida. Båtevik og Nettland (2014) framhevar at det er vanskeleg å forstå at det å ha ein strategi for integrering av arbeidsinnvandrarar, ikkje står høgare på agendaen for fleire kommunar.



Figuren 2: Figuren viser arbeidsinnvandring i plan- og utviklingsarbeid i 85 vestlandskommunar 2013

Den katolske Kyrkja og arbeidsinnvandring

Den katolske kyrkja har over ein milliard medlemmar og er verdas største kristlege trussamfunn. Medlemstala i den katolske kyrkja i Noreg har passert 161 000 registrerte katolikkar. Då den katolske kyrkja i Noreg har fått mykje mediemarksemde kring juks i medlemstal og svindel, er desse tala truleg noko lågare i røyndommen. Samtidig har den store auken i arbeidsinnvandring etter utvidinga austover av EU/EØS i 2004 og 2007 påverka auken i medlemsmassen for den katolske kyrkja i Noreg. Både polakkar og litauarar utgjer ein stor del av katolikkane i Noreg i dag.

Arbeidsinnvandringa til Nordvestlandet har auka kraftig dei siste åra, svært mange av desse migrantane er katolske innvandrarar og er tilknytt den katolske kyrkja i Ålesund. Religion og religiøse fellesskap kan vere ein viktig faktor for arbeidsinnvandrarane til å meistre den nye situasjonen og det nye miljøet sitt. Likevel er dette framleis eit lite studert felt. Det er gjort få studiar på innvandrarar med kristeleg bakgrunn i Noreg, særleg i rurale strøk. Eit av dei spørsmåla eg stiller i problemstillinga mi er knytt oppimot; I kva grad offentlege etatar og næringsliv ser på den katolske kyrkja som ein ressurs, når det gjeld arbeid retta mot integrering av arbeidsinnvandrarar. I ei spørjeundersøking utført av Møreforsking 2013 kjem det fram at der er lite samarbeid mellom ulike samfunnsinstitusjonar og andre trussamfunn, men at det er eit stort behov for meir kompetanse i arbeidet med arbeidsinnvandrarar med tanke på religion og kyrkjespørsmål. (Kyrkjestatistikkar 2014, Møreforsking 2013)

Den katolske kyrkja i Ålesund har merka sterkt den store auken i arbeidsinnvandrarar på Sunnmøre. Særleg har dei merka den store auken gjennom oppmøte på messer, arrangement, dognadar etc. Prestane held messer både på norsk og polsk fleire gangar i veka. Det vert også utført messer på Norsk ein gang i månaden i Sykkylven, Ulsteinvik og Volda. I tillegg vert det haldt messer på polsk ein gang i månaden i Ulsteinvik og to gangar i månaden i Gursken. I følgje observasjon og kartleggingsarbeid av dei katolske messene i fylket utført av «Ora et labora» prosjektet, har messene svært godt oppmøte. Dei høge oppmøtetala på messene tilsei at behovet for ein slik arena er stort (Den katolske kyrkja i Noreg 2014, Den katolske kyrkja i Ålesund 2014).

Det viser seg at det er eit stort behov for denne gruppa for ein informasjonskanal oppimot born i skulealder, barnevern og kulturforståing. Det er også eit behov for eit kontaktpunkt mellom det offentlege og arbeidsinnvandrarane knytt opp i mot NAV systemet, helsehjelp, kriseteam, reglar, rettigheter og pliktar i forhold til arbeid og skatteetaten. Eit av formåla med denne studien, er å sjå på om den katolske kyrkja kan fungere som ein integreringsarena for arbeidsinnvandrarane. Samstundes ser ein på om den katolske kyrkja kan vere ein ressurs og eit kontaktpunkt for kommunane oppimot integreringsarbeid av denne gruppa, men også oppimot planlegging og utviklingsarbeid i kommunane.

Strukturen i oppgåva

Oppgåva er delt inn i sju delar, innleiing, bakgrunn, teori kapittel, metode, empiri, drøfting/analyse og avslutting. I tillegg kjem samandrag, forord og referanseliste. Innleiinga og bakgrunnskapittelet er ment som å gi lesaren basiskunnskap om emnet, her ser eg mellom anna på tidlegare forsking, undersøkingar og statistikkar, samt presenterer prosjektet. I teorien prøvar eg å lage eit oppspel for kva teoretiske tilnærmingar ein skal drøfte seinare i oppgåva. I metodekapittelet skildrar eg framgangsmåten for datainnsamlinga og i empirien har eg framstilt det innsamla datamaterialet. I drøftingsdelen drøftar eg å analyserer dei teoretiske tilnærmingane oppimot dei empiriske funna i frå forskingsintervjua. Avsluttande dreg eg fram dei viktigaste funna frå drøftinga.

Teori

I oppgåva mi har eg valt kollaborativ planlegging, institusjonell kapasitetsbygging og sosial kapital som teoretiske tilnærmingar for å belyse problemstillinga mi. I dette kapittelet vil eg presentere relevant teori innan desse felta. Eg har prøvd å rette teorien min inn mot planlegging for fragmenterte og multikulturelle samfunn, samstundes korleis ein kan skape fleire relasjonar, sterkare nettverk og betre samarbeid i plan og utviklingsarbeid.

Kollaborativ planlegging

Kollaborativ planlegging har sitt utspring i frå behovet om å tilegne tradisjonell planleggingsteori ein sosialteori. Ein utfordrar med dette ekspertplanlegginga, der ein erstattar rein ekspertmakt med prosessar som involverer både interessentar og ekspertar. Interessentane sin kunnskap vert likestilt med ekspertkunnskap. Kollaborativ planlegging omhandlar å involvere røyvde partar i ein deltagande planprosess, som baserer seg på dialog, kommunikasjon og argumentasjon (Amdam/Veggeland 2011, Healey 2006).

Ein region eller eit lokalsamfunn er avhengig av ein sosialdynamikk, mobilisering og deltaking for å kunne utvikle seg. Kollaborativ planlegging eller samarbeidande planlegging, omhandlar kommunikative prosessar mellom planleggarane, innbyggjarane, private aktørar og frivillige organisasjonar. For å organisere og forbetre kvaliteten i lokalsamfunnet er ein avhengig av samarbeid mellom desse partane. Kollaborativ planlegging har ei institusjonell tilnærming til å forstå regionalendring, der sterke relasjonar og nettverk mellom ulike samfunnsinstitusjonar er avgjerande. Planlegging gjennom debatt og reflektert argumentasjon er noko Healey (2006) vektlegg. Tradisjonelle lineære metodar vert erstatta med ikkje-lineære sosialkonstruerte prosessar, som involverer både ekspertar og interessentar. Ekspertkunnskap vert utfordra av sosialkonstruert kunnskap som er utforma av normer, verdiar og dei ulike interessene til interessentane. Medan ein i instrumentell planlegging er meir oppteken av trinna i planleggingsprosessen og planleggaren si rolle, er ein i ein kollaborativprosess oppteken av eit brent aktørperspektiv, der aktørane samarbeider om å finne klare og eintydige mål. Dersom ein igjennom å få ulike synspunkt på saka, lokalkunnskap og fører ei jamm maktfordeling mellom aktørane, kan ein få til eit dynamisk samspel mellom mektige og mindre mektige aktørar (Amdam/Veggeland 2011, Healey 2006).

Prosessen i kollaborativ planlegging

I ein kollaborativ planleggingsprosess vurderer ein fleire muligheter der ein handlar utifrå aktiv deltaking mellom aktuelle aktørar. Kollaborativ planlegging skal vere kommunikativ, alle idear skal argumenterast for, der det er viktig å interpretere prosessen gjennom heile planleggingsfasen. Ein kollaborativ planleggingsprosess kjenneteiknast ved at alle former for kunnskap er sosialt konstruert, og at vitskapsteori og ekspertkunnskap ikkje er så verdifull i slike prosessar, som i den instrumentelle planleggingsteorien. Utvikling av kunnskap har fleire former enn rasjonelle systematiske analyser. Lokalkunnskap, aktørane sine utspel om sakar og meiningsytringar i frå interessentane er minst like viktig som ekspertkunnskap. Eit resultat av den sosiale konteksten, vert at interessentane formar planprosessen gjennom kommunikasjon. Gjennom samhandling mellom aktørane, bygger ein ny felles forståing for situasjonen, der ein kjem fram til løysingar i fellesskap. Det er viktig at konteksten til planleggingsarbeidet vert skapt gjennom ulike relasjoner og nettverk som har kapasitet til å endre seg når konteksten vert utfordra av omgivnadane (Healey 2006, Forester 1993).

Healey (2006), meiner at i planleggingsfaget ser ein på den kollaborative planleggingsprosessen som ein aktiv prosess, i staden for ein rein teknisk prosess av design, analyse og administrasjon. Kollaborativ planlegging argumenterer for at interessene vert forma av sosial interaksjon i ulike sosiale fellesskap og på ulike kulturelle arena. På desse arenaene skapast forståing for kvarandre, felles meininger der formålet er å bygge nye relasjoner som aukar den kollektive handlinga. Habermas (1984) påpeikar at behovet for koordinert handling genererer i samfunn med behov for kommunikasjon mellom ulike partar, for å få løyst viktige samfunnsoppgåver. Kommunikativ planlegging som metode prøvar i følgje Habermas (1984) å skape dialog og relasjoner mellom ulike samfunnsaktørar og interessantar. Formålet er å oppnå ei felles forståing for situasjonen. Dersom aktørane oppnår ei felles forståing for situasjonen, vert operasjonaliseringa av planen enklare å gjennomføre. Forester (1989) legg vekt på at å lytte til kvar enkelt aktør er svært viktig i kollaborative prosessar. Han framhevar at det er enkelt å høyre kva folk sei, men å faktisk lytte til kvar enkelt aktør er ei utfordring (Healey 2006, Habermas 1984, Forester 1989).

Forester (1989) meiner som nemnt, at den viktigaste oppgåva for ein planleggar i ein kollaborativprosess er å lytte til alle interessentane. Forester (2004) påpeikar at det å arbeide proaktivt og skape tillit mellom kommunen og interessentane er sentralt i konsensusbyggande prosessar.

Ein bør legge bak seg tidlegare historier og saker som ikkje er relevante. Vidare må ein prøve å bygge relasjonar mellom interessentane, der interessentane prøvar å kome fram til løysingar i fellesskap. Ein kan ikkje som planleggar forvente at konsensusbygging skjer av seg sjølv. Dei ulike partane kjem ofte inn i prosessar med fordommar, usikkerheit og i forsvar for si sak. Dersom ein forventar at konfliktar skal løysast med gode intensjonar, vil ein få utfordringar både i den taktiske og operative fasen av planleggingsprosessen. Konsensusbygging krev eit bevisst forsøk på å kartlegge tidlegare utfordringar og deretter å sjå muligheter for framtidig handling. Habermas (1984) meiner at ved at interessentane er bevisst på kva ein ikkje ynskjer, skapar dette i mange tilfelle eit samhald mellom aktørane til å samarbeide mot ei betre løysing. Healey (2006) meiner at relasjonar og nettverk vert knytepunkt i lokalsamfunnet, som skapar arenaer der system for meiningsdanning, handling og vurderingsevne vert lært, overført eller endra. Mange aktørar opererer i fleire nettverk samtidig, dette påverkar prosessane i forhold til tidlegare maktforhold og kan både gi muligheter og forpliktingar. I Kollaborative planleggingsprosesser er slike relasjonar og nettverk viktige for å få til gode prosessar, samstundes kan tidlegare samhandling mellom partane vere øydeleggande for prosessen vidare (Healey 2006, Forester 2004, Forester 1989 ,Habermas 1984, Forester 1993).

Ei institusjonell tilnærming til å forstå regionar sin dynamikk og foreta kollektiv handling, viser teorien om at den sosiale verda er skapt av autonome individ som handlar ut i frå å innhente materiell tilfredsstilling. Som er tankesettet i den nyklassiske økonomiske teorien. Ei institusjonell tilnærming er heller basert på at individuell identitet er sosialt konstruert. Ein forstår verda og handlar utifrå sosiale relasjonar til andre. Gjennom desse sosialerelasjonane tilpassar ein seg den sosiale konteksten og kollektiv handling oppstår. Kollaborativ planleggingsteori har grodd fram av relasjonsbygging mellom intellektuell og sosial kapital. Fokuset i teorien vert lagt til relasjonar mellom ulike grupper i samfunnet og nettverk som påverkar liva til enkelt individ. Teorien sentrerer seg rundt hushald, arbeidsplassar, frivillige lag og organisasjonar etc. Der kvar av desse relasjonane knyt individ til andre individ, endra vurderingsevna og aukar kunnskapen. Gjennom samhandling og samarbeid aukar den intellektuelle og sosiale kapitalen (Healey 2006).

Kritikken av kollaborative prosessar

Teorien legg opptil at gjennom samarbeid mellom aktørane utviklast det felles læring, tillit og ei forståing som gir grunnlag for felles handling og forsterking av sosiale nettverk. Dette er det ein ser på som idealet. I røyndommen kan dette vere svært utfordrande. At ein faktisk greier å samarbeide og utvikle forståing og toleranse ovanfor kvarandre i ein kollaborativprosess, er ikkje sjølvsagt. Ulike interesser og ulik maktfordeling kan føre til at ein ikkje får til nødvendig dialog og diskusjonar, sjølv om ein har prøvd på førehand å legge til rette for dette. Å få til gode kommunikative planleggingsprosesser er ikkje enkelt i røyndommen (Amdam/Veggeland 2011).

Den grunnleggande kritikken av teorien i eit norsk/nordisk perspektiv er at kommunikativ og kollaborativ planlegging ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til maktstrukturane i samfunnet. Teorien legg opptil planleggarar med ein annan fagbakgrunn, opplæring og haldningars enn kva det er tradisjon for. I mange kommunar har hovudfokuset i planavdelingane vorte lagt til arealplanlegging, der instrumentelle prosesser er meir gjeldande. Eit anna kritisk moment ved teorien er at debatt og medverknad er svært tids- og ressurskrevjande prosesser, og er i mange tilfelle umulig å gjennomføre (Amdam/Veggeland 2011).

I debattar i utanlandske medium kjem det fram av Norsk statsvitenskapleg tidsskrift nr 4 (2002), at fleire kritiske spørsmålsteikn til teorien er retta mot om tilnærminga i det heile gir eit fruktbart grunnlag for å utvikle planleggingsteori, og om kva normativt utgangspunkt teorien har. Dette med utgangspunkt i at teorien tek merksemrd vekk i frå politiske prosesser i samfunnet. På den andre sida er i følgje Habermas (1984) den kommunikative prosessen i høgstgrad demokratisk, då den er avhengig av deltaking i frå aktuelle interessentar. Med dette aktualiserer den kommunikative prosessen politiske prosesser, i staden for å ta vekk merksemrd i frå dei. Vidare er kritikken retta mot at den kollaborative planleggingsteorien legg lite vekt på makt og maktrelasjonar i analysen av planprosessen. Ein diskurs knytt oppimot planlegging, kan ikkje lausrive seg i frå makt og rasjonaliteten i makt mellom ulike aktørar. Yiftachel og Huxley meiner det er naivt av Healey og Forester å tru at planleggarane ikkje vil støtte det etablerte maktapparatet i kommunen i ein slik prosess. I følgje Flyberg (1996) er all planlegging maktutøving, der det er uunngåeleg å ikkje gjere skilnadar (Norsk statsvitenskapleg tidsskrift 2002, Habermas 1984).

Ser ein på det normative utgangspunktet for kollaborativ planleggingsteori, skildrar teorien korleis ting bør vere, men skildrar ikkje kvifor ting er som det er. At teorien kan verke noko «draumande» for korleis planleggingsprosessar «burde» vere er eit aspekt. Teorien fram står som ein normativ teori utan tilstrekkeleg kritisk tilnærming eller analyse. I følgje Yiftachel og Huxley (2002) må planleggingsteori knytast nært oppimot faktisk planleggingspraksis, der ein også rettar søkelyset mot dei maktstrukturane som planleggingsfaget er ein del av (Yiftachel og Huxley Norsk statsvitenskapleg tidsskrift 2002).

Responsen på kritikken mot den kollaborative/kommunikative teorien er at kritikarane ikkje har forstått utgangspunktet for teorien. Forester (2000) påpeikar at det er ikkje slik at maktaspektet ikkje har vorte vurdert, endring av maktaspektet er hovudutgangspunktet for teorien. Heile poenget med ei kommunikativ tilnærming i planleggingsprosessar er å endre maktdominert planlegging. Gjennom å endre planleggaren si rolle, legge mindre vekt på ekspertkunnskap og meir vekt på lokalkunnskap og medverknad, vil ein få deltakarane reelt med i avgjersleprosessane. Poenget med ei kommunikativ tilnærming er i følgje Forester (2000) ikkje å oversjå maktrelasjonane, tvert imot. Tradisjonell planleggingsteori legg ikkje opptil prosessar som gjer det mogleg for innbyggjarane å vere reelt med i avgjersleprosessar. Det er nettopp her den kollaborative planleggingsteorien kan vere eit bidrag. Forester og Healey meiner ein må kome eit skritt lenger i planlegginga enn å akseptere at det finst skilnadar og ulike kontrollmekanismar i planleggingsfaget. Kollaborativ planlegging dekker eit behov for medverknad og deltaking i planprosessar. Healey er samd i kritikken at den kollaborative planleggingsteorien er noko «laus», utan faste regelstyrte oppskrifter for korleis planleggaren skal gå fram i prosessen, men at dette gjer teorien meir tilpassingsdyktig til ulike område og ulike lokalsamfunn (Norsk statsvitenskapleg tidsskrift 2002, Forester 2000)

Kollaborativ planlegging i fragmenterte samfunn

I offentlege diskursar der det er snakk om å forbetre kvaliteten til eit område, vil kollaborativ planlegging kunne bidra til å bygge nye relasjonar mellom allereie eksisterande nettverk. På denne måten bygg ein opp den institusjonelle kapasiteten til området. Konseptet institusjonell kapasitet, er utvikla innan den regionale økonomiske teorien, der ein prøvar å få fram at sosiale kvalitetar spelar ei stor rolle for økonomisk utvikling i samfunnet. Kollektiv handling gjer det aktuelle området meir konkurransedyktig, aukar den berekraftige utviklinga og gir betre levekår for innbyggjarane. Dersom ein aukar den institusjonelle kapitalen i eit område, vil dette få effektar til andre område både nasjonalt, transnasjonalt og globalt. Ei kollaborativ tilnærming i denne konteksten fokuserer på å bygge opp relasjonar mellom ulike nettverk, og skaper nye relasjonar mellom allereie eksisterande nettverk (Healey 2006).

Det er i følgje Ødegård (2014) ein type organisasjonsform som ein finn meir deltaking i frå minoritetsgrupper enn andre organisasjonsformer, å det er i religiøse organisasjonar. Trussamfunn kan både fungere integrerande, men også vere vegen ut i eit nytt samfunn. Særleg har trussamfunn ei integrerande effekt i vel etablerte kristne trussamfunn, der ein både finn majoritet- og minoritetsbusetnad. I følgje Ødegård (2014) fører deltaking i organisert religion til styrka integrering i det nye samfunnet, samstundes som evna til å løyse konfliktar i grupper, på lokalsamfunnsnivå og i samfunnet elles aukar. Trussamfunn er viktige arenaer for å bygge sosiale relasjonar, auke samhandling og den sosiale kapitalen i lokalsamfunnet (Ødegård 2014).

Nokon av dei utfordringane som oppstår når ein arbeidar kollaborativt, er utfordringar knytt oppimot å forme område i fragmenterte samfunn. Planlegging for fleirkulturelle samfunn og samfunn med innbyggjarar med ulike behov og ulik kulturbakgrunn er ei utfordring. Ei av dei største utfordringane er knytt oppimot å finne arenaer der ein kan nå tak i minoritetsbusetnad, og der minoritetsbusetnaden er aktiv deltakande. Mange innvandrargrupper kan vere vanskeleg å nå ut til, ofte er dei skeptiske til kontakt med det offentlege. I tradisjonell planleggingsteori vart ikkje dette sett på som noko utfordring, anten fordi samfunnet var mindre mangfaldig, eller at det ikkje var nokon debatt kring det å legge til rette for ulike grupper i samfunnet. Eg trur meir på det siste, at det ikkje var nokon debatt rundt det å legge til rette for ulike grupper i samfunnet i planleggingsprosessar. Dette har dei siste 20 åra vorte svært aktuelt. I seinare tid har samfunnet vorte meir mangfaldig, fleirkulturelt og ein ynskjer

å ta omsyn til fleire brukargrupper gjennom mellom anna å nytte seg av meir moderne planleggingsmetodar. Sjølv om ein i ein planleggingsprosess ynskjer å ta omsyn til mangfaldet i samfunnet, ynskjer ein ikkje å legge til rette for eit samfunn som er skilt mellom ulike nasjonalitetar og kulturar, der ein ikkje snakkar det same språket, eller har dei same preferanserammene for korleis vi ynskjer samfunnet skal vere. Også i planleggingsteorien vert gode integreringsprosessar verdsett, der ein prøvar å skape felles verdiar, haldningar og samhald. Gjennom eit sterkt fellesskap kan ein auke samhandlinga i samfunnet. Integrasjon er knytt oppimot relasjonsressursar i samfunnet, der ein mellom anna ser på i kva grad formell og taus kunnskap vert brukt som bindeledd mellom etniske, kulturelle og sosiale grupper. Der ein utfører målretta handlingar med å overføre kunnskap mellom ulike arenaer og grupper, formålet vert å lære av kvarandre (Amdam/Veggeland 2011, Healey 2006, Ødegård 2014).

I følgje Healey (2006) er det eit sentralt dilemma når ein arbeidar kollaborativt i multikulturelle samfunn, å kjenne igjen potensialet i den kulturelle dimensjonen, der ein mellom anna ser på kva bakgrunn gruppa har. Samstundes er det viktig å bygge felles kulturelle arenaer, bygge felles system for meiningsdanning og handling, der ein finn verdiar og haldningar som ein kan skape eit fellesskap rundt. Dersom ein gjennom kollaborativt arbeid kan skape eit fellesskap på tvers av kulturelle skilnadar, vil ein auke den institusjonelle kapasiteten i området. Ødegård (2014) meiner religiøse trussamfunn kan vere eit slikt fellesskap for innvandrarane til å delta i ulike samfunnsaktivitetar. Gjennom trussamfunnet kan ein bygge felles arenaer, system for meiningsdanning og handling. Dei religiøse trussamfunna kan skape tillit til det offentlege og ulike samfunnsinstitusjonar, og på denne måten auke deltakinga til minoritetsgrupper i lokalsamfunnsprosessar. Religiøse trussamfunn kan fungere som eit kontaktpunkt mellom planleggarar og minoritetsgrupper, då religiøse trussamfunn er noko kjent og nært i frå sendarland og dette verkar tillitsskapande (Healey 2006, Ødegård 2014).

Sidan trussamfunn har ein lågare posisjon i norsk samfunnsliv i forhold til andre land, kan ein ikkje utan vidare bygge på forsking i frå andre land, å overføre konklusjonar i frå andre land når ein skal belyse den sosiale kapitalen i det norske samfunnet. Trussamfunn står mykje meir sentralt i til dømes USA enn i Noreg, der USA er det landet som har produsert mest minoritetsforsking oppimot religiøse trussamfunn.

Dei eksterne forholda i organisasjonen, omhandlar organisasjonen sine kontaktpunkt til omgivnadane. Desse har ein verdi for om trussamfunnet verkar synleg, opent og ansvarleg som igjen har ein verdi for samfunnets tillit til organisasjonen. Dei interne og eksterne forholda i trussamfunnet, har relevans for om organisasjonen har nære tilknytingar til nærmiljøet og på denne måten kan fungere som ein sentral møteplass i lokalmiljøet. For at eit trussamfunn skal fungere som ein integreringsarena, er det ein føresetnad at deltaking i trussamfunnet omhandlar meir enn berre eit religiøst aspekt. Trussamfunnet bør tilby eit sosialt nettverk, gi medlemmane samfunnskunnskap og moglegheiter til sosiale og materielle tenester. Desse sosiale og materielle tenestene kan omfatte kjennskap til lokalkunnskap, informasjon om offentlege tenester, språkleg trening, hjelp til velferdstenester og liknande (Ødegård 2014).

Verdien av eit sosialt nettverk gjennom trussamfunn er viktig, der det handlar om både ei sosial tilknyting men også om tilgang til praktiske eller materielle forhold. Mange oppfattar det som vanskeleg å verte inkludert i det norske samfunnet, og opplever at eit religiøst fellesskap fyller ein viktig sosialfunksjon. Medlemmane sin sosioøkonomiske posisjon har stor verdi for korleis trussamfunnet kan bidra med sosiale eller materielle ressursar. Dersom medlemmane har ein sterk sosioøkonomisk bakgrunn og kopling til arbeidslivet, vil dette ha ein større tydnad for å auke den sosiale kapitalen (Ødegård 2014).

Institusjonell kapasitetsbygging

I omgrepet institusjonell kapasitetsbygging inngår det fire faktorar i følgje Amdam (2005). I desse fire faktorane ligg det ei sterk kjensle av fellesskap, mangfold av frivillige organisasjonar, koalisjonar på tvers av individuelle interesser og ei sterk grad av samhandling mellom sosiale grupper.

Institusjonell kapasitet er bygt opp av eksterne krefter og lokal tradisjon, der kunnskapsutvikling, sosiale nettverk og relasjonar mellom ulike aktørar vert vektlagt. Formålet er å auke samhandling mellom aktørane og endre dynamikken til aktørane. Fokuset i institusjonell kapasitetsbygging er utvikling av kunnskapsressursar, relasjonsbygging og mobiliseringskapasitet. Det er viktig å identifisere kvalitetane i den institusjonelle kapasitetsbygginga og korleis ein kan nytte seg av denne kapasiteten i praksis (Amdam 2005, Healey 2000).

Moderne planleggingsteori omhandlar ikkje berre å bygge byar eller å kontrollere bybyggingsprosessar, men heller om å utvikle stadar der folk ynskjer å busette seg, og der bærekraftige og langsigtige løysingar står i sentrum. I planleggingsteorien er ein interessert i korleis institusjonell kapasitet skapast. Korleis kan offentleg initiativ skape nye kunnskapsressursar, bygge relasjonar og auke mobiliseringskapasiteten i lokalsamfunnet, der desse tiltaka kan ha ei langvarig effekt. Dersom desse prosessane kan ha ei strukturerande effekt, vil dei gjer offentleg sektor meir bevist på stadforankring, å føre meir inkluderande og effektive prosessar i lokalsamfunnet.

I følgje Healey (2000) omhandlar institusjonell kapasitetsbygging korleis ein gjennom lokale prosessar mellom ulike samfunnsinstitusjonar, kan skape meir initiativ og mobilisere aktørar til å skape bærekraftige lokalsamfunn for framtida. Det å inkludere og integrere nye grupper i samfunnet er viktig. Dersom ein unngår å integrere nye grupper i lokalsamfunnet vil den institusjonelle kapitalen verte svekka (Healey 2000).

Det er sentralt i arbeid retta mot å auke den institusjonelle kapasiteten å legge vekt på dialektikk, altså at ein med auka kunnskap på området endra mening i staden for å prøve å halde på «eige gamle argument». Dersom ein kan sjå på dynamikken i dialektikken, der dei ulike relasjonane og nettverka

endra seg i takt med kvarandre, vil ein oppnå ei felles forståing og på denne måten auke den institusjonelle kapasiteten. Det er viktig å utfordre og endre etablert åtferd i nettverka for å auke læringskapasiteten, frigjere kreativitet, utvikle tillit som igjen skal generere til kollektiv handling. Ein må også kunne utfordre etablerte maktstrukturar for å finne styrker og svakheiter med desse (Healey 2000).

Institusjonell kapasitet og kollektiv handling

Institusjonell kapasitet er ikkje noko nytt konsept, omgrepet har lenge vorte nytta til å framheve individuell kapasitet oppimot entreprenørskap, auke arbeidskapasitet, og betre offentleg administrasjon. Her ser ein på institusjonane som samarbeider om å skape og utvikle samhandling og partnarskap mellom ulike aktørar. Nytenking kring institusjonell kapasitetsbygging legg fokuset på nettverk av relasjonar mellom det offentlege, private aktørar og frivillige organisasjonar. Dersom desse aktørane samhandlar kan ein skape kollektiv handling. Eit lokalsamfunn med stor kollektiv handlingskapasitet aukar mulighetene sine til å påverke omgivnadane, der ein skapar fellesskap og bygger samfunn. Kollektiv handling vil samstundes redusere mulighetene for individuelle handlingar, der hevding av eigeninteresser ikkje produserer fornuftige kollektive handlingar (Amdam 2005, Healey 2000).

Gjennom kollektiv handling gjer aktørane lokalsamfunnet mindre sårbart for sosiale og økonomiske kriser, samstundes som ein kan få eit betre fokus på miljø og langsiktige bærekraftige løysingar. Kollektiv handling dreier seg om korleis bygge fellesskap og samfunn, som er eit av dei mest sentrale spørsmåla i samfunnsstyring og samfunnsplanlegging. Institusjonell kapasitetsbygging skapar kollektiv handling ved samhandling mellom sosiale grupper, der ein i fellesskap nyttar seg av relasjonar og kunnskap til å mobilisere for auka samfunnskapasitet (Healey 2000).

For å få til gode samhandlingsprosessar er det viktig med institusjonell fleksibilitet (organisasjonane si evne til endring), innovasjon, tillit mellom aktørane og inkluderande løysingar. Kriterier for ein suksessfull institusjonell kapasitetsbyggingsprosess:

- Tilgang til brei kunnskap på området.

- Kollaborative/Kommunikative prosessar
- Involvere røyvde partar
- Kontinuerleg endring av idear, når nye kjem til.

Relasjonsressursar, Kunnskapsressursar og Mobiliseringskapasitet

Patsy Healey (2000) deler institusjonell kapasitetsomgrepet inn i tre element, relasjonsressursar, kunnskapsressursar og mobiliseringskapasitet. Dei to første fører til det siste. Gjennom å analysere desse tre elementa kan ein gjere eit forsøk på å operasjonalisere institusjonell kapasitet. Med relasjonsressursar meiner ein samarbeid mellom aktørar i form av partnarskap, nettverk og prosessar som kan vere nyttige for den institusjonelle kapasitetsbygginga. Kunnskapsressursar er tilgang til kompetanse og kunnskap der ein tenker innovativt, reflekterer over vala sine og i ettertid kan lære av prosessen. Ved å bygge viktige relasjonar, auke kompetansen og kunnskapen på det aktuelle område, å vidare mobilisere dette, vil den institusjonelle kapasiteten auke.

Ein sentral del av institusjonell kapasitetsbygging er legitimitet. Institusjonar er sett saman av regulative, normative og kognitive grunnpilarar, desse grunnpilarane er viktige for å skape legitimitet. I dette ligg det både legitimitet for kva som er gjeldande lov- og regelverk, sosiale og moralske normer og gjeldande kultur (Amdam 2005, Healey 2000).

Operasjonelle utfordringar

Dei operasjonelle utfordringane med institusjonell kapasitetsbygging er i følgje Healey (2000) å identifisere kriteria for kunnskapsressursar, relasjonsressursar og mobiliseringspotensialet innan det aktuelle området. Om det er snakk om institusjonell kapasitetsbygging innan ein region eller eit lokalsamfunn står ein ovanfor dei same utfordringane. I dette ligg det både utfordringar knytt opp i mot økonomiske ressursar, politiske rammer, integrasjon, evna til læring, kollektiv handling, nettverk, maktrelasjonar, ulike samfunnskvalitetar og kapasiteten til å handle med respekt for område og miljøet. Det er vanskeleg å identifisere felles kriterier for desse faktorane som er gjeldande innan fleire aktuelle geografiske område. Amdam (2005) påpeikar at teorien til Healey kjem til kort med omsyn til å forklare kva for vilkår som må vere til stades, for å starte ein sjølvforsterkande prosess med å auke den institusjonelle kapasiteten (Amdam 2005, Amdam 2000, Healey 2000).

Sosial kapital

Omgrepet sosial kapital omhandlar å ha ressursar i ulike sosiale nettverk, som kjem oss til gode når vi treng dei. Sosial kapital er eigenskapar ved sosialt liv, som set deltagarane i stand til å samarbeide for å løyse felles oppgåver. Ved å involvere seg i sosiale nettverk, delta i sosiale aktivitetar, lag og organisasjonar bygger ein opp sosial kapital over tid. Har ein hjelpt og involvert seg i andre sitt liv, er det meir sannsynleg ein vil få hjelp og stønad tilbake. Det er dette som er sosial kapital. Ein kan skilje mellom eigen sosial kapital og grunnkapital. Grunnkapital er den kapitalen ein har ved å vere født inn i eit lokalsamfunn, der familie og kjente er respekterte og har tillit til kvarandre. Vidare må ein igjennom eigeninnsats og sosialaktivitet bygge opp sin eigen sosial kapital (Rønning og Starring 2009).

Omgrepet sosial kapital vart etablert av Lyda Judson Hanifan (1916). Han meinte at samfunnet var ikkje berre avhengig av økonomisk kapital for å kunne fungere, men også av sosial kapital. I følgje Lyda var mennesket hjelpelaust i ein sosial samanheng, dersom det blir overlate til seg sjølv. Kjem individet i kontakt med naboen sin, og naboar med andre naboar, vil dette føre til ein kumulasjon av sosial kapital, med etterverknadar av at levekåra vert betre for heile lokalsamfunnet. I følgje nyare teoriar om sosial kapital som byggjer på grunnpilarane til Lyda, er det som bygger opp den sosiale kapitalen; den gode viljen, tillit, fellesskapet, sympati for andre og samarbeid. Den franske sosiologen Pierre Bourdieu (1992), som var ein av dei første sosiologane til å omtale sosial kapital i nyare tid, definerer sosial kapital som summen av ressursar som tilkjem eit individ eller ei gruppe som resultat av å ha eit vedvarande nettverk. Bourdieu meiner at hensikta med sosial kapital, er å rette merksemrd mot menneskeleg aktivitet som ein verdi for samfunnet. For sosiologen James Coleman (2000) stod det sentralt å kople saman sosial med økonomisk kapital, for å få fram samansmelting av økonomi og kultur, og verdien av dette. Dei nærmast usynlege relasjonane mellom økonomi og kultur, kan ha store synlege samfunnseffektar og vere av stor samfunnsøkonomisk verdi. For Coleman betydde sosial kapital å skape forventningar mellom aktørar, å etablere tillit, fastsette sosiale normer og sanksjoner mot dei som bryt desse normene (Bourdieu, Wacquant 1992, Coleman 2000, Rønning og Starring 2009).

I følgje Coleman (2000) er den sosiale kapitalen produktiv, likt med andre former for kapital. Det har lenge vore forska på korleis sosialorganisering påverkar den økonomiske aktiviteten i samfunnet. Sosial kapital gjer det mogleg å nå visse mål, som det hadde vore vanskeleg å realisere utan den, også økonomiske mål. Ein kan omsette sosial kapital i visse aktivitetar, men ein kan ikkje omsette sosial kapital i alle samanhengar. Coleman meiner med dette at føresetnadane for sosial kapital må vere til stades. Den gode viljen, fellesskapet, sympati for andre og samarbeid. Coleman meiner at sosial kapital bør vere med i økonomiske regnestykke og økonomiske modellar. For å auke effektivitet og verdiskaping i økonomien, bør ein ha tilstrekkelege velfungerande sosiale nettverk og tillit mellom aktørane. Dersom ein over tid bygger opp sosial kapital, vil dette sikre stabilitet i næringsaktiviteten i det aktuelle området. Overlappande deltaking i organisasjonar og sosiale aktivitetar vil auke den sosiale kapitalen, og dermed den kollektive problemløysingskapasiteten (Coleman 2000, Rønning og Starring 2009).

Bø og Schiefloe (2007) meiner at uformelle nettverk og sosiale relasjonar er svært viktige for å handtere mange av livets utfordringar. Vi kan tilegne oss materiellegoder, tenester, rettleiing og nyttig informasjon som hjelper oss å verte betre samfunnsborgarar. Relasjonane kan ha ulik styrke, der relasjonane og viljestyrken til å yte meir er sterkare til nærmaste familie enn til andre aktørar du har mindre kontakt med. Ressursane i sosiale nettverk er viktige i integreringsprosessar til samfunnsliv. Vellykka integrering handlar i stor grad om å ha ressursrike sosiale omgivnadar. Sosial kapital er ein ressurs som er forankra i sosiale strukturar og gjer det enklare for enkelt individ, grupper og organisasjonar å utøve målretta handlingar. Sjølv om sosial kapital er av ein annan karakter enn økonomisk, human og kulturell kapital, har den det til felles at den kan gi avkastning. I dette ligg det at med sosial kapital tilgjengelig, kan ein oppnå ei betre tilpassing og integrering, der ein kan oppnå mål som elles hadde vore vanskeleg eller umulig å oppnå (Bø og Schiefloe 2007).

Korleis arbeidsinnvandrarar kan skape sosial kapital

I følgje Kuusela (2009) sine studie på finske arbeidsinnvandrarar i Sverige, er tilknyting til ein organisasjon og eit fellesskap dei viktigaste faktorane for ein vellykka integreringsprosess i det nye landet. Engasjement i innvandrarorganisasjonar gjer integreringsprosessen og tilpassing til det nye samfunnet enklare. Deltaking i organisasjonar gir menneska eit sosialt støtteapparat, ei meiningsfylt fritid, støtte til eigen kultur og identitet. Desse relasjonane hjelper arbeidsinnvandrarane med å finne bustad, arbeid, delta i ulike fritidsaktivitetar og forståing for kulturen i det nye landet. I slike interesseorganisasjonar skapast sosial kapital. I følgje Ødegård (2014) finn innvandrarorganisasjonar seg i spenningsfeltet mellom integrerande eller segregerande fellesskap. Interesseorganisasjonar anten det er idrettslag, kyrkjelydar eller ulike kulturelle lag, har slike arenaer potensiale til å bygge nettverk (Ødegård 2014, Kuusela 2009).

Til meir engasjement kvar enkelt har i ulike fritidsaktivitetar, til meir sosial kapital skapast det i samfunnet. Ser ein dette utanfrå, kan ein tenke seg ved at arbeidsinnvandrarane engasjerer seg sterkt i interesseorganisasjonar med andre likesinna innvandrarar, vil dei på denne måten isolere seg i frå samfunnet elles. Fleire undersøkingar viser at dette ikkje er tilfelle. Ved auka aktivitet i ulike innvandrarorganisasjonar, auka også sjansane for ein vellykka integreringsprosess. Ein kan forklare dette utifrå sentrale omgrep i sosialkapitalteorien, bonding og bridging. Bonding fungerer samanbindande og forsterkar identiteten til innvandrarane, medan bridging fungerer brubyggande, der ein bygg relasjonar mellom menneske på tvers av ulike sosiale grenser. Det er særleg desse omgrepene bonding og bridging som gjer sosial kapital omgrepene egna til å belyse sivilsamfunnet som integrasjonsarena. Eit samanbindande nettverk vil kople saman individ som har den same etniske eller religiøse tilhørsla, medan brubyggande nettverk bidreg til å kople enkeltindivid saman på tvers av skilnadar. Brubyggande nettverk hjelper innvandrarane å skape kontaktar ut i sivilsamfunnet mot andre sosiale grupper, det offentlege og formelle nettverk. I ein integreringsprosess er både samanbindande og brubyggande nettverk avgjerande for ein vellykka prosess, der tillit og relasjonsbygging oppstår (Ødegård 2014, Kuusela 2009).

I interesseorganisasjonar møter innvandrarane andre innvandrarar som har vore i landet i lengre tid, er integrerte på fleire område i samfunnet og sit på verdifull kunnskap. I interesseorganisasjonane vert verdifull kunnskap vidareformidla og utveksla. Ein skapar nye relasjonar mellom menneske på tvers

av ulike sosiale grenser. Interesseorganisasjonar skapar trivsel, ein stiftar vennskap og etablerer sosiale nettverk, som aukar den sosiale kapitalen i samfunnet. I følgje Kuusela (2009) sine undersøkingar hindrar ikkje deltaking i innvandrarorganisasjonar arbeidsinnvandrarane i å delta i andre interesseorganisasjonar i det nye landet. Tvert imot har det ofte vore vegen dit. Ved at arbeidsinnvandrarane utviklar samhørsle og utviklar ein felles sosial kapital, aukar dette mobiliseringa, demokratiet og deltaking til samfunnet elles. Dersom politiske føringer støttar oppunder bridging og ikkje bonding mellom arbeidsinnvandrarane, vil dette føre til ein assimileringspolitikk i staden for ein integreringspolitikk (Kuusela 2009).

Styrke og svakheiter med sosial kapital

Styrken ved sosial kapital omgrep er i følgje Svendsen og Svendsen (2006) at omgrepet har stor samfunnsrelevans, samtidig som omgrepet opna opp for eit tverrfagleg samarbeid mellom ulike faggrupper. Sosial kapital er eit av den mest suksessfulle eksportartikkelen mellom sosiologar og andre stats- og sosialvitarar dei siste 20 åra. Omgrepet er eit forsøk på å reintegrere økonomi og kultur i eit felles omgrep som både fanga økonomisk avkastning for samfunnet, i tillegg til auka sosial forankring. Svendsen og Svendsen ser på sosial kapital som «den gløymde kapital», og at ein i målet om å finne nye rasjonaliseringsgevinstar i samfunnet, har mangla sosial kapital i sine sosioøkonomiske regnestykke. Med sosial kapital som omgrep, får ein definert desse manglane. (Svendsen og Svendsen 2006)

Kritikken mot sosialkapitalomgrepet har mellom anna vore at omgrepet manglar presisjon. Fleire omtala omgrepet med den gode viljen, tillit, fellesskapet, sympati for andre og samarbeid. Utfordringa i dette tilfellet er at det vert opp til kvar enkelt å definere kva ein legg i omgrepet, noko som klart er kritikkverdig. Ein annan kritikk mot omgrepet har vore utfordringar med å måle og operasjonalisere omgrepet. Korleis kan ein til dømes måle samarbeid? Eller måle sympati for andre? Sosial kapital er eigentleg ein kumulasjon av tidlegare «sosiale investeringar», det er såleis vanskeleg å kunne operasjonalisere desse opphopingane av sosial aktivitet. Ein kan samstundes sjå at det er vanskeleg å påvise ein klar årsakssamanheng. Sidan mennesket og sosiale handlingar er uføreseieleg, er der heller ikkje alltid ein klar samanheng mellom årsak og handling. Kausalitet er generelt vanskeleg å påvise i analyser av sosiale nettverk, der sosial kapital ikkje er noko unntak. På den andre

sida påpeikar Max Weber at ein i all forsking innan sosiologifag, kan vurdere analysen av det innsamla datamaterialet som eit mål i seg sjølv. Ei årsaksanalyse gir absolutt ikkje noko vitskapleg forankring, og vitskapleg forankring er absolutt ikkje ei årsaksforklaring (Svendsen og Svendsen 2006, Ralph Schroeder 1992, Coleman 2000).

I teorikapittelet har eg framstilt dei teoretiske perspektiva kollaborativ planlegging, institusjonell kapasitetsbygging og sosial kapital. Desse perspektiva skal legge grunnlag for problemstillinga og vidare drøfting av empirien. Den kollaborative planleggingsteorien som metode prøvar å skape dialog og relasjonar mellom ulike samfunnsaktørar og interesserantar. Formålet er å oppnå ei felles forståing for situasjonen. Dersom aktørane oppnår ei felles forståing for situasjonen, vert operasjonaliseringa av planarbeidet enklare å gjennomføre. For å kunne skape dialog og relasjonar mellom ulike aktørar er ein avhengig av å skape gode arenaer for medverknad. Institusjonell kapasitetsbygging omhandlar å utvikle kunnskapsressursar, relasjonsressursar og mobiliseringskapasitet. Formålet er å auke samarbeid og samhandling mellom det offentlege, frivillige og det private næringslivet. Dersom ein kan auke samarbeidet, skape nye relasjonar og styrke nettverk mellom desse partane, aukar ein samstundes den institusjonelle kapasiteten i lokalsamfunnet. Sosial kapital omgrep er ofte nytta til å belyse integrering og ulike integreringsprosessar. Sosial kapital er eigenskapar ved sosialt liv, som set deltakarane i stand til å samarbeide for å løyse felles oppgåver. Ved å involvere seg i sosiale nettverk, delta i sosiale aktivitetar, lag og organisasjonar bygger ein opp sosial kapital over tid. Omgrepet er eit forsøk på å reintegrere økonomi og kultur i eit felles omgrep som både fanga økonomisk avkastning for samfunnet, i tillegg til auka sosial forankring. Med dei teoretiske perspektiva kollaborativ planlegging, institusjonell kapasitetsbygging og sosial kapital vil eg prøve å belyse i kva grad den katolske kyrkja kan fungere som ein ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarane, og korleis kan kommunane nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid.

Problemstilling

Eg har i arbeidet mitt prøvd å presisere ei problemstilling for studien av katolske arbeidsinnvandrarar på Sunnmøre. Problemstillinga speglar i noko grad rammene for «Ora et labora» prosjektet, samstundes som den speglar mi lidenskaplege interesse for planleggingsfaget. I samråd med rettleiar vart formuleringa slik:

I kva grad fungerer den katolske kyrkja som ein ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar? Og korleis kan kommunane nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid?

I studien av katolske arbeidsinnvandrarar på Sunnmøre har ein vore interessert i om der er noko kontakt mellom den katolske kyrkja, offentlege institusjonar og næringslivet på Sunnmøre. Eit spørsmål er om kommunane eller andre aktørar har gripe tak i denne arenaen som ein kanal inn mot denne gruppa. Den sterke posisjonen til den katolske kyrkja, ikkje minst oppimot polakkane, gjer den til ein interessant potensiell integreringsarena. Kommunane har jamt over kome kort i arbeidet med å legge til rette for at arbeidsinnvandrarane på best mogleg måte, skal bli integrert i lokalsamfunna. Polske interesser er generelt därleg organisert, jamfør med mange andre innvandrargrupper. Eit spørsmål er om den katolske kyrkja er ein arena som ulike samfunnsinstitusjonar nytta som kontaktpunkt for å nå ut til arbeidsinnvandrarane i plan og utviklingsarbeid, eller om tilfelle er at dette er ei kontaktflate som korkje har vorte vurdert eller vert nytta. I verste fall kan ein risikere at dette er spørsmål som informantane ikkje har reflektert noko særleg rundt. Når det er sagt, viser det seg at ein del av kommunane er på leit etter måtar å legge til rette for at denne gruppa blir verande i lokalsamfunna. Dette opnar opp for ei potensiell interesse mellom kommuneorganisasjonane for å finne ein medverknadsarena og ei kontaktflate oppimot denne gruppa.

For å sjå nærmare på dette temaet har eg framstilt fleire forskingsspørsmål, som skal gjere det enklare å trekke slutningar oppimot problemstillinga. Forskingsspørsmåla er utforma med tanke på å kunne gjere det enklare å belyse problemstillinga, der eg har nytta problemstillinga som rettesnor inn mot forskingsspørsmåla. Eg har i arbeidet mitt utforma svært mange forskingsspørsmål, nedanfor har eg presentert dei som er mest gjeldande.

Forskingsspørsmål

- Finst der noko samarbeid mellom ulike samfunnsinstitusjonar og den katolske kyrkja?
- Kva arbeid vert utført for å prøve å integrere arbeidsinnvandrarar i Herøy og Ulstein?
- Har kommunane noko forhold til temaet i planarbeid, utvikling- og integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar?
- I kva grad ser ulike samfunnsinstitusjonar i kommunane Herøy og Ulstein på den katolske kyrkja som ein ressurs i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar?
- Kva behov er det for ein slik integreringsarena som den katolske kyrkja kan fungere som?
- Vert den katolske kyrkja likestilt med andre frivillige organisasjonar i planarbeid?
- Kva potensiale finst i den katolske kyrkja som integreringsarena?
- Korleis stille Ulstein og Herøy kommune seg til arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid?
- Korleis stille den katolske kyrkja seg til å vere ein integreringsarena for arbeidsinnvandrarane?
- I kva grad har næringslivet på Søre Sunnmøre hatt kontakt med den katolske kyrkja i samband med arbeidsinnvandrarar?
- Kva prega situasjonen i regionen i forhold til katolsk innvandring?
- Kva rolle har den katolske kyrkja?
- Kan den katolske kyrkja fungere som bindeledd mellom det offentlege og næringslivet?
- Kan den katolske kyrkja vere eit kontaktpunkt for det offentlege og næringslivet oppimot arbeidsinnvandrarane?

Forskningsmetode

I dette kapittelet vil eg framstille forskningsmetoden eg har nytta meg av i datainnsamlinga for studien min. Eg har i hovudsak nytta meg av ei kvalitativ metodetilnærming, forskningsmetode kapittelet vert derfor i hovudsak prega av ei kvalitativmetode framstilling. I tillegg til kvalitative intervju har eg nytta meg av sekundærdata i frå ein kvantitativstudie utført av Møreforskning (2013) i 85 kommunar på Vestlandet, knytt oppimot temaet arbeidsinnvandring og integrering. Eg har i denne undersøkinga fått tilgang på rådata, noko som har gjort det enklare å gjere empirimaterialet meir til mitt eige.

Metode vert i mange samanhengar framstilt som framgangsmåten for å løyse eit problem og kome fram til ny kunnskap. Når ein vel metode bør ein tenke over kva metode ein vel som kan hjelpe ein til å samle inn data som belyse den aktuelle problemstillinga på ein tilfredstillande måte. Ved val av forskningsopplegg vart eg inspirert av dei 12 punkta til Martyn Denscombe. Martyn Denscombe er inspirerande i si framstilling, noko som gjor det enkelt å verte påverka. Denscombe sine 12 fasar for eit forskningsopplegg er framstilt med: formål, relevans, oppnålighet, etikk, objektivitet, design, forforståing, nøyaktigheit, skildre metodikken, generalisering, originalitet og utkome av forskningsarbeidet. I mange av dei metodiske vala mine har eg brukt Katrine Fangen si bok «*Deltakande observasjon*» som forankring. I sjølve intervjustudien nytta eg meg i hovudsak av Kvale og Brinkmann sine sju fasar. (1 val av tema, 2 design, 3 sjølve intervjuet, 4 transkribere intervjuet, 5 analyse, 6 verifikasjon og 7 utarbeiding av rapport/masteroppgåve) (Denscombe 2010, Kvale og Brinkmann 2012).

Føremål

I følgje Denscombe kan ei undersøking reknast som samfunnsforskning dersom undersøkinga har klart uttrykte mål, forskingsspørsmål, er relatert til eksisterande akademisk kunnskap, har ei relevant samfunnsinteresse og er gjennomført innanfor visse tids- og ressursrammer. Martyn Denscombe tek føre seg 12 punkt, der han hevdar at ved å følgje desse punkta er ein komen langt på veg i eit godt forskningsopplegg. Han understrekar at det ikkje er noko som ein kan kalle for eit «perfekt forskningsopplegg». Masteroppgåva mi er ein del av eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen i Volda og Møreforskning. Formålet med prosjektet «Ora et labora» er å oppnå meir kunnskap på området arbeidsinnvandring, integrering, og gjere eit bidrag til eit meir samansett bilet av religionens rolle for integrering i det norske samfunnet. Når eg vurderte formålet med

forskningsarbeidet mitt, var det naturleg å ha det same fokuset som forskningsprosjektet eg var ein del av. I tillegg til dette vart mi oppgåve å sjå på samfunnsnytten av denne tilnærminga ut mot studiekommunane, men også korleis ein kan drage nytte av dette i samfunnsplanlegging (Denscombe 2010).

Relevans

Kor relevant og oppnåeleg ein forskningsstudie er, er nok opp til kvart enkelt auge som ser. Om denne studien vil ha nokon samfunnsnytte, vil ein ikkje få vite før i etterkant. Studien vil truleg gi meir kunnskap og informasjon på området, korleis ein kan gripe tak i utfordringar med å integrere å nå tak i arbeidsinnvandrarar, og korleis ein kan involvere denne gruppa i plan- og utviklingsarbeid i kommunane. Forhåpentlegvis vil studien gi eit meir samansett bilet av religionens rolle for integrering i norsk samfunnsliv. Studien vil truleg gi meir kunnskap på området. Denne studien starta opp hausten 2014. Eit lite døme på at studien kanskje allereie har gitt auka kunnskap på området, er at den katolske kyrkja fekk i vår (2015) informasjonsskriv til medlemmane sine i frå skatteetaten om kurs i skattereglar på polsk og litauisk. Dette er noko dei ikkje har fått tidlegare, dette kan tyde på at det offentlege har begynt å sjå kontaktflata til den katolske kyrkja (Denscombe 2010).

Forkunnskap

Før ein tek til på eit nytt forskningsprosjekt, er det nyttig å ha ein viss forkunnskap for feltet ein skal studere. Det er nyttig å tilegne seg kunnskap på området, korleis miljøet ein skal studere fungerer, relevant litteratur, tidlegare forsking om nærliggande tema, ulik statestikk og tidlegare lokalstudiar av området. Fordelen med å lese seg opp på tidlegare forsking på området, kan vere at du unngår å gjøre nøyaktig det same som nokon har gjort før deg. For min del var det nødvendig å få ei oversikt før eg byrja på datainnsamlinga, då eg hadde lite kunnskap om emnet katolsk innvandring på Sunnmøre i frå før av. Eg har min fagbakgrunn i frå samfunnsplanlegging og eg merka i starten at dette emnet var nokså fjernt. Eg trur også det religiøse og «den katolske kyrkja» gjorde det heile litt skremmande. Når eg fekk lest meg meir opp på området, både faglitteratur og tidlegare forsking, så såg eg raskt at dette temaet var absolutt noko ein kunne drage inn i samfunnsplanleggingsteorien. Det var enkelt å sjå parallellear og måtar ein kunne tilnærme seg temaet på (Katrine Fangen 2004).

Idealet er å gå inn i feltet med eit opent sinn, men samtidig med kunnskap nok til å nærme seg feltet på ein hensiktsmessig måte. Det å vere oppdatert når du går ut i feltet er viktig, men også er dette

iktig for vidare arbeid med analyse og rapportskriving. Med gode forkunnskapar på området, vert det også lettare å stille gode spørsmål og utarbeide intervjuguiden for forskingsintervjuet. Ulempa med å opparbeide seg for stor forkunnskap på området, kan vere at ein går inn i feltet med ulike haldningar og førestillingar, som er låst fast i tidlegare studiar på området. Dersom ein ikkje tilnærma seg feltet med eit opent og undrande sinn, vil ein kanskje ikkje få det rette biletet av situasjonen. Eg opplevde det som nyttig å ha gode forkunnskapar når eg utforma intervjuguiden. Både gjor dette det enklare å vite korleis ein skulle bygge opp spørsmåla, men også kva informasjon som kunne vere interessant å samle inn til eit vidare forskingsarbeid (Katrine Fangen 2004).

Katrine Fangen (2004) meiner det kan vere nyttig å skrive ned på førehand kva ein trur ein vil finne i feltet, da kan ein samanlikne etter kvart det du har funne med det du trudde du kom til å finne. Nettopp i dette spenningsfeltet mellom forventning og funn ligg det interessante data for seinare analysearbeid. Eg hadde gjort meg nokre tankar på førehand over kva eg trudde røyvde seg ute i feltet, fleire av desse tankane viste seg å vere reelle. På den andre sida kan det også vere godt å få konstatert ein situasjon, sjølv om du hadde sett føre deg situasjonen på førehand.

Etikk

Etikk er ei viktig tilnærming til ein forskingsstudie. Etikk omhandlar korleis ein kan tilegne seg ny vitskapleg kunnskap på eit område, samstundes som ein unngår å gjere skade, såre nokon og der ein opptrer autonom og rettferdig ovanfor forskingsobjekta. Katrine Fangen (2004) vel å tilnærme seg forskingsetiske spørsmål inndelt i fire grupper: 1) Krav til forskingsopplegg og etiske omsyn i forskarsamfunnet. 2) Omsyn til individ og institusjonar som utforskast. 3) Omsyn til oppdragsgjevar og brukarar og 4) Omsyn til det allmenne publikum. Når ein utfører vitskapleg arbeid og studiar er dette viktige punkt ein bør ta omsyn til under heile forskingsprosessen. Nokre spørsmål det kan vere lurt å stille seg er; Korleis ivareta konfidensialitet, kva mulige konsekvensar vil studien få for deltakarane, korleis kan forskarrolla påverke studien, og korleis kan ein nedtone dei som framhevar seg sjølv på ein negativ måte utan å myste viktig informasjon til studien. Det er mange slike etiske dilemma ein står ovanfor i forskarrolla, og studien bør vere etisk forankra med respekt for personane og institusjonane som er involverte. I min studie har eg sjølvsagt teke i betraktning etiske vurderingar. Eg har ikkje i oppgåva mi måtte ta stilling til sensitiv data og personopplysningar, då eg har intervjuat informantar i ulike stillingar i ulike samfunnsinstitusjonar. Eg har ikkje nemnt nokon med namn eller

alder, og eg har prøvd å brukt overordna titlar til den stillinga dei har. Sjølvsagt så er det små forhold i små lokalsamfunn, og dersom ein verkeleg ynskjer å finne ut kven vedkomande er som har svart i studien, så er ikkje dette til å unngå. Eg har også tenkt mykje på korleis eg skal framstille svara til informantane, slik dei ikkje vert framstilt på ein negativ måte. Eg følte dette kunne vere litt vanskeleg til tider, då mange av dei «negative framstillingane» kunne vere viktige for arbeidet i studien (Katrine Fangen 2004).

Forskinsdesign

Det 6 punktet til Denscombe er forskingsdesign. Eit forskingsdesign for ein masteroppgåve, er ein overordna plan for korleis ein har tenkt å løyse oppgåva. Eit forskingsdesign inneheld val av tema, utforming av problemstilling, utveljing av einingar og variablar, innsamling av data, behandling av data, analyse av data, konklusjon, tolking av resultat og utarbeiding av sjølve oppgåva. For min del var val av tema ganske ukomplisert då eg vart med på eit etablert forskingsprosjekt som var i start fasen. Naturleg nok måtte eg halde meg innanfor temaet til prosjektet, som er katolske arbeidsinnvandrarar på Sunnmøre (Denscombe 2010).

Ei problemstilling er den viktigaste premissleverandøren for kva slags informasjon som skal inngå i studien. I utforming av problemstilling gjor eg dette i samråd med rettleiar, då han også er ein del av «Ora et labora» prosjektet fekk eg veldig mange nyttige innspel. Problemstillinga vart utforma i tråd med prosjektet si problemstilling, dette gjorde prosessen enklare. Problemstillinga mi vart; I kva grad fungerer den katolske kyrkja som ein ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar? Og korleis kan kommunane nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid?

Val av metode

I prosessen med val av metode til dette arbeidet, blei det ei avveging mellom kva metode som kunne belyse problemstillinga mi på ein god måte, samstundes vere praktisk gjennomførleg. Sidan det er gjort lite forsking tidlegare på dette temaet i rurale områder, ynskte eg å belyse problemstillinga mi med ei eksplorativ tilnærming. Eg vil igjennom studien min prøve å finne ut kva som er der ute, kva kontaktpunkt som finst mellom ulike samfunnsinstitusjonar og den katolske kyrkja, vert det utført noko integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar? Er der eit behov for ein integreringsarena, eller ein medverknadsarena i planarbeid? Kva haldningar har planleggarar til arbeidsinnvandring som eige tema i kommuneplanar i det aktuelle studieområdet?

I utgangspunktet tenkte eg dette skulle vere eit konstaterande forskingsopplegg, der eg var meir oppteken av korleis og kvifor noko er, var eller kjem til å bli. Eg ser i ettertid at forskingsopplegget har fått ei meir konstruktiv retning. Der ein som «forskar» ikkje berre prøvar å forklare og forstå situasjonen men også å sjå på det som kan og bør skapast.

Prosjektet som oppgåva mi er ein del av er eit kasusstudie av den katolske kyrkja i Ålesund. I eit kasus-studie er ein oppteken av prosessar og tilfelle som ein oppfattar som unike eller har typiske forhold. Ein nyttar seg ofte av kasusstudiar når ein skal studere avgrensa problemstillingar, gjerne i ein lokal samanheng. Kasusstudiar kjenneteiknar at forskaren har liten kontroll over feltet, ein studerer ofte få forskingseininger og ein er sjeldan ute etter å generalisere forskinga si. Kasusstudiar er oftare induktive enn deduktive, der ein tek utgangspunkt i det konkrete, å dreg slutningar til meir allmenne forhold. Kasusstudie av Vår Frue Kyrkjelyd i Ålesund er eit instrumentelt kasusstudie. I eit instrumentelt kasusstudie er ein meir oppteken av å undersøke eit bestemt kasus for å få innsikt i ei problemstilling eller eit fenomen. Kasuset i seg sjølv er ikkje hovudinteressa, men det fremjar innsikta i noko anna. I mitt tilfelle er det ikkje kyrkja eg studerer, men samspelet eller mangel på samspel mellom kyrkja og kommunane. Kommunane og deira forsøk på å finne bindeledd mot arbeidsinnvandrarane er viktigare enn kyrkja i seg sjølv. Vanleg metodebruk i eit instrumentelt kasusstudie er kvalitative intervju eller observasjon, der siktemålet er å skildre forholda og få oversikt framfor å teste ut bestemte hypotesar. I datainnsamlinga har eg valt i hovudsak å nytte meg av kvalitativ metode, samstundes har eg nytta meg av ein kvantitativ studie av vestlandskommunar med temaet arbeidsinnvandring. Dette er datamateriale som eg har fått tilgang til SPSS filene. Då eg ikkje

har vore med å samle inn data sjølv er dette sekundærdata. Eg har ikkje vore med å utforme spørsmål eller hatt moglegheit til å påverke prosessen. Årsaka til at eg valde å nytte meg av denne kvantitative spørjeundersøkinga, var at fleire av spørsmåla knytt oppimot planlegging og integreringsarbeid var aktuelt for mitt studie. Formålet var å få meir bakgrunnsinformasjon på feltet, både på korleis andre kommunar på Vestlandet står til temaet arbeidsinnvandring, men også kva studiekommunane (Herøy og Ulstein) svara i undersøkinga (Larsen 2007, Halvorsen 2003, Stake 2005).

I studien min har eg brukt metodetriangulering der eg nytta meg både av kvantitativ og kvalitativ metode. Fordelen med å bruke fleire metodar, er at dei kan styrke kvarandre. Ved å nytte seg av metodetriangulering kan ein få ei utdyping av materialet i dei kvalitative forskingsintervjuia, samstundes som ein får ei betre nyansering og eit større bilet gjennom å bruke kvantitativ metode. Bakdelen med metodetriangulering kan vere at ein ikkje går tilstrekkeleg i djupna på dei spørsmåla ein stiller, sjølv om det ikkje alltid treng å vere slik. Ei metodetriangulering er også meir tid- og ressurskrevjande, då ein utfører ei meir omfattande datainnsamling enn ved å nytte seg av ei metode. Ein vil også ha behov for eit breiare spekter av kompetanse og kunnskap i metodetriangulering (Larsen 2007).

Kvalitativ og kvantitativ tilnærming

I samfunnsvitskapen har det lenge vore tradisjon for kvantitativ og kvalitativ metode. Kvalitativ og kvantitativ metode refererer til ein eigenskap ved datamaterialet som er samla inn, der ein grovt sett kan kategorisere data som ein samla inn i frå ei kvantitativ undersøking i tal eller mengdeterminar, medan datamateriale i frå ei kvalitativ undersøking er tekst. I praksis vil mange kvalitative forskingsopplegg ha innslag av kvantitative element, og omvendt. Kvalitative og kvantitative tilnærmingar står prinsipielt ikkje i eit konkurrerande, men i eit komplimenterande forhold til kvarandre. Sjeldan kan den eine av dei to tilnærmingane erstatte den andre (Grønmo 1996 i Holter og Kalleberg, Olav Dalland 2012).

Sentrale trekk ved ei kvantitativ tilnærming er at ei kvantitativ datainnsamling har ei strukturert intervjuform, ofte er spørjeskjema den vanligaste intervjuforma. Spørjeskjemaet som intervjuform føresett sosial avstand mellom forskar og informant, der spørsmåla i spørjeskjemaet betyr det same

for alle respondentane. Med ei kvantitativ datainnsamling bør ein utsette alle respondentane for den same stimulansen, for å sikre at ein får informasjon utifrå det same utgangspunktet. Dersom ein skulle gi informantane ulik informasjon, ville dette få følgjer for resultatet. På den andre sida kunne ein bevist gi informantane ulik informasjon i ei eksperimentell kvantitativ tilnærming. Ein av fordelane med ei kvantitativ datainnsamling er at ein unngår intervjueffekt. Forskaren har i liten grad høve til å påverke respondentane gjennom veremåte og metodeval underveis i prosessen. Bakdelen med metoden er at informanten kan svare på spørjeskjemaet utifrå dagsform, tid og interesse og dette kan påverke svaret. Igjennom bruk av kvantitativ metode får ein tilgang til eit breiare spekter av informasjon i frå fleire informantar, enn i eit kvalitativt intervju. Dersom ein er ute etter å få informasjon om få talfesta opplysningar i ei større mengdeterm, er kvantitativ metode svært nyttig (Holter og Kalleberg 1996, Olav Dalland 2012).

Utifrå ein kvantitativorientert tradisjon ser ein på spørjeskjema og eksperiment som ei metode for innsamling av data. Sett ut i frå eit kvalitativt metodeperspektiv ser ein heller på sjølve innsamlingsprosessen som viktig, der forskaren produserer og skaper data framfor å samle det inn. Eit forskingstema er ikkje belyst ved at ein får tilgang til interne observasjonar, innsamladata skapast gjennom ein fortolkande prosess. I dette ligg det at analyse og datainnsamling føregjeng parallelt. I kvalitativ metode er forskingsopplegget fleksibelt. Ein bestemmer seg ikkje på førehand for ein bestemt datainnsamlingsmetode. Analyse og tolking av data vert integrert i datainnsamlinga i ein overlappende prosess. Igjennom intervju og observasjon av studieobjekt, tolkar forskaren handling og samhandling i objektet sine naturlege omgivnadar. Fordelen med kvalitativ metode er at forskaren kan gå djupare inn i fenomen, sjå betre heilskapen og ha mulighet til å spørje oppfølgingsspørsmål. Samtidig har ein mulighet til å rydde opp i missforståingar og få meir utfyllande informasjon der ein ser behov for dette underveis i prosessen. I kvalitative undersøkingar er det enklare å sikre validitet, då ein i eit intervju har muligheta til å stille oppfølgingsspørsmål og gå nærmare inn på fenomen ein ser underveis i intervjuet kan vere interessant. Muligheta til å observere informantane underveis, kan også gjere det enklare å tolke svara. Den største ulempa ved kvalitativ metode er intervjueffekt. I dette ligg det at dei som utfører intervjuet eller sjølve intervjuemetoden kan påverke resultatet. Dersom informanten svara det han/ho trur intervjuar ynskjer at ein svara, vert informasjonen ein har samla inn verdilaus (Larsen 2007, Halvorsen 2003).

I den kvalitativt orienterte forskingstradisjonen er omgrep og kategoriar sentrale analytiske reiskap. Ved at forskaren omgrevsfestar, kategoriserer situasjonen og delar situasjonen inn i mindre delar, kan ein gjere hendinga forståeleg. Ved å gjere hendinga forståeleg, konstruerer samfunnsvitskapen bestemte bilde av verkelegheita. Fallgruva med dette er at dei omgropa og kategoriane forskaren utviklar og vel å nytte seg av i sine analyser, framheva nokon trekk ved det observerte samfunnet men overser andre. Dersom ein gjentekne gangar set samfunnsaktivitet i dei same kategoriane i analysane sine, sjølv om dette verkar ryddig og ordentleg, vil ein få mindre reliabilitet i forskinga. På den andre sida kan ein sjå at skiftande faglege moteretningar innan samfunnsforskinga, styrer val av perspektiv, fokus og omgrevsbruk. Dermed må ein vere førevar i datainnsamlinga om verkelegheita alltid reflekterer faktiske endringar i feltet, eller om det er bruken av omgrep og kategoriar som er endra (Aase og Fossåskaret 2007).

Formålet med kvalitative intervju som metode er å få oversikt. Årsaka til at eg valde kvalitative intervju som metode i datainnsamlinga var å prøve å få fram respondentane sine meiningsrammer, haldningar til tema, kva dei tenker rundt dette og kva potensiale dei ser. Eit intervju er ein samtale som har ein viss struktur og ei viss hensikt. Det er derfor viktig at forskaren tek på seg ei rolle med ei tilnærming der ein spør forsiktig og lyttar til det informanten formidlar. Forskaren må styre intervjuet slik ein får informasjon om det ein ynskjer å vite, men må passe seg for å styre kva informanten skal svare. Dette var noko eg tenkte mykje på, då eg følte eg tok opp eit ukjent tema for mange av informantane. Dei synst temaet var spennande men hadde liten kunnskap på området. Eg var veldig usikker på kor mykje og kva informasjon eg kunne gi for å ikkje påverke svara eg fekk. Skulle eg fungere som ein misjonær? Eller ville dette påverke svara eg fekk? Behovet for ein misjonær var absolutt til stades. Sjølv om ynskje låg sterkt hjå meg å opptre som ein misjonær, gjorde eg det ikkje då eg følte dette ville påverke svara mine. Samstundes måtte eg innimellom rydde opp i missforståingar knytt til temaet og spørsmåla (Holter og Kalleberg 1996).

Ei kvalitativ tilnærming til problemstillinga

Utval av informantar

I arbeidet med utveljing av einingar og variablar var det viktig å sjå på kva informasjon eg trengte for å oppnå kunnskap på området. Val av informantar kom naturleg ettersom tilnærminga til feltet utvikla seg. Eg gjennomførte først ei kartleggingsrunde over dei to studiekommunane, der eg såg på mulige informantar, miljø, tidlegare prosjekt oppimot temaet og noverande prosjekt. Deretter måtte eg gjere eit selektivt utval over dei einingane eg ville studere. Sidan ein viktig del av problemstillinga mi omhandla planlegging og medverknad, falt det naturleg å kontakte dei to planavdelingane i studiekommunane. Leiaren og medlemmar av Bulystprosjektet falt også naturleg som informantar, då det felles Bulystprosjektet mellom dei to studiekommunane var eit argument for val av kommunar. I intervju med desse informantane, fekk eg nye ledetrådar for kven som kunne vere interessante å studere. Mellom anna frivilligsentralane, kyrkje sokn, verksemde og tidlegare prosjektleiarar for liknande prosjekt. Då ein del av problemstillinga mi var å sjå på ulike samfunnsinstitusjonar oppimot kontakt med den katolske kyrkja, var det også naturleg å ha kontakt med den katolske kyrkja. I den perioden eg har skreve masteroppgåve, har dei andre deltakarane i prosjektet «Ora et labora» gjennomført ei systematisk datainnsamling i den katolske kyrkja. Dette har gitt meg moglegheita til å vere deltakar på fleire intervju, og eg har også fått tilgang på datamateriale i frå andre intervju som var relevant for min studie. Eg har framstilt informantane i ei matrise under, for å gi betre oversikt. Eg hadde ei eksplorativ tilnærming til problemstillinga, men også til prosessen med å finne informantar. Eg såg på det som viktig å næste opp dei trådane eg fekk, samtidig at eg fann informantar som kunne sikre validitet på det datamaterialet eg samla inn (Denscombe 2010).

Matrise over informantar

Informantar/Intervjuobjekt	Overordna spørsmål	Data
Planavdelinga i Herøy	Forhold til tema i plan og utviklingsarbeid, samarbeid, arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid, potensiale i den katolske kyrkja i forhold til planarbeid.	Primærdata
Planavdelinga i Ulsteinvik	Forhold til tema i plan og utviklingsarbeid, samarbeid, arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid, potensiale i den katolske kyrkja i forhold til planarbeid.	Primærdata
Bulystkoordinator/Bulystprosjektet	Kjennskap til tema, status, situasjonen i kommunane i forhold til arbeidsinnvandring, samarbeid med katolske kyrkja i integreringsspørsmål, potensiale, utfordringar.	Primærdata
Frivillighetssentral Herøy og Ulstein	Arrangement for arbeidsinnvandrarar, samarbeid med den katolske kyrkja.	Primærdata
Innanlandskoordinator Caritas Norge (Katolsk hjelpeorg)	Status, behov, potensiale, utfordringar, samarbeid.	Sekundærdata
Frivillige i den katolske kyrkja Ålesund	Status, behov, potensiale, utfordringar, muligheter, samarbeid.	Sekundærdata
Dei katolske prestane	Status, behov, potensiale, utfordringar, muligheter, samarbeid.	Primærdata
Tidlegare leiar personalomsorg	Prosjektet, samarbeid, potensiale, utfordringar, muligheter.	Primærdata
Kyrkja i Herøy. Kyrkja i Ulsteinvik, Frikyrkja Herøy	Samarbeid med den katolske kyrkja?, potensiale	Primærdata
Kulturkonsulent Ulstein	Forhold til tema, potensiale, utfordringar, muligheter.	Primærdata
Marine Harvest	Referat i frå foredrag om arbeidsinnvandring i verksemda, potensiale, behov, utfordringar.	Sekundærdata

Utforming av intervjuguide

Utforming av intervjuguiden vart gjort i samråd med rettleiar, vi hadde ei idéutveksling på kva informasjon vi var ute etter og kva spørsmål eg måtte stille for å få svart på problemstillinga. Sidan det var vanskeleg å vite på førehand kva informasjon som låg tilgjengeleg kring dette temaet, bestemte eg meg for å ha få opne spørsmål der eg heller spurde oppfølgingsspørsmål ved behov. Eg varierte intervjuguiden utifrå kva rolle informantane hadde, intervjuguiden til planavdelingane var tilpassa denne gruppa osv. Men kjernen i kva informasjon eg var ute etter var lik. I intervjeta med prestane fekk eg legge til eigne spørsmål, men intervjuguiden her var utforma av andre på prosjektet. Likevel fekk eg mykje nyttig informasjon ut av dette som kunne belyse problemstillinga mi. Slik såg intervjuguiden ut:

Tema: Den katolske kyrkja som ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar.
Og korleis kan kommunane nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid?

- 1 Har de noko forhold til dette temaet i planarbeid, utvikling- og integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar?
- 2 Har de noko samarbeid med den katolske kyrkja i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar? Ser de noko potensiale på dette området?
- 3 Har de arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid? Kva tenkjer de rundt det?
- 4 Korleis de ser på at frivillig sektor vert involvert i planarbeid?
- 5 Ser de noko potensiale i den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid knytt oppimot arbeidsinnvandring? Kva tenkjer de rundt det?
- 6 Kven trur de kan vere viktige informantar på dette området i din kommune?

Under sjølve intervjuet tok eg utgangspunkt i intervjuguiden, men eg prøvde samstundes å fange opp dei ledetrådane som var mulig å fange opp, og deretter stille oppfølgingsspørsmål. Metoden eg nyttar meg av var inspirert av Elton Mayos intervjemetode, som er ein metode inspirert av psykoanalytisk terapi. Metoden er mykje brukt i kvalitative intervju, der forskaren har ei reflektert tilnærming til kunnskapen som ein søker. Det kan vere vanskeleg å bestemme seg på førehand for ei bestemt datainnsamlingsmetode og fylgje denne slavisk. Derfor brukte eg Elton Mayos metoden som rettesnor.

Elton Mayos intervjemetode:

- 1 Rett di heile og fulle merksemd mot intervupersonen.
- 2 Lytt- ikkje snakk.
- 3 Argumenter aldri. Gi aldri råd.
- 4 Lytt til: a) Kva han ynskjer å sei, kva han ikkje ynskjer å sei, kva han ikkje kan sei utan hjelp
- 5 Kartlegg det personlege mønsteret til vedkomande, summer opp det som har vorte sagt, og få kommentarar (Er det *det* du fortel meg?)
- 6 Alt som vert sagt skal betraktas som noko som er sagt i fortrulegheit.

Nokre av punkta i denne metoden passa ikkje så godt for min del, som til dømes å kartlegge det personlege mønsteret eller å lytte til kva informanten ikkje sei (Kvale og Brinkmann 2012).

Eg har litt erfaring i frå tidlegare med å intervju, og har gjort meg opp dei erfaringane at det ofte er best å la informanten få snakke medan eg som intervjuar prøvar å halde samtalens innanfor tema. På denne måten får ein ofte mykje nyttig informasjon og ein kan heller luke ut informasjon som ikkje er relevant i etterkant av intervjuet. Dersom ein stadig prøvar å halde seg slavisk til spørsmåla i intervjuguiden kan dette hindre flyt i intervjuet. I eit av intervjuua opplevde eg at informanten hadde eit slavisk fokus på intervjuguiden, det var vanskeleg å få flyt i intervjuet og svara vart nokså korte og konkrete. Eg prøvde då å stille andre spørsmål som informanten hadde meir innsikt i (som samstundes var relevante), for å få samtalens i gang. Eg opplevde at nokre informantar var meir ivrige i praten enn andre, og at desse var enklare å intervju.

Eg såg i ettertid at metoden og intervjuguiden fungerte bra for min del. Eg delte ut intervjuguiden nokre dagar i forkant av intervjuet, for å gi informantane muligkeit til å forberede seg. Eg merka at dei fleste hadde forberedt seg og gjort seg opp ei meining om temaet på førehand av intervjuet. I eit av intervjeta hadde informanten gjort seg opp ei sterk meining på førehand om at temaet var urealistisk, og hadde sterke haldningar om at temaet var «berre tøys og tull». Eg opplevde at årsaka til dette var mangel på informasjon og eg følte at eg måtte gi meir informasjon på området, der eg forklarte nærmare kva vi tenkte med prosjektet og korleis vi trudde den katolske kyrkja kunne fungere for arbeidsinnvandrarane. Kanskje skapte dette ei intervjueffekt, men i følgje Halvorsen (2003) vil det kvalitative intervjuet gi forskaren muligkeit til å rydde opp i misstydingar undervegs. Sidan denne informanten var ein nøkkelperson for oppgåva mi, såg eg at dersom informanten ikkje fekk meir innsikt, ville dette ikkje gi meg den nøkkelinformasjonen som var viktig for oppgåva (Kvale og Brinkmann 2012, Halvorsen 2003).

Transkribere

I følgje Kvale og Brinkmann (2012) skal ein når ein transkribere data klargjere intervumaterialet for analyse, noko som i dei fleste tilfelle medfører å transkribere i frå tale til skriftleg tekst. Med andre ord omskriv ein talespråk til skriftspråk. Formålet med å transkribere er å gjere det enklare å analysere den innhenta informasjonen. Dei personlege intervjeta eg utførte tok eg opp på lydband, der intervjeta varte alt i frå 30 min til 1 time. Eg hadde nokre dagar i mellom kvart intervju, derfor transkriberte eg materialet i etterkant av kvart enkelt intervju. Dette fordi eg hadde då intervjet friskt i minnet og eg opplevde at dette gjor det enklare å transkribere. Eg hadde ikkje skikkelig utstyr for å transkribere og trur det hadde vore enklare dersom eg hadde hatt betre utstyr, til dømes pedal å stoppe lydbandet med, heller enn at ein måtte trykke seg fram og tilbake mellom teksten og lydbandet. Det fungerte bra for min del å luke ut informasjon som ikkje var relevant allereie når eg transkriberte. Eg skreiv ikkje ned alle lydar, pust, pausar osv. Eg trur dette hadde vore meir nyttig dersom dette var eit intervju med personlegeytringar om eit meir sensitivt tema. Eg prøvde å hente ut nyttig informasjon som kunne belyse problemstillinga mi (Kvale og Brinkmann 2012).

Analyse

I analysen tolkar ein det innsamla materialet, ser det i samanheng med teori og tidlegare forsking. Ein ser etter gjentakande trekk, hendingar og åtferd som står i samanheng med kvarandre eller går igjen i materialet. Val av metode for analyse er ei avveging mellom korleis ein kan gjere det innsamla datamaterialet mest mulig oversiktleg, samstundes som at ein beheld essensen i det innsamla materialet. Analysearbeid omfattar alle nivå av fortolking og omarbeiding av materialet. Å analysere det innsamla datamaterialet, vil seie å tilføre noko meir til det du har hørt og sett (Katrine Fangen 2004).

Ved å sette materialet inn i ein større samanheng, får ein eit nytt perspektiv på datamaterialet. Når du konstaterer det du ser og høre, har du i følgje Katrine Fangen (2004) gjennomført ei fortolking av førstegrad. Ei tolking av førstegrad tyder å stille spørsmål til korleis eller kvifor noko er, var eller kjem til å bli, der du fortolkar materialet med omgrep som er nærliggande dei omgropa informantane sjølv nyttar seg av. I empiridelen av oppgåva mi, gjorde eg ei førstegrads fortolking av intervjuaterialet. Eg fortolka materialet med omgrep som var nærliggande dei omgropa informantane sjølv nyttta. Eg delte materialet inn i forhold til forskingsspørsmåla mine, som skulle belyse korleis situasjonen var, med ei eksplorativ tilnærming til kva kontakt dei ulike samfunnsinstitusjonane hadde med den katolske kyrkja, kva kunnskap dei hadde på området og kvifor dette var slik. Dette gav meg ei oversikt til vidare analysearbeid. Gjennom å gjere ei førstegrads fortolking av empirien, var det enklare å gjennomføre ei andregrads fortolking i sjølve analysen/drøftinga. Ei andregrads fortolking er å gjengi meir enn det du observerer. Ein prøvar å setje det ein har observert i ein systematisk samanheng og innhentar kunnskap frå allereie eksisterande teori og tidlegare forsking på området. Til meir komplett di fortolking av situasjonen er, til nærmare har du kome ei fullstendig forklaring av ei handling. Dersom ein kan setje det innsamla datamaterialet i ein systematisk samanheng med aktuell teori, vil ein få ei betre forståing for materialet samstundes som ein vil få ei betre forståing for nærliggande fenomen. I mi oppgåve har eg valt å nytte dei teoretiske perspektiva institusjonell kapasitetsbygging, kollaborativ planlegging og sosial kapital. I analysen har eg drøfta det innsamla datamaterialet i frå forskingsintervjua oppimot desse teoretiske perspektiva, der eg har prøvd å forstå situasjonen igjennom ein fortolkningsprosess av empirien oppimot dei teoretiske perspektiva. Eg valde å kategorisere materialet utifra spørsmåla i problemstillinga mi. Valet av analyseform falt på kategoribasert analyse (Katrine Fangen 2004).

Årsaka til at valet falt på kategoribasert analyse, var at eg trur verken meiningsanalyse, diskursanalyse eller narrativanalyse kunne hjelpe meg i same grad å kartlegge og analysere det innsamla datamaterialet. I ei kategoribasert analyse kategoriserer forskaren prosessar, hendingar og åtferd i frå materialet ein har samla inn. Dette kan vere prosessar, hendingar og åtferd som anten går igjen i materialet, står i samanheng til kvarandre eller er viktige i forhold til aktuell teori. Når ein kategoriserer innsamla data ser ein etter gjentakande trekk, korrespondanse og ein samanheng mellom empiri og teori. I mitt arbeid analyserte eg empirien oppimot teorien i kategoriær som svarte på problemstillinga mi. Då dei ulike delane av problemstillinga mi hadde ei ulik teoretisk tilnærming, tenkte eg dette ville gi ei betre oversikt. Samstundes sikra dette meg at eg faktisk svarte på problemstillinga mi, noko som er nødvendig i ein forskingsstudie. Eg drøfta det innsamla datamaterialet oppimot teorien, der eg la mest vekt på institusjonell kapasitetsbygging og kollaborativ planlegging, samstundes nytta eg sosial kapital teorien til å belyse ulike sosiale relasjonar (Kvale og Brinkmann 2012).

Kvalitetssikring av datamateriale

I følgje Katrine Fangen (2004) kan ein ikkje vurdere kvalitativ forsking utifrå same krav som kvantitativ forsking. Ofte har kvalitativ forsking vorte undervurdert fordi den ikkje er like strukturerert framsett, objektiv og kontrollerbar som kvantitativ forsking. Det er vanskeleg å etterprøve å kontrollere informasjon og data som ein samlar inn gjennom kvalitative forskingsintervju. Kvalitativ metode har også ein større risiko for intervjueffekt, der forskaren påverka svara til informanten, enn kva eit kvantitatitt spørjeskjema har. Når ein skal kvalitetssikre eit innsamla datamateriale er det viktig å sjå på verifikasjon, validitet, reliabilitet og kor generalisert datamaterialet er.

Verifikasjon er å teste ut hypotesar, teoriar og utsegn som kan empirisk etterprøvast. Teori, tidlegare forsking og studiar av feltet er verkty ein kan nytte seg av for å verifisere det innsamla datamaterialet sitt. Dersom materialet ein har samla inn samsvarer med tidlegare forsking og studiar på området, er det meir sannsynlig at det du har funne ut stemmer. I følgje Karl Popper kan ein ikkje verifisere ein hypoteise, ein kan falsifisere og avkrefte at dette ikkje er tilfelle. Ein kan ikkje heilt sikkert bevise at det ein har funne ut er gjeldande, men ein kan gjennom å empirisk teste ut hypotesar og utsegn verte sikrare i si sak. I mi datainnsamling tykkjer eg det er vanskeleg å verifisere noko, då det er gjort få studiar på dette temaet tidlegare. På den andre sida har eg heller ikkje vore ute etter å verifisere og

bevise noko, då eg har hatt ei meir eksplorativ tilnærming til temaet katolsk arbeidsinnvandring på Sunnmøre. Det har vore viktigare å få eit tydlegare bilet av situasjonen, heller enn å bevise noko. Derimot har eg kunna falsifisere eller avkrefte fleire av hypotesane i dei empiriske undersøkingane mine. Karl Popper var oppteken av å framstille høgtshevande hypotesar som var veldig sannsynleg at dei ikkje var tilfelle, slik det vart enklare å avkrefte dei. Eg trur at dersom ein skal framstille hypotesar berre for at det skal vere enkelt å avkrefte dei, vert vitskapen meir som ein leik enn eit samfunnsnyttig verkty (Katrine Fangen 2004, Popper 1965).

Validitet måler gyldigheit, om du måler det du skal måle og om det er samsvar mellom metoden du nyttar og problemstillinga di. Her skil ein ofte mellom indre og ytre validitet, der indre validitet tilsei om materialet er allment gjeldande, medan ytre validitet tilsei at materialet ein har samla inn samsvarer med hypotesen. Eg har gjort fleire grep for å sikre validitet. Gjennom forskingsintervju og den kvantitative undersøkinga som sekundær data, har eg kunne gjort meg eit greitt bilet av situasjonen. Eg har ikkje trengt å endre problemstillinga mi undervegs i prosessen for å få den til å samsvere med det innsamla datamaterialet. Om den indre validiteten til materialet er like gyldig som den ytre validiteten er eg noko usikker på. Eg kan ikkje bevise at det innsamla datamaterialet mitt er allment gjeldande. Materialet i frå forskingsintervju er for spesialisert og snevert til dette.

Reliabilitet omhandlar kor sikkert det du har samla inn er og kor nøyaktige målingane dine er. Eg har i datainnsamlinga mi prøvd å gjere nøyaktige målingar. Samtidig veit ein aldri om informanten svara det han trur «forskaren» vil han skal svare, eller om han svara for å gjere eit godt inntrykk, eller prøvar å framstille seg sjølv eller organisasjonen sin på ein bestemt måte. Både i kvalitative forskingsintervju og i kvantitative undersøkingar er reliabilitet vanskeleg å måle, når ein har med menneske å gjere. Då materialet mitt samsvarer med det datamaterialet forskarane i «Ora et labora» prosjektet har samla inn, gir dette målingane mine meir reliabilitet. Ein ser gjentakande trekk i datainnsamlinga og innsamla informasjon i frå fleire av intervjuia samsvarer med kvarandre.

Generalisering er å drage ein konklusjon for ei heil gruppe, sjølv om ein har utført undersøkinga på eit tilfeldig utval av gruppa. Det kan vere vanskeleg å generalisere utifrå kvalitative forskingsintervju, då ein berre kan verifisere at det er nett dei du har intervjuia som har desse meiningsstringane. Ein kan

ikkje generalisere å sei at desse meiningstringane gjeld for alle. I studien min har eg til dømes intervjua planavdelingane i Herøy og Ulstein kommune, eg kan ikkje gjennom undersøkingane mine drage ein konklusjon på at desse meiningstringane gjeld for alle planavdelingane i heile landet. Det innsamla datamaterialet kan gi meg eit bilet av situasjonen, men eg kan ikkje generalisere å seie at dette er gjeldande for alle. I studien min har eg fått tilgang til SPSS filene for ein større kvantitativ undersøking utført på vestlandskommunar knytt oppimot temaet arbeidsinnvandring. Då eg ikkje har vore med å utforme spørsmåla eller har utført sjølve undersøkinga, vert dette sekundærdata. Det er enklare å generalisere kvantitative undersøkingar, då ein har eit mykje breiare talfesta svarmateriale. Dersom 80 av 85 kommunar på Vestlandet har svart at dei ikkje har vurdert eit samarbeid med religiøse fellesskap oppimot integrering av arbeidsinnvandrarar, er det enklare å generalisere å seie at dette er truleg tendensar ein ser over heile landet.

Utarbeiding av masteroppgåve

Skriveprosessen er ei side ved den sosiale konstruksjonen av kunnskap som ein innhenta i frå forskingsintervjua. I skriveprosessen eller rapporteringa skal ein prøve å formidle funna sine på ein interessant måte, hovudmålet bør vere å fange lesaren si merksemd. Intervjurapportar har ofte eit keisamt preg, å det å formidle ein intervjurrapport underhaldande kan vere utfordrande. I følgje Kvale og Brinkmann (2009) må ein rapport lesast, visst den skal ha eit liv etter publikasjon. Ein bør framstille materialet med utgangspunkt i at lesaren har ei viss interesse for temaet.


I skriveprosessen er det viktig å presentere hovudmålsettingar, metodar, resultat og implikasjoner. Det som Kvale og Brinkmann trekker fram i sin sjunde metodestadium i intervjustudien er sluttrapportering. Dei påpeikar at det er viktig å ha sluttrapporteringa av studien i tankane heilt i frå starten av, for å gjøre rapporten mest mogleg leseleg. I dette ligg det at ein igjennom alle stadia av undersøkinga, tenker over kva historier ein ynskjer å formidle til lesaren. Dersom ein har sluttrapporteringa i tankane i frå byrjinga av, kan dette bidra til meir interessante resultat (Kvale og Brinkmann 2009).

Empiri

Den første delen av empirikapittelet er ei kvantitativundersøking utført i kommunar på Vestlandet, temaet er knytt oppimot arbeidsinnvandring, og korleis kommunane relaterer seg til dette temaet i strategiar, plan og utviklingsarbeid for kommuneorganisasjonen. Den andre delen av empirikapittelet er materialet i frå forskingsintervjua utført i hovudsak i Herøy og Ulstein kommune. Eg har prøvd å gjere ei systematisk framstilling av datamaterialet utifrå forskingsspørsmåla i studien.

Del 1: Kvantitative undersøkingar utført på Vestlandskommunar: Nordvestlandet

Bakgrunnen for dette kapittelet er ei undersøking utført av Møreforsking (2013) i 85 Vestlandskommunar, der overordna tema er arbeidsinnvandring. Eg har valt å avgrense meg til 35 kommunar på Nordvestlandet, frå Førde til Aure kommune. Årsaka til at eg valde å avgrense meg til 35 kommunar på Nordvestlandet var at i dette området ligg det fleire små og mellomstore kommunar som har mange arbeidsinnvandrarar. På den andre sida var det meir tidkrevjande å vurdere og måle alle 85 kommunane på Vestlandet. Spørjeundersøkinga er omfattande, og eg har valt å vektlegge tre tema som er relevante for mi oppgåve: Strategiar, plan og utviklingsarbeid og integreringsspørsmål knytt oppimot religion. Spørjeundersøkinga omfattar ei rekke målingar om offentleg tenesteyting og integrering av arbeidsinnvandrarar. Det er eit relativt stort materiale, derfor avgrensa eg meg til strategiar, plan, utvikling og integrering knytt oppimot religion. Nedanfor har eg framstilt svara i frå undersøkinga som er relevante for mi oppgåve.(Dersom svara syner avvik i frå dei 35 kommunane, er dette kommunar som ikkje har svart på spørsmålet.)



Figur 3: Figuren syner korleis kommunar på Nordvestlandet vel å prioritere arbeidsinnvandrarar i strategiar og plan og utviklingsarbeid.

Det viser seg at dei fleste kommunane på Nordvestlandet har i mindre grad ein strategi for å legge til rette for at arbeidsinnvandrarar blir integrerte i lokale bumingjø, eller kan delta i organiserte fritidsaktivitetar. Derimot er det to kommunar som svara i undersøkinga at dei har ein klar strategi på desse områda for arbeidsinnvandring. På den andre sida svara dei fleste av kommunane at dei har ein strategi for opplæring i norsk språk for arbeidsinnvandrarar. Det er tydeleg at språkopplæring er noko kommunane legg føringar for. Eit fåtal av kommunane svara i undersøkinga at dei ikkje har nokon strategi for språkopplæring.


Ser ein vidare på plan og utviklingsarbeid for kommunane på Nordvestlandet, viser undersøkingane at kommunane er samstemte på spørsmål knytt oppimot planarbeid. På spørsmålet kvifor arbeidsinnvandring ikkje er eit eige tema i plan og utviklingsarbeid, svara dei fleste kommunane at årsaka til dette er korkje at det ikkje er behov, at dei ikkje har kome så langt i planarbeidet eller ikkje har kapasitet til å følgje opp temaet. Kommunane har både kompetanse og ressursar til å setje arbeidsinnvandring som tema i planarbeidet. Det viser seg at eit fåtal av kommunane ikkje har ressursar til å følgje opp arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid.

I oppgåva mi er religion og den katolske kyrkja som integreringsarena for arbeidsinnvandrarar eit viktig tema. Undersøkinga på Vestlandskommunane tek føre seg nokre spørsmål kring dette emnet. Ser ein på svara i kommunane på Nordvestlandet, svara 1/3 at dei ikkje i det heile er involvert i arbeid retta mot arbeidsinnvandrarar som inkluderer religion og kyrkjespørsmål. Samtidig svara 2/3 at dei i liten grad er involverte, medan to kommunar svara dei er involvert i arbeid med religion og kyrkjespørsmål knytt opp i mot arbeidsinnvandrarar. Eit meir sentralt tema i spørsmåla kring religion og kyrkje er samarbeid. Det viser seg at dei fleste av kommunane i undersøkinga ikkje samarbeider med den Norske kyrkja, eller har samarbeid med andre trus- og livssynssamfunn i integreringsarbeid retta mot arbeidsinnvandring. Derimot opplever dei fleste av kommunane på Nordvestlandet, at dei treng meir kompetanse med arbeidsinnvandrarar knytt oppimot religion og kyrkjespørsmål.

I følgje undersøkingane utført på kommunar på Nordvestlandet viser det seg at kommunane i liten grad har ein strategi for å leggje til rette for arbeidsinnvandrarar i ulike bumiljø og organiserte fritidsaktivitetar. Det viser seg i tillegg at arbeidsinnvandring ikkje er eit eige tema i plan og utviklingsarbeid. Samtidig at kyrkje og trussamfunn er lite nytta som integreringsarena. Dette opnar opp for arbeid som rettar seg mot å auke kompetansen på den katolske kyrkja som integreringsarena og vidare ein arena for medverknad i kommuneplanarbeid retta mot arbeidsinnvandring. Det vert omfattande å ta føre seg alle kommunane på Nordvestlandet, eg har derfor valt å avgrense meg til Herøy og Ulstein kommune i Møre og Romsdal fylke. Årsaka til dette er mellom anna at desse kommunane har ein svært høg prosent arbeidsinnvandring, samanlikna med dei andre kommunane.

Undersøkingar utført på Vestlandskommunar: Herøy og Ulstein

I følgje spørjeundersøkinga har både Herøy og Ulstein kommune eit høgt innslag av arbeidsinnvandrarar, dei påpeikar at arbeidsinnvandring er viktig for å sikre arbeidskraft til privat næringsliv. Det er såleis ikkje slik at kommunane ser nokon samanheng mellom arbeidsinnvandring og arbeidskraft til offentleg sektor. I kommuneadministrasjonen er det i liten grad innslag av arbeidsinnvandring. Korkje Herøy eller Ulstein ser seg samde i påstanden at utan arbeidsinnvandring ville det vere utfordrande å leve gode nok kommunale tenester på enkelt område. Samstundes ser dei seg einige i at arbeidsinnvandring bidreg til at ein må vere innovativ innanfor dei kommunale tenestene.



Figur 4: Figuren syner ei oversikt over verdien av arbeidsinnvandring for Herøy og Ulstein kommune. (verdiane 10= Ja og 4=nei)

Ulstein kommune opplever at arbeidsinnvandring fører til ein stor auke i behovet for offentlege tenester i kommunen, og at det særleg er eit behov for å legge til rette for arbeidsinnvandrarar med familie. Derimot opplever ikkje Herøy dette behovet, og ser ikkje tendensar av at arbeidsinnvandring stiller kommuneorganisasjonen ovanfor store utfordringar. Herøy og Ulstein kommune har ein Bulystkoordinator og eit felles etablert prosjekt som jobbar inn mot arbeidsinnvandrarar. Prosjektet er i ferd med å materialisere seg der prosjektet ser på viktige innsatsområde kring innvandring,

arbeidsinnvandring er eit av tre innsatsområde. Spørjeundersøkinga sei ikkje noko om Bulystprosjektet har eigne strategiar og planar for arbeidsinnvandrarar, eller om denne gruppa vert arbeida synonymt oppimot flyktningar og asylsøkarar.

Plan og utviklingsarbeid i Herøy og Ulstein kommune

Som tidlegare nemnt har eit fåtal av Vestlandskommunane ein strategi for arbeid knytt opp mot arbeidsinnvandring. Arbeidsinnvandring er i den grad tematisert i plan- og utviklingsarbeid i ein stor del av kommunane, gjerne då integrert i anna plan- og utviklingsarbeid knytt opp i mot flyktningar. Herøy og Ulstein kommune svara i spørjeundersøkinga at dei har i noko grad ein strategi for å legge til rette for at arbeidsinnvandrarar vert integrert i lokale bumiljø og at dei har strategiar for språkopplæring. Om desse strategiane vert arbeida synonymt med strategiar for busetting og språkopplæring av flyktningar, er noko uklårt. Ser ein vidare på organisert fritidsaktivitetar og det å halde på eigen kultur har dermed kommunane ikkje ein strategi for dette. Strategiar for at arbeidsinnvandrarar kan delta i organisert fritidsaktivitetar, halde på eigen kultur eller vert gitt moglegheiter til å medverke på viktige arena, slik at interessene deira vert synlege, er mangelfulle. Herøy har ein strategi for å hindre sosial dumping, medan Ulstein ikkje har lagt nokon strategi på dette området.

Eit av spørsmåla knytt til plan- og utviklingsarbeid til kommunane var; Kvifor er arbeidsinnvandring ikkje eit eige tema i plan og utviklingsarbeidet til kommunen. Her har spørjeundersøkinga lagt opp til at kommunane svara «sant» eller «ikkje sant» på ulike påstandar. Då både Herøy og Ulstein kommune svara «ikkje sant» på alle påstandane, er det noko utfordrande å sjå kva som er den verkelege årsaka til at arbeidsinnvandring ikkje er eit eige tema i plan- og utviklingsarbeidet til kommunane. Ein kan derimot lese utifrå spørjeundersøkinga at årsaken ikkje er at; Kommunane har for lite arbeidsinnvandring, at behovet for eit eige tema ikkje er til stades i kommuneorganisasjonen, at kommunen ikkje har kome så langt i planarbeidet, ikkje har kapasitet, kompetanse eller ressursar til å ha arbeidsinnvandring som eige tema i plan- og utviklingsarbeid. Samanliknar ein dette utifrå undersøkingane gjort på 83 andre Vestlandskommunar, finn ein at største parten svara «ikkje sant» på påstandane over. Av 1190 svar er det kun 295 som svara «Sant» på påstandane i undersøkinga. Utfordringa i slike tilfelle vert å finne dei variablane som spela inn på dette. Moglegheitene er mange, det kan vere lite fokus på temaet hjå dei spurde, oppsettet i spørjeundersøkinga, feiltolkning, dei har

andre strategiar enn å legge temaet arbeidsinnvandring til kommuneplanar, til dømes Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein sitt tilfelle, eller at planarbeid for arbeidsinnvandrarar er lagt til lokalt næringsliv.

Kyrkje og religion

Ein del av problemstillinga i oppgåva mi omhandlar; I kva grad ser offentlege etatar og næringsliv på den katolske kyrkja som ein ressurs, når det gjeld arbeidet med integrering av arbeidsinnvandrarar? Det er ikkje gjort mange fordjupande spørsmål på dette området i undersøkinga, men ein har i spørjeundersøkinga til Møreforsking (2013) sett at integrering av arbeidsinnvandrarar igjennom den katolske kyrkja er eit interessant men lite utforska forskingsfelt som ein bør studere nærmare.

Eit av spørsmåla i spørjeundersøkinga var; I kva grad er kommunen involvert i arbeid retta mot arbeidsinnvandrarar knytt opp i mot religion og kyrkjespørsmål. På dette spørsmålet svara Herøy kommune i liten grad medan Ulstein svara i noko grad. Ser ein vidare på om kommunane ser eit behov for meir kompetanse i arbeidet med arbeidsinnvandrarar med tanke på religion, ser Herøy eit svært stort behov for dette, medan Ulstein også ser behov for dette. Eit sentralt spørsmål vert kven kommunane samarbeider med i spørsmål som gjeld arbeidsinnvandring. Det kjem fram av undersøkinga at Herøy samarbeider med andre trus og livssynssamfunn, medan Ulstein ikkje har noko samarbeid med andre religiøse samfunn enn den Norske kyrkja. (Båtevik og Grimsrud 2013)

Del 2: Kvalitative forskingsintervju

I teorikapittelet mitt har eg hatt kollaborativ planlegging, institusjonell kapasitetsbygging og sosial kapital som teoretisk tilnærmingar for arbeidet mitt. Kollaborativ planlegging omhandlar kommunikative prosessar mellom planleggarane, innbyggjarane, private aktørar og frivillige organisasjonar. For å organisere og forbetre kvaliteten i eit lokalsamfunn er ein avhengig av samarbeid mellom desse partane. Kollaborativ planlegging har ei institusjonell tilnærming for å forstå regionalendring, der sterke relasjonar og nettverk mellom ulike samfunnsinstitusjonar er avgjerande. Institusjonell kapasitetsbygging omhandlar korleis ein gjennom samarbeid kan skape initiativ og nye kunnskapsressursar, bygge relasjonar og auke mobiliseringskapasiteten i lokalsamfunnet der desse tiltaka kan ha ei langsigkt effekt for heile lokalsamfunnet. Sosial kapital er summen av ressursar som tilkjem eit individ eller ei gruppe som resultat av å ha eit vedvarande nettverk. Hensikta med sosial kapital, er å rette merksemd mot menneskeleg aktivitet som ein verdi for samfunnet. Med desse teoretiske tilnærmingane vil eg særleg vektlegge funn i datainnsamlinga som kan belyse problemstillinga som ligg til grunn for dette arbeidet.

Problemstilling:

I kva grad fungerer den katolske kyrkja som ein ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar? Og korleis kan kommunane nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid?

Forskingsspørsmål:

- Finst der noko samarbeid mellom ulike samfunnsinstitusjonar og den katolske kyrkja?
- Kva arbeid vert utført for å prøve å integrere arbeidsinnvandrarar i Herøy og Ulstein?
- Har kommunane noko forhold til temaet i planarbeid, utvikling- og integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar?
- I kva grad ser ulike samfunnsinstitusjonar i kommunane Herøy og Ulstein på den katolske kyrkja som ein ressurs i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar?
- Kva behov er det for ein slik integreringsarena som den katolske kyrkja kan fungere som?
- Vert den katolske kyrkja likestilt med andre frivillige organisasjonar i planarbeid?
- Kva potensiale finst i den katolske kyrkja som integreringsarena?
- Korleis stille Ulstein og Herøy kommune seg til arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid?
- Korleis stille den katolske kyrkja seg til å vere ein integreringsarena for arbeidsinnvandrarane?
- I kva grad har næringslivet på Søre Sunnmøre hatt kontakt med den katolske kyrkja i samband med arbeidsinnvandrarar?

Samarbeid mellom ulike samfunnsinstitusjonar og den katolske kyrkja

Det kjem fram av intervjuet at representantar i både Herøy og Ulstein kommune, har merka seg ein stor auke i arbeidsinnvandring dei siste åra. Fleire private verksemder innan skipsindustrien og fiskerioppdrett nyttar seg av arbeidsinnvandrarar som arbeidskraft. I Ulstein kommune har veksten vore jamt over stor. Det viser seg at i Ulsteinvik kjem den største gruppa i frå Polen og Romania, medan i Herøy er det i hovudsak litauuarar som er den største gruppa innvandrarar. Både polakkar og litauuarar er katolske innvandrarar.

Polakkar er eit folkeslag som er svært religiøse. Dei har både messeplikt og skriftar regelmessig. Behovet for å kunne utøve religionen sin og vere tilknytt ei katolsk kyrkje er stort for denne folkegruppa. I studien min har eg sett på om der er ei kontaktflate mellom den katolske kyrkja og kommuneorganisasjonane i Herøy og Ulstein. Det viser seg i følgje undersøkingane mine, at det er lite konkret samarbeid å finne mellom ulike offentlege samfunnsinstitusjonar og den katolske kyrkja. Det viser seg at dei fleste av informantane i intervjuet, ikkje har høyrt eller vurdert å opprette eit samarbeid med den katolske kyrkja i integreringstiltak, plan og utviklingsarbeid. Samstundes opplever eg at det er vanskeleg for mange av informantane å setje seg inn i religionen si rolle for denne gruppen, og behovet arbeidsinnvandrarane har for eit religiøst tilbod. Religion har vorte mindre viktig for mange nordmenn, dette speglar seg i at mange av informantane vert skeptiske når eg nemner den katolske kyrkja. Truleg kan årsaka til dette vere også at den katolske kyrkja har lite rotfeste og tradisjon i Noreg.

Integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar i Herøy og Ulstein

Då ein stor del av oppgåva mi omhandlar integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar, og om den katolske kyrkja kan fungere som ein ressurs i slike prosessar, var det naturleg å få ei oversikt over kva arbeid som vert utført for å integrere denne gruppa. Erfaringar i frå denne studien viser at det er fleire aktørar som har forsøkt å legge til rette for at arbeidsinnvandrarane skal verte integrerte i lokalsamfunna. Både frivillig sentralar, privat næringsliv, idrettslag, internasjonal skule, den norske kyrkja og Bulystprosjektet har prøvd å få til gode integreringsprosessar. Det viser seg at Herøy er meir aktive på dette området enn Ulstein kommune, sjølv om omfanget arbeidsinnvandrarar er betydeleg mykje større i Ulstein. Fleire av desse aktørane har aktivt prøvd å legge til rette for arrangement for arbeidsinnvandrarar. Eit gjentakande mønster i intervjuaterialet, er at aktørane har utfordringar med å legge til rette for arrangement som arbeidsinnvandrarane faktisk møter opp på. Når dei spør arbeidsinnvandrarane kvifor dei ikkje engasjerer seg meir i bygdesamfunnet, er svaret klart; dei har meir enn nok med arbeidet sitt. Når dei har fri, vil dei heller slappe av eller ta seg ein fisketur/fjelltur.

Bulystprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Herøy og Ulstein kommune. Dette utviklingsprosjektet omhandlar mellom anna korleis Herøy og Ulstein som kommune, kan gjere det enklare for arbeidsinnvandrarane å kome hit og ta del i samfunnet. Kommunane har gjennom Bulystprosjektet lyst å gjere det enklare for denne gruppa å delta i samfunnsaktivitetar. Det verkar ut som om mange av arrangementa gjennom Bulystprosjektet nyttar Herøy som arena, sjølv om det kjem fram av studien at dei har tidlegare hatt tilsvarande arrangement i Ulsteinvik. På desse samlingane og arrangementa som var arrangert i Ulstein kommune, viser det seg at det var få påmeldingar og liten oppslutning. Dette er årsaka til at dei har valt å lokalisere arrangementa for Bulystprosjektet i Herøy. I følgje leiaren for dette utviklingsprosjektet, har prosjektet også ei ressursgruppe i Ulsteinvik. Leiaren for prosjektet opplever at det er vanskeleg å bygge relasjonar i denne ressursgruppa, då ho sit i Herøy kommune. Ho trur samtidig at ho får den same informasjonen i frå arbeidsinnvandrarar i Herøy som i Ulsteinvik.

Ut i frå studien viser det seg at planavdelinga i Ulstein kommune ikkje veit om prosjekt i kommunen knytt opp mot integrering av arbeidsinnvandrarar. Tiltak i Bulystprosjektet er det einaste tilbodet denne gruppa har i Ulstein. Planavdelinga sit i ressursgruppa for Bulystprosjektet, men har aldri vorte innkalla til møter eller samlingar. Dette opplever dei som merkeleg. Dei framhevar at det har vore liten aktivitet i frå dette utviklingsprosjektet i Ulsteinvik. Sidan dette er det einaste tilbodet arbeidsinnvandrarane har, skulle dei ynskje at det var meir aktivitet i frå utviklingsprosjektet i Ulstein kommune.

Med forankring i forskingsintervju i denne studien, verkar det ut som om det er lite samhandling mellom Ulstein og Herøy kommune på dette området, trass i felles samarbeidsprosjekt. Det verkar ut som om oppfølging er eit problem, der kommunane har vedteke eit samarbeidsprosjekt utan å følgje opp kva dei faktisk får ut av dette. I intervjuet kjem det fram at det er liten aktivitet kring integreringsarbeid, som er direkte retta mot arbeidsinnvandrarar. Det viser seg at mykje av arbeidet går parallelt mot flyktningar og andre innvandrargrupper. Med tanke på arbeid- og livssituasjon er arbeidsinnvandrarar og flyktningar svært ulike innvandrargrupper. Derfor opplever eg at det er vanskeleg å oppnå noko godt resultat gjennom å arbeide parallelt oppimot desse to gruppene. Erfaringar i frå denne studien, bekreftar at dette er tilfelle.

Arbeidsinnvandring som tema i planarbeid, utvikling- og integreringsarbeid

På spørsmålet om planavdelinga i Herøy har noko forhold til om den katolske kyrkja kan fungere som ein ressurs i integreringsarbeid, eller vere ein medverknadsarena i planarbeid er noko dei ikkje har teke stilling til. Det viser seg at dei ikkje har vurdert samarbeid med den katolske kyrkja, eller sett på denne instansen som ein arena for medverknad. Dei opplever at dette er kunnskap dei ikkje har kjennskap til, og sit med eit inntrykk av at dei manglar informasjon på området. Dei opplever at det hadde vore nyttig med meir kunnskap om arbeidet og den rolla den katolske kyrkja har ovanfor arbeidsinnvandrarane.

På det same spørsmålet til Bulystkoordinatoren om ho har samarbeida med den katolske kyrkja eller har noko forhold til dette temaet, er svaret nei. Ho viser til at ho ikkje har hatt noko samarbeid med den katolske kyrkja, då lokaliseringa til kyrkja er i Ålesund. Ho opplever at avstanden mellom Ålesund og Herøy/Ulstein er for stor til at den katolske kyrkja kan ha nokon integrerande effekt for denne gruppa i lokalsamfunna. Ho opplever at den katolske kyrkja er ein innvandrarorganisasjon, og at den difor ikkje kan omtalast som ein integreringsarena. Utviklingsprosjektet som ho er ein del av, er oppteken av integrering på individnivå i det norske samfunnet. Dersom arbeidsinnvandrarane involverer seg i ein innvandrarorganisasjon, der dei møter likesinna, vil organisasjonen ikkje ha ei integrerande effekt på individnivå. Igjennom Bulystprosjektet er ho oppteken av korleis denne gruppa kan verte integrert i vårt samfunn. Ho opplever at i eit religiøst perspektiv og for mennesket, er den katolske kyrkja viktig. Som ein integreringsarena vil den katolske kyrkja ha ein mindre verdi.

Ho trur at kyrkja fungerer integrerande i Ålesund, då kyrkja er lokalisert i nærområdet til arbeidsinnvandrarane her. For dei som bur i Herøy og Ulsteinvik, vil ikkje kyrkja ha den same integrerande effekten. Ho forankrar dette med at dei fjernar seg i frå det samfunnet dei høyrer til i, når dei deltek på messer i Ålesund. På denne måten vert dei ikkje integrerte i det samfunnet dei er ein del av til vanlig. Ho trur avstanden til den katolske kyrkja i Ålesund, er for stor til at kyrkja kan fungere integrerande på dei arbeidsinnvandrarane som bur i Herøy og Ulsteinvik.

Det viser seg at heller ikkje planavdelinga i Ulstein kommune, har noko forhold til den katolske kyrkja i integrering, plan og utviklingsarbeid. Dei har heller ikkje teke stilling til dette tidlegare, eller vurdert eit samarbeid. På den andre sida, opplever dei at dei skulle ynskje dei hadde hatt kontakt og ein relasjon til den katolske kyrkja. Dei framhevar at også dei manglar kunnskap på området, samstundes som dei opplever eit behov for å nå tak i denne gruppa av innbyggjarane. Kommunen burde verte flinkare å ta kontakt med denne gruppa, då det er svært mange arbeidsinnvandrarar som er busette i Ulsteinvik.

Erfaringane i frå denne studien viser at informantane har lite kunnskap kring integrering, plan og utviklingsarbeid for arbeidsinnvandrarane. Fleire av informantane opplever eit behov for ein tilsvarende arena, samstundes opplever dei at dei vil vite meir om rolla den katolske kyrkja har ovanfor denne gruppa. Det er tydeleg at det manglar kunnskapsressursar og relasjonsressursar mellom kommuneorganisasjonen og den katolske kyrkja. Dette var ein av dei risikofaktorane eg såg føre meg i kartlegginga av studiekommunane. Likevel er det interessant at informantane ynskjer kontakt og meir informasjon på området. Samtidig verkar det ut som om det er eit behov for ein tilsvarende arena, å nå ut til denne gruppa gjennom.

Den katolske kyrkja som ein ressurs i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar

Erfaringar i frå denne studien viser at det er få aktørar som har vurdert eit samarbeid med den katolske kyrkja oppimot integrering, plan og utviklingsarbeid i kommunane. Det viser seg at fleire ulike samfunnsinstitusjonar har gjort eit forsøk på å prøve å gripe fatt i denne gruppa, men med dårlig oppslutning. Eg har igjennom studien hatt dialog med fleire samfunnsinstitusjonar i Herøy og Ulstein kommune.

I dialog med frivillig sentralen i Herøy kommune, viser det seg at dei har fleire arrangement og tilbod for innvandrarar, men ikkje noko knytt opp i mot den katolske kyrkja. Leiaren for sentralen har ikkje hørt om at kommunen har arrangement for katolikkar i Herøy. Ho viser meg dermed til frivillig sentralen i Ulstein kommune. Ved samtale med ein representant i frå frivillig sentralen i Ulstein, svara ho at ho veit at det tidlegare har vore katolske gudstenester i kommunen, og at dette var eit samarbeid mellom verfta i kommunen. Ho meiner at dette samarbeidet er slutt.

I samtale med kulturkonsulent for Ulstein kommune, som også er med i ressursgruppa til Bulystprosjektet i Ulstein og Herøy, kjem det fram at heller ikkje ho har teke stilling til den katolske kyrkja i forhold til arbeidsinnvandrarar.

«Vi har ikkje hatt den katolske kyrkja som tema i bulystprosjektet, vi burde kanskje hatt det? Eg må innrømme at eg ikkje har hørt noko om dette temaet tidlegare. Vi har heller ikkje noko konkret arbeid mot integrering av arbeidsinnvandrarar i Ulstein kommune. Det er vel nettopp dette arbeidet bulystprosjektet skal setje soknelyset på og gjere noko med.» (Kulturkonsulent Ulstein)

I samtale med ein representant for Herøy kyrkje viser det seg at det er per dags dato ikkje etablert samarbeid med den katolske kyrkja i Ålesund. Dette er ikkje så oppsiktsvekkande funn, då religiøse trussamfunn sjeldan samarbeida. Likevel kunne der vere funn knytt til praktiske løysingar og formål. På spørsmålet om kyrkja har noko arbeid knytt oppimot integrering av arbeidsinnvandrarar, kjem det fram at dei har nokre tilbod som arbeidsinnvandrarane nyttar seg av, men at desse tilboda ikkje er direkte retta mot denne gruppa. Integreringsarbeidet er synonymt med arbeid for flyktningar og andre

innvandrargrupper. Eit arrangement som har vore populært er «Open barnehage». Dette er eit tilbod til alle som er heime med born under skulealder. Her har dei mellom anna gått ut og informert på andre språk. Det viser seg at fleire som nyttar seg av dette tilbodet kjem i frå Aust Europa. Kyrkja i Herøy arrangerer også fleire arrangement som arbeidsinnvandrarar nyttar, men ikkje i nokon særleg stor grad.

I samtale med Ulstein sokn kjem det fram at heller ikkje dei har noko spesielt arbeid retta mot arbeidsinnvandrarar, men svært mange av dei som kjem på open barnehage, er kvinner som er gift med arbeidsinnvandrarar.

«Kvinnene til arbeidsinnvandrarane har ofte ikkje jobb, og barna har ikkje alltid barnehageplass. Open barnehage er ein barnehage som er open to gongar i veka i frå 10-14, det er mange av arbeidsinnvandrarane som reiser langt for å ta del på dette tilbodet. Ulstein sokn har ikkje noko kontakt med den katolske kyrkja, utan om at den katolske kyrkja leige kyrkjebygget ein gang i månaden for å ha gudstenester. Det blei for eit par år sidan arbeidd med å lage til ein kyrkjekafé eller eit treffpunkt for arbeidsinnvandrarar, men dette blei skrinlagt då fleire polske kvinner uttalte seg negativt om dette. Dei meinte at arbeidsinnvandrarane jobba for mykje og dei trudde ikkje at dei ville møte opp på eit slikt arrangement.» (Ulstein Sokn)

Det er tydeleg at det er lite samhandling mellom det frivillige, offentlege og næringslivet på dette området. Det verkar ut som om dei utfører oppgåver parallelt, utan å vite om kvarandre. Ut i frå intervjua kan det sjå ut som om det er liten kontakt og samarbeid mellom dei ulike samfunnsinstitusjonane og den katolske kyrkja. Det er såleis ingen som har sett på den katolske kyrkja som ein ressurs i integreringsarbeid.

Behovet for ein integreringsarena tilsvarande den katolske kyrkja

I studien min har eg vore oppteken av om den katolske kyrkja kan fungere som ein ressurs i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar, og kva potensiale som ligg her. Det er truleg at det skapast relasjonar og nettverk på messer, kyrkjekaffi og dugnad som kan vere vegen ut i norsk samfunnsliv for arbeidsinnvandrarane. Det er enklare for innvandrarane å ta del i norske samfunnsaktivitetar, dersom dei kjenner eller verd kjend med andre som er meir integrert i det norske samfunnet enn dei sjølve. Eit interessant studiefelt er om ulike samfunnsinstitusjonar ser eit behov for ein integreringsarena, tilsvarande den katolske kyrkja.

I følgje leiaren for Bulystprosjektet har Herøy kommune ingen plan eller strategi for arbeidsinnvandring, dei gjeldande planane der arbeidsinnvandring er nemnt er synonyme med planar for flyktningar. Derfor har dette samarbeidsprosjektet mellom Herøy og Ulstein, valt å legge vekt på arbeidsinnvandrarar i arbeidet sitt. Utviklingsprosjektet er såleis ikkje retta mot flyktningar eller andre innvandrargrupper.

«Det er fleire flyktningar og andre innvandrargruppe som kontakta ho for å få hjelp og bistand, då ber ho dei om å ta kontakt med flyktningkontoret. Årsaka til dette er at Bulystprosjektet er meint for arbeidsinnvandrarar. Med flyktningar følgjer det med ressursar og folk som hjelper dei, arbeidsinnvandrarar har ikkje slike ordningar. Ho opplever ofte at arbeidsinnvandrarane har utfordringar med ulike samfunnsinstitusjonar som til dømes NAV. Bulystprosjektet er den einaste ordninga arbeidsinnvandrarane har fått av kommunen. Når dette utviklingsprosjektet tek slutt, har denne gruppa ikkje noko meir tilbod. Målet er å få til konkrete tiltak som ein kan vidareføre utifrå prosjektet, som kommunen kan nytte seg av, eller næringslivet og frivillige lag og organisasjonar.»
(Bulystkoordinatoren)

På spørsmålet om Bulystkoordinatoren trur den katolske kyrkja kan bygge relasjonar mellom arbeidsinnvandrarane, det offentlege og næringslivet, svara ho at dette er ei problemstilling dei har hatt i Bulystprosjektet. Det viser seg at det har vore utfordrande å bygge relasjonar og skape nettverk ut til denne gruppa. Ho opplever det hat vore utfordrande å finne ein arena der ein kan nå tak i denne gruppa, samstundes der dei faktisk møter opp.

«Det er veldig dumt at vi ikkje har fått til dette, mange arbeidsinnvandrarar er ute etter ein arena der dei kan møtast og trene språk. Igjennom Bulystprosjektet har vi prøvd å få kyrkjene til å samarbeide om dette, men det skjer ingenting. Det er eit stort behov for ein arena der arbeidsinnvandrarane kan møtast.» (Bulystkoordinatoren)

Igjennom samarbeidsprosjektet har ho brukt lang tid på å bygge relasjonar med denne gruppa, ho opplever at det er utfordrande å kome tett på og skape tillit. Når ho fekk tillit, opplevde ho at dei var svært engasjerte og kom med mange konkrete tiltak for kva dei ynskte av forbetringar, tiltak og tilrettelegging. Ho opplever at mange ynskjer seg til dømes kurs i språk, foreldrekkurs, reserve besteforeldreordningar og liknande. Utfordringa med dette var at ho ofte enda opp med å bruke mykje tid og ressursar på arrangement, men så viste det seg å vere svært liten oppslutning. Ho merka seg at denne gruppa er opptekne av tillit og tryggerelasjonar for at dei skal delta. Det verkar på henne som om dei er svært skeptiske til det offentlege systemet, samstundes er dei skeptiske til maktposisjonar i samfunnet.

Igjennom arbeidet sitt i Bulystprosjektet, har ho merka seg ein skilnad mellom litauarar og polakkar. Ho opplever at religion og trussamfunn er svært viktig for polakkane. Samstundes opplever ho at polakkane er utprega religiøse, meir utadvent og sosiale, i tillegg verkar dei enklare å nå ut til som gruppe enn det litauarane gjer. Igjennom Bulystprosjektet veit ho om mange polakkar som reiser på messe til Ålesund, og der fleire polakkar får prest heim til seg i Herøy. Ho opplever at litauarane ikkje har eit like sterkt behov som polakkane for eit religiøst tilbod.

I studien kjem det fram at planavdelinga i Herøy, har sett eit behov for ein arena å kome i kontakt med denne gruppa innbyggjarar. Planavdelinga er enda i søkjefasen etter slike samarbeid, dei viser til utfordringar med å nå ut til arbeidsinnvandrarane.

«Det er vanskeleg å kome i kontakt med denne gruppa innbyggjarar, ofte er det språk som er ei barriere. Det har vore utfordrande å finne ein arena der ein enklare kan kome i kontakt med arbeidsinnvandrarar. Dersom ein hadde hatt ein slik arena som kunne fungere som eit kontaktpunkt, hadde det gjort planarbeidet mykje enklare.» (Planavdelinga i Herøy)

Planleggarane i Herøy er svært positive til eit samarbeid med den katolske kyrkja. Planavdelinga i Ulstein har ikkje tenkt på dette før no, men ser absolutt eit behov for ein tilsvarende arena.

Erfaringane i frå studien viser at aktørane ser eit behov for ein arena tilsvarende den katolske kyrkja, då dei har utfordringar med å nå ut til denne gruppa. Dei opplever samtidig eit behov for ein arena der arbeidsinnvandrarane kan få hjelp til kontakt med offentlege institusjonar. Ein informasjonskanal inn mot denne gruppa hadde vore nyttig. Dei framstiller situasjonen der dei har vanskar med å skape ein arena der arbeidsinnvandrarane møter frivillig opp. Informantane påpeikar at dette er ei gruppe det er vanskeleg å kome i kontakt med, og at det har vore utfordrande i problemstillingar knytt oppimot denne gruppa, å finne ein arena der ein kan nå ut til arbeidsinnvandrarane.

Den katolske kyrkja si rolle i planarbeid samanlikna med andre frivillige organisasjonar

Sidan planavdelingane ikkje har vurdert samarbeid med den katolske kyrkja tidlegare, kjem det ikkje fram av undersøkinga at den katolske kyrkja er likestilt med andre frivillige organisasjonar. På den andre sida er planavdelinga i Herøy svært positive til at frivillig sektor vert involvert i planarbeid.

«I dei fleste relevante planar, fører vi opne møter der vi inviterer grendelag, idrettslag og velforeiningar. Det er svært viktig med lokalkunnskap og medverknad i planarbeid. For oss er det viktig å få innspel uansett om dei er positivt eller negativt lada, og at dette vil gi ein rikare planprosessen. Det er viktig at meiningsane og lokalkunnskapen kjem til overflata og vert med i prosessen vidare.» (Planavdelinga i Herøy)

Planavdelinga i Ulstein er også positive til å involvere frivillige organisasjonar i planarbeid. Dei prøver å vere flinke til å involvere frivillige. I dei nye kommuneplanane har planavdelinga tenkt å nytte seg av medverknad i planprosessane. Opne folkemøter og store avisoppslag om korleis dei skal utvikle samfunnet er noko planavdelinga ser føre seg.

Potensiale i den katolske kyrkja som integreringsarena

Planavdelingane i Herøy og Ulstein påpeika at dei veit alt for lite om den katolske kyrkja og arbeidsinnvandrarar til å kunne utale seg om kva potensiale som finst i den katolske kyrkja som integreringsarena. Mangel på informasjon og kunnskap på området er noko dei trekker fram som årsaka til dette.

Bulystkoordinatoren påpeikar at det er viktig å ha deltaking i frå nordmenn i organisasjonen for at ein skal kunne kalle noko for ein integreringsarena.

«Det å bli sett, ha ein plass å bu, noko meiningsfylt å fylle tida si med, å kunne norsk språk er viktig, men det å ha ein norsk venn er viktigast. Det er viktig at arbeidsinnvandrarane har nokon å gå at med på ulike arrangement, dei fer sjeldan aleine då dei er avhengig av tillit og trygge relasjonar.» (Bulystkoordinatoren)

I prosjektet med den katolske kyrkja, og om den kan fungere som ein integreringsarena, er ein ute etter å finne ut om arbeidsinnvandrarane bygger relasjonar og skapar seg nettverk gjennom den katolske kyrkja. Eit av dei elementa som bulystprosjektet har vore oppteken av, er nettopp dette. Relasjonar er viktig for at denne gruppa skal verte integrert i lokalsamfunnet.

«Vi skulle hatt ei katolsk kyrkje her i Herøy, som kunne fungere som ein integreringsarena. Dersom den katolske kyrkja var lokalisert i Herøy, trur ho at kyrkja ville ha ein funksjon som integrerer til andre samfunnsaktivitetar for dei katolske arbeidsinnvandrarane. På denne måten kunne ein utnytte potensialet til kyrkja, på dette området» (Bulystkoordinatoren)

Ho ser behovet for ein tilsvarande arena i Herøy, men opplever at avstanden til den katolske kyrkja i Ålesund er for stor til at kyrkja kan ha ei integrerande effekt i lokalsamfunnet i Herøy.

Korleis stille Ulstein og Herøy kommune seg til arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid

I samfunnsdelen til Herøy kommune har dei sett seg ulike mål og strategiar for å oppnå å inkludere, rekruttere og busette tilflyttarar. I følgje samfunnsdelen til kommunen ynskjer Herøy kommune å ligge langt framme i arbeidet med å inkludere tilflyttarar. Dei ynskjer å vere ei føregangskommune som er kjend for å ta vare på innbyggjarane sine. Det 3-årige Bulystprosjektet som kommunen er ein del av, inngår i strategien for å auke kunnskapen knytt til arbeidsinnvandrarar sin kultur og bidra til å starte prosjekt som vil skape eit meir inkluderande samfunn. I forbindelse med dette har kommunen eit ynskje om å etablere eit regionalt senter for mangfald og inkludering i kommunen. Senteret skal vere eit bidrag i å auke kunnskapen til offentleg og privat næringsliv knytt til dette temaet.

I følgje planleggarane i Herøy kommune har dei kjennskap til temaet arbeidsinnvandring i planarbeid. I 2013 vedtok kommunestyret kommunens samfunnsdel, der arbeidsinnvandring er eit av fleire tema. Planen er overordna, og påverkar derfor planarbeidet til kommunen i stor grad. Herøy kommune har i lengre tid hatt ein stor del arbeidsinnvandrarar i kommunen, så temaet er ikkje ukjent. I samfunnsdelen av dei overordna kommuneplanane har Herøy kommune eit eige satsingsområde som omhandlar å inkludere, rekruttere og busette tilflyttarar. Her har kommunen sett seg målsetjingar om å auke innbyggjartala, leggje til rette for busetnad i sentrum og på bygdene, og etablere Herøy som ei attraktiv kommune. Strategiane for å nå desse målsetjingane har mellom anna vore at kommunen ynskjer å auke kunnskapen knytt til andre kulturar og arbeidsinnvandring. Kommunen ynskjer å vere aktivt ute å promotere å nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå arbeidstakrarar frå andre europeiske land, særleg land i frå Baltikum. For å gjere det enklare for framandspråklege å integrerast i samfunnet ynskjer kommunen å tilby ei god norskopplæring og ei vaksenopplæring som er gratis også for arbeidsinnvandrarar. I følgje planavdelinga i Herøy er arbeidsinnvandrarane også nemnt i handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel, som er det viktigaste strategiske verktyet kommunen har. Nokre av kulepunktta er mellom anna å nytte den kompetansen arbeidsinnvandrarane sit på, rekruttere fleire arbeidsinnvandrarar, etablere ein vennskapsby i Baltikum, auke talet på arbeidsinnvandrarar som vel å busetje seg i kommunen og auke kvaliteten på norskopplæring for desse.

I følgje planavdelinga er dei i startgropa med planarbeid knytt til kommunedelplanar på desse områda. Dei har mellom anna starta opp med eit arbeid på kommunedelplan nivå, som omhandlar ein bustadsosialhandlingsplan som har fått namnet bustadpolitisk plan. Tilknytt denne planen har kommunen gjennomført eit bustadseminar som var ope for alle, på dette seminaret var mellom anna arbeidsinnvandring i plan eit tema, der plansjefen i Møre og Romsdal tok fram utfordringar med arbeidsinnvandring.

På spørsmålet om korleis planavdelinga i Ulstein stille seg til arbeidsinnvandring som eige tema i planarbeid, svara dei at dei ikkje har arbeidsinnvandring som eige tema i gjeldande kommuneplanar.

«Arbeidsinnvandring som tema er eit tema vi har sett kome snikandes på oss. Vi er ein kommune i kjempe vekst, vi tenker altfor mykje på dei som bur her, ikkje dei som kjem her for å arbeide. Vi har store utfordringar med å legge til rette for bustadar for alle som ynskjer å bu her.» (Planavdeling Ulstein)

Ulstein kommune kjem med ny kommuneplan i løpet av 2015. I den nye kommuneplanen vert arbeidsinnvandring eit viktig tema. Ulstein er ein kommune i stor vekst, vi har veldig stor bustadetterspørsel. Planavdelinga i Ulstein kommune ser på arbeidsinnvandring som eit svært aktuelt tema i dei nye kommuneplanane.

«Dette er noko vi ikkje har teke omsyn til tidlegare, men vi ser absolutt behovet no. Vi har såleis ikkje vurdert å bruke den katolske kyrkja som instans i medverknad for planarbeid.»

Det viser seg utifrå intervjeta med planavdelingane i studiekommunane, at dei er i startgropa med å inkludere arbeidsinnvandrarar som tema i planarbeid. Det viser seg at planleggarane er i ein søkjefase, der dei ser etter moglegheiter og arenaer for å nå ut til denne gruppa. Det er interessant for dette forskingsfeltet, at planleggarane har sett behovet for ein medverknadsarena for arbeidsinnvandrarane. Sjølv om det kjem fram av intervjeta at dei ikkje har vurdert å nytte seg av den katolske kyrkja som instans.

Den katolske kyrkja som ein integreringsarena for arbeidsinnvandrarane

Den siste tida har prestane merka ei svært stor tilstrøyming av medlemmar, dei påpeikar at årsaka til dette er utan tvil den store arbeidsinnvandringa i fylket. I følgje Kyrkjestatistikkane til prestane hadde kyrkjelyden i 2010 Ca 1000 registrerte medlemmar, i 2014 var medlemstalet 4300. Av desse 4300 medlemmane er det Ca 10-15 etnisk norske medlemmar. Med bakgrunn i barnedåpar i kyrkja, reknar dei med at det er rundt 8000 katolikkar i fylket der 70 % er polakkar. (Dette er tal som kyrkja sjølv gir opp, med mediemerkeleia kring juks i medlemstal i den katolske kyrkja (2015) kan ein ha i bakhovudet at dette talet kan vere noko lågare.) Prestane held ikkje berre messer i Ålesund kyrkjelyd, men reiser både til Ulsteinvik, Gursken (ligg i nabokommunen til Ulstein og Herøy), Herøy (familie), Volda og Sykkylven. Her held dei messer både på norsk, polsk og latin. Dei polske messene i Gursken er svært populære, samstundes trur prestane at mange av katolikkane i Ulsteinvik og Herøy fer på messer i Ålesund i tillegg. Den katolske kyrkja i Ålesund er overvelta over den store veksten, samstundes opplever dei drømmen til eit kvart kyrkjesamfunn, overfylte kyrkjer.

Prestane opplever at den katolske kyrkja er vegen inn i det norske samfunnet, for dei arbeidsinnvandrarane som dei har vore i kontakt med. Kyrkjelyden i Ålesund held fleire messer i veka, der oppmøtet er overveldande. Kvar laurdag har dei dugnad i kyrkja, der dei vaskar og ryddar i kyrkja, pussar opp og steller i hagen. Det var imponerande å sjå alt arbeidet som var lagt ned på dugnadsarbeid, og det var tydeleg at den katolske kyrkja hadde god tilgang på handtverkarar. I tillegg til messer og dugnad, har dei gratis norskopplæring ein gang i veka, og ein frivillig som arbeider for å integrere arbeidsinnvandrarane inn i det norske samfunnet. Han prøver å legge til rette for at dei skal finne seg bustad, arbeid og delta på fritidsaktivitetar. Kyrkjelyden har fleire eldre polakkar som er gift med norske kvinner. Desse har opphaldt seg i Noreg i lang tid og er oppimot integrert i det norske samfunnet. Samstundes er det ein viss skepsis mellom dei nye arbeidsinnvandrarane mot polakkar som er for integrert. I følgje dei katolske prestane føler mange polakkar seg stigmatisert, at nordmenn framhevar polske karakterar og dei føler dei høyre til ei underklasse i samfunnet. Sjølv om mange av arbeidsinnvandrarane har svært høg utdanning i frå Polen, får dei ikkje gode jobbar i Noreg. Polske professorar og ingeniørar som arbeidar som gartner, reinhaldar eller liknande er døme prestane trekker fram. Dei opplever at mange polske arbeidsinnvandrarar ynskjer seg tilbake til Polen, kjem til landet for å tene pengar og brukar minst mulig i Noreg.

«For å endre på dette, må nordmenn lage gode fundament for integrering, slik er det ikkje i dag. Klasseskilje polakkane føler på, og dei nedsetjande haldningane mange nordmenn har i mot arbeidsinnvandrarar, set kjeppar i hjula for integrering.»

I den katolske kyrkjelyden i Ålesund, merka dei denne stigmatiseringa i byrjinga av den store veksten under kyrkjekaffien. Etniske nordmenn og etablerte polakkar følte at dei «nye polakkane» kom å «åt opp kjeksa våre», og trengte seg på deira si hygge stund. I etter tid har dette endra seg, og kyrkjelyden er svært takknemleg for den store tilstrøyminga av katolikkar til Vår Frue Kyrkje. I samfunnet elles ser ein også den same tendensen som i kyrkjekaffien, arbeidsinnvandrarane «kjem å tek alle jobbane våre» og trenger seg på.

I samtale med dei katolske prestane kjem det fram at kyrkja har eit meir religiøst motiv heller enn eit integreringsmotiv, noko som ikkje er særleg oppsiktsvekkande.

«Våra oppgåve er å hjelpe folk til å (fortsette å) vere kristne, ikkje til å hjelpe dei til å bli integrert i det nye samfunnet. Likevel, særlig med tanke på borna er det viktig at miljøet blir norsk språkleg. 2. generasjon kan kanskje framleis polsk, 3. generasjon mister språket. Kyrkja prøvar gjennom språkkurs for polakkar å bidra med integrering.» (Katolske prestane)

Det kjem fram av intervjuet at den katolske kyrkja har litt kontakt med nokre institusjonar i dei to studiekommunane, mellom anna viser dei til kontakt med verfta i Ulsteinvik og Gursken. Verfta betalar for leige av Gursken kyrkje, som ligg i nabokommunen til Herøy og Ulstein. Elles er det lite utstrakt kontakt med det offentlege, noko med flyktningkontoret og sjukebesøk på sjukehuset. Prestane nemner også den norske kyrkja som ei viktig kontakt. På spørsmålet om han meiner den katolske kyrkja kan/bør bidra til integrering, svara han ja. Han fortel at polakkane har ulik erfaring med det offentlege og mange har ein genuin skepsis til systemet. Han nemner mellom anna at prestane sitt nærvære kan i mange situasjoner skape tillit til det offentlege. Prestane kan også «gå god for» personar/institusjonar, slik at dei forstår at det ikkje er så farlig. Her ser han ei diakonal oppgåve.

Tidleg i samtalene nemner presten at dei kunne ynskje seg fleire messestadar i soknet. Han seier at det på sikt kan vere naturleg å dele soknet i to, der ein også har ei kyrkje på Søre Sunnmøre. Kyrkja burde ligge anten i Volda/Ørsta eller Ulsteinvik. På denne måten kan dei betene Gursken, Volda (som i dag) og i tillegg Vanylven på ein betre måte. Også Stranda er ei kommune som det burde sørget for betre betjening. På alle desse stadane bur det katolikkar.

«Det er ein langt høgare terskel å fare til kyrkje når kyrkja ligg langt vekk, enn når kyrkja ligg i nærleiken. Han opplever at mange er vanekyrkjegjengararar og oppfyller søndagsplikta si. Det er vanskeligare for folk å fare på messe på laurdagar då ofte arbeidsinnvandrarane er i arbeid. Samstundes må han av og til minne kyrkjelyden i Ålesund på at det er betre oppmøte på Laurdagsmassa i Gursken enn på høgmessa i Ålesund.» (Katolske prestane)

På spørsmålet om den kyrkjelege aktiviteten i Ulsteinvik, nemner prestane at det er gudsteneste ein gang i månaden i Ulsteinvik, på norsk.

«I Ulsteinvik er det ikkje nokon stor kyrkjelyd, men nokså samansett mellom polakkar, afrikanarar og filippinske medlemmar. Den polske presten har hatt katekese på polsk på laurdagar, men ikkje gudsteneste på polsk. I Polen er det meir vanleg å vere open om religion, ikkje slik som i Norge. Det religiøse aspektet i Polen er svært viktig. Sjølv om polakkanne ynskjer å delta på dei polske messene, understrekar den polske pateren til kyrkjelyden at dei må lære norsk. Mange som deltek på dei polske messene deltek også på norske messer for språktrening.» (Katolske prestane)

I eit intervju med ein representant i frå Caritas Noreg, ein hjelpeorganisasjon med utspring i frå den katolske kyrkja, vert ulike utredningar og undersøkingar knytt oppimot integrering av arbeidsinnvandrarar nemnt. Han arbeidar som innanlandskoordinator og reiser mykje rundt i Noreg, held informasjonsmøter og prøver å kartlegge lokal aktivitet knytt oppimot integrering. Han ser eit gjentakande mønster at i mange integreringsprosessar er det svært mange lokale aktørar som ikkje veit om kvarandre. Han nemner spesielt norskkurs som finst fleire stadar, men også ulike typer sosialt arbeid. Han meiner at mykje av dette arbeidet kan med enkle midlar profesjonaliseraast på måtar som

vil utløyse offentleg stønad. Han peikar på at fleire stadar burde kyrkjelyden og kommunen forstå den katolske kyrkja si kontaktflate og moglegheitene dette fører til i kontakt med arbeidsinnvandrarar.

«Kommunane kunne til dømes finansiere ei sosionomstilling som kunne koordinere det lokale diakonale arbeidet. Ofte vert dette arbeidet utført på dugnad, med svært få ressursar, nett som i Vår frue kyrkjelyd i Ålesund. Eit døme er at arbeidsinnvandrarar ikkje har rett på norskundervisning, som er eit nøkkeltiltak i integreringsprosessar. Det paradoksale er at norskundervisning vert overlat til personlige initiativ og til arbeidsgivararar.» (Innanlandskoordinator Caritas Norge)

I vår region har det private næringslivet vore meir aktive i forhold til den katolske kyrkja enn det offentlege har. Dette er ein tankevekkjar for det offentlege, då omfanget av denne gruppa er fleire hundre innbyggjarar. Arbeidsinnvandrarar nyttar samfunnet på lik linje med andre innbyggjarar, det er derfor oppsiktsvekkande at dei ikkje får nokon tilbod frå det offentlege. Samstundes er det merkeleg at informasjonssvikten til denne gruppa er så stor som det kjem fram av denne studien.

I eit intervju med ein aktiv frivillig representant i den katolske kyrkja i Ålesund, kjem det fram at kyrkja prøvar å verte flinkare med å arbeide for integreringsprosessar og tiltak for arbeidsinnvandrarar i den katolske kyrkjelyden. Kyrkja har nyleg starta opp ein ungdomsklubb og vil i 2015 starte opp eit norskkurs gjennom kyrkja som er meir profesjonelt enn tidlegare. Dei har lenge sett eit behov for eit meir tilrettelagt norskkurs med mellom anna fokus på å skrive CV, jobbsøknadar og å utføre jobbintervju. Det er viktig for kyrkja å gi noko tilbake til polakkane, då denne gruppa er svært flinke til å stille opp på dugnad etc. i den katolske kyrkja. I tillegg til dugnaden på laurdagar fungerer kyrkjekaffien som ein integreringsarena. Sjølv om kyrkjekaffien i hovudsak gjeng føre seg på engelsk, har dei prøvd å få til å innføre at denne skal gå føre seg på norsk, på denne måten kan den gi arbeidsinnvandrarane viktig språktrening. Vidare ser han eit stort behov for hjelp til kontakt med ulike samfunnsinstitusjonar.

«Polakkar føler seg ofte diskriminert i forhold til NAV, arbeidstilsynet og andre samfunnsinstitusjonar. Mange av problema skuldast missforståingar mellom polakkane og institusjonane. Ofte er det hjelp som er relatert til oppseiingsvern/ arbeidskontraktar/ å permittere

seg, men også kontakt med andre institusjonar. I barnevernet er sakene mange.» (Frivillig i den katolske kyrkja)

Han ser eit stort behov for sosialt arbeid for denne gruppa, då han vert kontakta fleire ganger i veka knytt oppimot slike saker. Han påpeikar at det er lite samarbeid i Ålesund mellom det offentlege og den katolske kyrkja. Problemet er at det ofte oppstår konfliktforhold og misstillit mellom det offentlege og arbeidsinnvandrarane. Arbeidsinnvandrarar som jobbar svart, eller misstyder reglar i NAV systemet osv. Kyrkja og frivillige organisasjonar gjer mykje arbeid som eigentleg er det offentlege sitt ansvar. Det ligg utrulig mykje dugnadsarbeid i kyrkja, som kommunane sparar pengar på.

Det viser seg at det er meir samarbeid mellom næringslivet og kyrkja enn det offentlege.

Næringslivet, særleg på små plassar har forstått kor viktig eit slikt samarbeid kan vere. Både med tanke på å innkalle dei katolske prestane i kriseteam, men også det å kunne sjå verdien for arbeidsinnvandrarane av å vere tilknytt den katolske kyrkja. Han påpeikar også at polakkane «oppfører seg betre» [Her var det referert til knivdramaet i Gursken 2014] når dei vert åndeleg influert, dei har tillit til og respekt for dei katolske prestane. Den katolske kyrkja har i hovudsak ein åndeleg verdi, men kyrkja bidreg samstundes med å skape sosiale nettverk, der ein gir arbeidsinnvandrarane ei meiningsfylt fritid. Det er 500-600 polakkar innom kyrkja kvar veke, dette tilsei at kyrkja er ein god arena for å skape sosiale nettverk. Han påpeikar at det er viktig at arbeidsgivarane, men også samfunnet elles forstår kor viktig den katolske kyrkja er for polakkane.

Næringslivet på Søre Sunnmøre og kontakt med den katolske kyrkja i samband med arbeidsinnvandrarar

Ein av informantane i studien min, var i perioden 2008-2010 tilsett i Personalomsorgen på Søre Sunnmøre. Han oppretta eit samarbeidsprosjekt mellom Kleven/Myklebust og Ulstein verft. Prosjektet var eit sikkerheitsprosjekt støtta av LO/NHO der tryggleik og trivsel på arbeidsplassen stod i sentrum. Med den store auken arbeidsinnvandrarar i frå 2006, merka verfta utfordringar og konfliktar knytt opp mot mellom anna HMS tryggleik. Mangel på bruk av sikkerheitsutstyr og sikkerheitstiltak førte til farlege situasjonar i verksemndene. Problemstillingar knytt oppimot HMS problematikk, tryggleik, trivsel, kva gjer vi når vi finn ein død polakk? Eller betre; Korleis førebrygge ein slik situasjon? Verfta merka seg eit behov for eit systematisk arbeid og ein samarbeidsprofil mellom verfta i Ulstein og Herøy på dette området.

Det vart tidleg oppdaga at den religiøse identiteten var svært viktig for polakkanne. Det var like vanleg dei hadde religiøse symbol på skapa i garderobane som «pinup jenter». Det å kunne utføre messeplikta si var viktig for polakkane. Utifrå dette behovet vart arbeidet med polske messer i Gursken (Sande kommune) sett i gang, der verfta samarbeida om utgiftene. Oppslutninga var enorm, det var heilt fulle kyrkjer kvar gang.

«Informanten merka seg at polakkane hadde openbart ein heilt annan kultur enn oss nordmenn. Laurdagskvelden var det fyll, vodka og slåssing. Søndagsmorgen sat polakkane på kyrkjebenken og song av full hals og var aktivt deltagande på messe. Dei verka ut som eit veldig religiøst folk med stor respekt for prestane. Når prestane var til stades oppførte dei seg eksemplarisk.»

På spørsmålet om der var noko samarbeid med det offentlege er svaret at det var vanskeleg å få kommunen med. Han fekk kommentarar som; «Arbeidsinnvandrarar angår ikkje oss, det er verfta som har tilsett dei, ikkje vi.» Han påpeika at han synst det var rart det offentlege ikkje såg totaliteten av dette. Arbeidsinnvandrarane brukar samfunnet på lik linje med andre innbyggjararar.

Nokre av dei tiltaka dei prøvde å få til for arbeidsinnvandrarane var fotballturneringar og bruk av ballbingen noko som polakkanne viste stor interesse for. Noko godt samarbeid med det offentlege på dette området var vanskeleg. Han prøvde også å få polsklitteratur til folkebiblioteket. I byrjinga var

dei svært i mot dette, og ynskja ikkje samarbeid. Etter press i frå fylkesbibliotekaren som ivra veldig etter dette, fekk dei ei polsk avdeling på biblioteket til stor glede for polakkane. Særleg var barnefamiliar nøgd med tilgangen til polsk barnelitteratur. Fleire tiltak dei la til rette for var norskurs i regi av verfta, norsk/polisk «språkbok» for å unngå misstydingar på arbeidsplassen, skilting på fleire språk og sikkerheitskurs på polsk.

Eit arrangement som var svært vellykka var når kyrkjelyden i Sande inviterte arbeidsinnvandrarane til kyrkjekaffi etter den katolske messa. Her fikk dei sjå arbeidsinnvandrarane i frå ei anna side, som eit djupt religiøst folk som song av full hals, tok del i gudstenesta og bedde til gud. Vanlegvis opplever mange arbeidsinnvandrarane som eit skremmande syn, anten fulle på laurdagskveldane eller dei går rundt i møkkete kjeldressar. Tilbakemeldingane var at polakkane synst det var hyggeleg at lokalbefolkinga tok i mot dei og «kyrkje damene» vart heilt betekne av desse religiøse mennene. Informanten trur det kan vere sunt for lokalbefolkinga å sjå polakkanne i eit nytt lys.

Det kjem fram at behovet for ein arena tilsvarande den katolske kyrkja er stort. Både sett i eit religiøst perspektiv men også er det ein stor arena for arbeidsinnvandrarane å få kontakt med miljøet, hjelp med praktiske ting og som informasjonskanal for denne gruppa. Det kan sjå ut som om nærlieken av autoriteten til dei katolske prestane er eit viktig aspekt, at prestane kjenner til familiene og kan handle på riktige måtar i ein krisesituasjon. I forhold til rusproblematikk og kriminalitet er det også svært viktig at den katolske kyrkja er synleg, for å unngå dette. Han påpeikar at den katolske kyrkja har absolutt svart til forventningane i samarbeidet.

I eit bedriftsseminar på Stranda i oktober 2014, hadde ei av dei verksemndene som har tilsett flest arbeidsinnvandrarar i studiekommunane foredrag om erfaringar med arbeidsinnvandrarar i verksemda. I verksemda er størsteparten av dei tilsette, katolske arbeidsinnvandrarar. Det kjem fram av foredraget at nokre av dei utfordringane verksemda har med denne gruppa er språk og kommunikasjon, der arbeidsinnvandrarane ofte har ein «ja kultur». Fleire utfordringar er kulturskilnadar spesielt knytt oppimot leiarstil, maktavstand og feminism. Arbeidsinnvandrarane får ofte manglande informasjon om korleis det offentlege fungerer og korleis dei skal delta i norsk samfunnsliv. I dette ligg det mangel på informasjon knytt oppimot skule og barnehage til borna, helsehjelp, skatt, barnevern og norsk kultur.

Det viser seg at verksemda prøvar å bidra til integrering gjennom å dekke norsk kurs på Folkeuniversitetet til og med nivå 3, dei sett krav til norsk opplæring i prøvetida og gir moglegheiter for å oppnå bonus ved bestått eksamen, VOX- midlar er eit tiltak, samtidig prøvar dei å ha eit tett samarbeid med Bulystprosjektet og Folkeuniversitetet. Dei prøvar også å arrangere ulike sosiale samankomstar mellom anna kulturkurs, foreldrekkurs, barnevernkurs og kurs i korleis dei skal oppstre i kontakt med NAV.

Verksemda ser absolutt eit behov for meir engasjement i frå det offentlege.

«Kommunane burde vere flinkare med informasjon og god kommunikasjon med denne gruppa. Betre informasjon knytt oppimot skule og barnehagar, korleis dei skal forhalde seg til NAV og norske skattereglar, barnevernet, norsk kultur og liknande. Det same gjeld å legge til rette for språkopplæring og involvere verksemder i ulikt arbeid slik dei veit kva dei skal gjere i ulike situasjonar.» (Marine Harvest)

Det kjem fram av seminaret at det er eit behov for betre samarbeid mellom næringslivet og det offentlege på dette området. Verksemndene ser mellom anna behov for ein pakke til verksemndene, der kommunen synliggjer kva tilbod som er i kommunen for denne gruppa. Ulike kultur og fritidstilbod er noko som vert nemnt. Eit slikt samarbeid vil mellom anna gjøre det enklare for verksemndene å kjøre småkurs om norsk samfunnsliv ved ny tilsetting.

Drøfting

I denne delen av oppgåva ser eg på det innsamla datamaterialet og drøftar dette oppimot teoriperspektiva som er framstilt i teorikapittelet. Eg ser nærmare på den katolske kyrkja som ein integreringsarena, og korleis kyrkja kan vere ein ressurs for kommunane. Samtidig ser eg på korleis ein kan nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planarbeid, kva utfordringar arbeidsinnvandrarane har ovanfor kommunane og kva konkrete tiltak kommunane bør gjere ovanfor denne gruppa.

Den katolske kyrkja som integreringsarena

Ein integreringsarena er ein arena som opnar opp dører for deltaking til eit større fellesskap. I følgje Ødegård (2014) er innvandrarorganisasjonar i spenningsfeltet mellom å fungere anten som eit integrerande eller segregerande fellesskap. Interesseorganisasjonar anten det er idrettslag, kyrkjelydar eller ulike kulturelle lag, har dei ulike potensiale til å bygge nettverk. Vellykka integrering handlar i stor grad om å vere ein del av ressursrike sosiale omgivnadar, som kan hjelpe ein til å ta del i det nye miljøet sitt. Ressursane i sosiale nettverk er viktige i integreringsprosessar til det nye samfunnet. I ein integreringsprosess er både samanbindande og brubyggande nettverk avgjerande for ein vellykka prosess, der tillit og relasjonsbygging oppstår. I følgje Lyda (1916) er mennesket hjelpelaust i ein sosial samanheng, dersom det overlatast til seg sjølv. Kjem individet i kontakt med andre grupper, vil dette føre til ein kumulasjon av sosial kapital, med etterverknadar av at levekåra vert betre for heile lokalsamfunnet. Ser ein på den katolske kyrkja i Ålesund, kan truleg kyrkja vere eit slikt bindeledd som skapar kontakt mellom arbeidsinnvandrarane og det norske samfunnet. Det er truleg at religiøse fellesskap nett som den katolske kyrkja, kan vere ein viktig faktor som gir migrantane hjelp til å meistre den nye situasjonen og det nye miljøet sitt. Dersom dette er tilfellet, kan den katolske kyrkja i Ålesund fungere som ein integreringsarena for dei katolske arbeidsinnvandrarane i fylket. På den andre sida er det viktig å understreke at den katolske kyrkja har stor tydnad for mange arbeidsinnvandrarar, men ikkje alle. Sjølv om eg i arbeidet mitt nemner arbeidsinnvandrarar som ei gruppe innvandrarar, er ikkje alle desse religiøse. Anten dei kjem i frå land som ikkje er katolske, at dei kjem i frå kulturar der det å gå til messe er mindre viktige, eller at dei ikkje er religiøse av personlege årsaker.

I følgje Kuusela (2009) sine studiar av finske arbeidsinnvandrarar i Sverige, er tilknyting til eit fellesskap og ein organisasjon dei aller viktigaste faktorane for ein vellykka integreringsprosess i eit nytt samfunn. Truleg gir deltaking i organisasjonar menneska eit sosialt støtteapparat, ei meiningsfylt fritid og støtte til eigen kultur og identitet. Desse relasjonane kan hjelpe arbeidsinnvandrarane med å finne bustad, arbeid, delta i ulike fritidsaktivitetar og forståing for kulturen i det nye landet. Sosial kapital blir skapt i slike interesseorganisasjonar. Det viser seg i følgje denne studien at dette er tilfelle, fleire av dei katolske arbeidsinnvandrarane opplever at det å delta på messer og dugnad i kyrkjelyden, tilfører noko meir enn frelse. Sjølv om fleire av informantane svara at kyrkja har ein verdi utover det religiøse, gjeld ikkje dette alle. Det viser seg at mange av kyrkjegjengjarane utfører messeplikta si, men tek ikkje del i det kyrkjelegefellesskapet. For desse vil ikkje den katolske kyrkja ha nokon integrerandeeffekt.

At innvandrarar engasjerer seg i reine innvandrarorganisasjonar er ofte forbunde med at dei isolerer seg i frå samfunnet elles, i mange situasjonar er dette tilfelle sjølv om fleire studiar syner det motsette. På den eine sida ved å involvere seg i ein innvandrarorganisasjon, møter ein andre innvandrarar som er meir integrerte enn dei sjølve. Ein skapar relasjonar, bygg seg nye nettverk og vert meir kapabel til å ta del i det norske samfunnet. På den andre sida vil deltaking i innvandrarorganisasjonar gi mangefull språktrening, der det kan oppstå eigne subkulturar og lukka miljø. Informantar i frå studiekommunane uttrykker haldningar om at der må vere ei blanding mellom etniske nordmenn og innvandrarar i organisasjonen, for at organisasjonen skal ha ei integrerande effekt. Språk er ofte ei utfordring for dei fleste innvandrarar. Dersom ein involverer seg med andre i frå same nasjonalitet som ein sjølv, vil ein få lite språktrening. Det kjem også fram i studien min at polakkane ofte har eigne subkulturar på arbeidsplassen, der det er vanskeleg for etniske nordmenn å sleppe til. På den andre sida kan truleg integrering vere meir enn språktrening. Det er truleg at ein igjennom innvandrarorganisasjonar kan skape seg nettverk ut i samfunnet, som hjelper ein å finne bustad og delta på ulike fritidsaktivitetar. Dersom ein til dømes igjennom ein innvandrarorganisasjon møter nokon som spelar fotball på det lokale fotballaget, og ein sjølv har interesse for fotball, er det truleg enklare å kome i kontakt med dette miljøet igjennom ein slik port opnar. Pierre Bourdieu (1992) definerer sosial kapital som summen av ressursar som tilkjem eit individ eller ei gruppe som resultat av å ha eit vedvarande nettverk. For å skape sosial kapital, er det å ta del i eit nettverk den viktigaste faktoren for integreringsprosessen.

Utifrå tala presentert av dei katolske prestane i kyrkjelyden i Ålesund, er det tydeleg at den katolske kyrkja i Ålesund er ein innvandrarorganisasjon. (Her må ein sjølv sagt ta etterhald om juks i medlemstal.) Der er truleg ein del filipinarar, litauarar og andre nasjonalitetar, men få etniske nordmenn. Ein vil då kunne tenke seg ut i frå dette at kyrkja ikkje er ein funksjon i forhold til språkopplæring. På den andre sida viser studien at kyrkja likevel har teke på seg denne oppgåva, der dei arrangerer norskkurs for katolske arbeidsinnvandrarar. Då kyrkjelyden har knappe ressursar, viser det seg at dei ikkje har moglegheit til å gi dette tilbodet til alle.

I følgje informantane i studiekommunane, viser det seg at fleire sentrale samfunnsinstitusjonar ser eit behov for ein arena tilsvarande den katolske kyrkja. Fleire meiner det vert gjort alt for lite for arbeidsinnvandrarane, då dei er ei gruppe det er vanskeleg å oppnå kontakt med. Fleire opplever at dei manglar informasjon på området, mellom anna informasjon om den katolske kyrkja si rolle og arbeidet til den katolske kyrkja knytt oppimot denne gruppa. Samtidig opplever fleire av informantane at dei kanskje burde ha hatt dialog med den katolske kyrkja. Eit fåtal av dei spurde i intervjuha har kjennskap til den katolske kyrkja knytt opp mot arbeidsinnvandrarar frå før av, dei har i liten grad sett på den katolske kyrkja som ein ressurs eller som ein integreringsarena. Det er ikkje unaturleg at informantane har i liten grad sett på den katolske kyrkja som ein ressurs. For det første har den katolske kyrkja først og fremst ei religiøsrolle ovanfor denne gruppa, dei har ikkje noko ansvar eller ressursar til å drive integreringsarbeid ovanfor dei katolske arbeidsinnvandrarane. For det andre vert ofte innvandrarorganisasjonar sett på som segregerande. Fleire studiar og erfaringar i frå denne studien viser at den katolske kyrkja har potensiale til å fungere integrerande for denne gruppa, men at dette potensiale vert i liten grad utnytta.

Det viser seg at fleire instansar i kommunane prøvar å skape ein integreringsarena for arbeidsinnvandrarane. Både Bulystprosjektet for Herøy og Ulstein, og frivillig sentralane er aktive i dette arbeidet. Derimot opplever dei at dette er svært vanskeleg å få til, grunna lite oppslutning kring arrangementa. Aktørane føler seg makteslause, då dei opplever at dei har brukt mykje tid og ressursar på dette, utan å lykkast. Årsaka til at dei ikkje har lykkast i arbeidet kan vere mange, og er truleg avhengig av fleire ulike variablar. På den eine sida kan ein variabel til dette vere mangel på institusjonell kapasitet i området. Med institusjonell kapasitet er det avgjerande å ha dei rette relasjonane, kunnskapen og evne til å mobilisere dette ut i lokalsamfunnet. Ser ein på

relasjonsressursane til studiekommunane, der ein ser på samarbeid mellom aktørane, partnarskap og nettverk, er det lite å finne av dette mellom kommunane og den katolske kyrkja. Det kjem også fram av studien at både aktørane i kommunane og det lokale næringslivet manglar kunnskap og tilgang til kompetanse på området. Det viser seg at dei har liten tilgang på kunnskapsressursar, der dei har moglegheita til å tenke innovativt, reflektere over vala sine og lære av prosessen. Ved å bygge viktige relasjonar, auke kompetansen og kunnskapen på det aktuelle område, vil truleg den institusjonelle kapasiteten i studiekommunane auke. På den andre sida kan årsaken til at dei ikkje har lykkast, vere at det er for lite oppslutning om dette temaet i plan og utviklingsarbeidet i kommunane. Det er vanskeleg for enkeltaktørar å få til eit godt samarbeid, dersom dei står aleine. Det viser seg utifra studien at ansvaret for å integrere arbeidsinnvandrarane er lagt til ein enkelt aktør i Bulystprosjektet. I lokalsamfunnsutvikling er samarbeid den viktigaste faktoren for å kunne lykkast. Studien viser at begge kommunane ser behovet for å bidra til å utvikle arenaer som kan fungere i integreringa av arbeidsinnvandrarane. Om den katolske kyrkja kan fungere som ein slik arena, kan dei i liten grad vurdere ut frå den kunnskapen dei sit på i dag. Behovet for integreringsarenaer er likevel aktuelt, og det blir ikkje ute lukka at den katolske kyrkja kan vere ein slik arena.

Korleis kan den katolske kyrkja vere ein ressurs for kommunane i integreringsarbeid av arbeidsinnvandrarar?

Kollaborativ planlegging argumenterer for at interessene til aktørane vert forma av sosial interaksjon i ulike sosiale fellesskap og på ulike kulturelle arena. På desse arenaene skapast forståing for kvarandre, felles meningar der formålet er å bygge nye relasjonar som aukar den kollektive handlinga. Habermas (1984) påpeikar at behovet for koordinert handling genererer i samfunn med behov for kommunikasjon mellom ulike partar, for å få løyst viktige samfunnsoppgåver. For å auke kvaliteten og betre organiseringa i eit lokalsamfunn er ein avhengig av kollektiv handling, og samarbeid mellom det offentlege, frivillige og næringslivet. For å kunne vere i stand til å løyse ulike samfunns utfordringar er ein nøydd til å finne behovet.

Erfaringane frå denne studien viser at kommunane har eit behov for ein arena å nå ut til dei mange arbeidsinnvandrarane som er busette i Herøy og Ulstein. Kommunane si rolle i integrering av arbeidsinnvandrarar vert både som utviklingsaktør og som tenesteprodusent. Samstundes bør kommunane fremme samarbeid og samhandling mellom ulike aktørar på ulike nivå. På den eine sida viser det seg at kommunane i studien har mellom anna behov for å ha ein informasjonskanal til arbeidsinnvandrarane. På den andre sida opplever arbeidsinnvandrarane lite informasjon i frå kommunane, mellom anna knytt oppimot skule til borna, barnehage, barnevern, helsehjelp, skattereglar og norsk kultur. Det viser seg at det er eit behov for ein tosidig informasjonskanal på dette området. Det er lite informasjon å hente om eventuelle eksisterande bindeledd mellom arbeidsinnvandrarane og det offentlege. Når dette er sagt viser også tilbakemeldingane at språk og vaksenopplæringa for denne gruppa er mangelfull. Arbeidsinnvandrarane bør også få tilbod om språk- og vaksenopplæring på lik linje med flyktningar og andre innvandrargrupper. Fleire studiar, og erfaringane frå denne studien viser at gode språkkunnskapar er det mest sentrale i integreringsprosessar og tilpassing til det nye samfunnet. Dette tilsei at arbeidsinnvandrarane burde ikkje stå utanfor systemet slik dei gjer i dag. Studien viser eit behov for å auke samhandling og endre dynamikken mellom det offentlege, næringslivet og det frivillige.

For å auke samhandling og endre dynamikken mellom ulike aktørar i samfunnet, er ein avhengig av å kunne utvikle kunnskapsressursar på området, bygge relasjonar mellom aktuelle aktørar og vidare prøve å mobilisere kunnskapen ut i samfunnet. Ser ein på tilfelle i Ulstein og Herøy, har kommunane

absolutt eit behov for å auke den institusjonelle kapasiteten sin på dette området. Fleire av intervjuia frå studien i desse to kommunane viser at aktørane manglar kunnskap på området. Dei manglar eit kontaktpunkt, samstundes ynskjer dei seg fleire relasjonar og eit betre nettverk mellom det frivillige, private og det offentlege. På den eine sida ser ein at viljen for samarbeid er til stades, men likevel vert det ikkje gjort noko for å skape eit fellesskap og eit samarbeid. Det viser seg at fleire av aktørane i kommunane arbeider med dei same oppgåvene, og slit med dei same tinga oppimot denne gruppa, utan å vite om kvarandre. På den andre sida viser det seg at det er næringslivet og frivillige innan den katolske kyrkja, som har vore mest offensive i å prøve å skape samarbeid og bygge nettverk mellom kyrkja, næringslivet og det offentlege. Men at dette har vore vanskeleg å få til. Dersom den katolske kyrkja skal vere ein ressurs for kommunane, bør aktørane etablere eit betre samarbeid enn det som er tilfelle i dag.

Ser ein dette ut i frå synspunkta til næringslivet i studiekommunane, er det mange likskapstrekk med kommunane. Det viser seg at ei av dei verksemndene på Sunnmøre som har størst del arbeidsinnvandrarar i arbeidsstokken sin, er oppteken av eit betre engasjement i frå det offentlege. Særleg ser dei dette oppimot utfordringar arbeidsinnvandrarane har med å setje seg inn i NAV systemet, det norske skattesystemet og barnevern, som er institusjonar denne gruppa har utfordringar med. Informantane påpeikar at det å legge til rette for språkopplæring og det å involvere verksemder i prosessar oppimot arbeidsinnvandrarar, slik at dei veit kva dei skal gjere i ulike situasjonar er viktig. Det kjem fram av eit bedriftsseminar (2014) at det lokale næringslivet ser eit stort behov for ein pakke til verksemndene, der kommunane synliggjer kva tilbod som er i kommunane for denne gruppa. Mellom anna kulturtildelinger, idrettslag, fritidsaktivitetar, frivillig sentral etc. er nemnt. Verksemda prøvar å arrangere ulike sosiale tilhøve, kulturkurs, foreldrerekurs og kurs i korleis dei skal oppstre i møte med barnevernet og NAV. På den eine sida hadde det vore enklare å få til eit samarbeid dersom ein hadde ei større kontaktflate med kommunane, der ein kunne utvikle potensialet for samarbeid og der kommunane kunne bidra med kunnskap på ulike område. På den andre sida ville eit slikt samarbeid krevje ein større innsats for begge partar enn det som er tilfelle i dag. Dette vil vere både tid og ressurskrevjande.

Ved å involvere seg i sosiale nettverk, delta i sosiale aktivitetar, lag og organisasjonar bygger ein opp sosial kapital. For å auke den sosiale kapitalen i eit fellesskap, bør ein bygge opp tillit mellom aktørane og samarbeid over tid. Det kjem fram i eit intervju med tidlegare leiar for verksemda Personalomsorgen på Søre Sunnmøre, at behovet for ein arena som den katolske kyrkja er stort for arbeidsinnvandrarane. På den eine sida sett i eit religiøst perspektiv, men også er dette ein stor arena for arbeidsinnvandrarane å få kontakt med miljøet, hjelpe med praktiske ting og som informasjonskanal i det nye samfunnet. Denne informanten meiner at nærliek til dei katolske prestane kan ha ei positiv effekt på å førebygge rusproblematikk og kriminalitet, då arbeidsinnvandrarane har stor respekt og tillit til dei katolske prestane. På den eine sida dersom nærlieken av eit religiøst miljø kan ha ei effekt som verkar førebyggande på rusproblematikk og kriminalitet i desse miljøa, vil eit auka samarbeid med den katolske kyrkja ha store føremonar for lokalsamfunnet i studiekommunane. I mange av desse miljøa der arbeidsinnvandrarar bur tett på kvarandre, oppstår det fleire uheldige situasjonar knytt til rus og kriminalitet. På den andre sida kan ein ikkje dokumentere dette, før ein faktisk har sett inn dette som eit tiltak. Det er tidlegare utført lite forsking på dette feltet oppimot kristne migrantar. På den eine sida igjen viser fleire studiar at auka aktivitet i ulike innvandrarorganisasjonar, auka også sjansen for ein vellykka integreringsprosess. Og at innvandrarar som er meir integrert i samfunnet, utfører færre kriminelle handlingar. For at den katolske kyrkja skal kunne vere ein ressurs for kommunane, bør prosessane både fungere samanbindande og brubyggande. Samanbindande der ein forsterkar identiteten til innvandrarane, men også vert det viktig å føre prosessar som er brubyggande, der ein bygg relasjonar mellom menneske på tvers av ulike sosiale grenser for å unngå segregering.

Det er nødvendig at kommunane ser totaliteten av arbeidsinnvandring, å kor viktig det faktisk er å integrere denne gruppa i lokalsamfunna. Dette kan vere avgjerande for om den katolske kyrkja kan fungere som ein ressurs eller ikkje. Ei erfaring frå studiekommunane var at det var lettare å få det private næringslivet enn det offentleg på banen med tanke på spørsmål om arbeidsinnvandring og arbeidsinnvandrarar, i alle fall i ein tidleg fase. Kommentarar som «*arbeidsinnvandrarar angår ikkje oss, det er verfta som har tilsett dei, ikkje vi*» dreg informanten fram. På den eine sida påpeika informanten at han synst det var rart det offentlege ikkje såg totaliteten av dette, då arbeidsinnvandrarane brukar samfunnet på lik linje med andre innbyggjararar. På den andre sida så er arbeidsinnvandrarane ein svært stor ressurs for det lokale næringslivet, og dette vil igjen få ringverknadar ut til lokalsamfunna i studiekommunane. Utan arbeidsinnvandring ville det ikkje vere

mogleg for verfta på Sunnmøre å drive produksjonen sin i Noreg. For at lokalsamfunna i studiekommunane skal ha ei berekraftig utvikling, er dei avhengig av å ha eit konkuransedyktig og innovativt næringsliv. Det er viktig at det offentlege ser totaliteten av arbeidsinnvandring og den ressursen denne gruppa er for det lokale næringslivet. Dette verkar både inn på å leggje til rette for denne gruppa med gode bu forhold, språkopplæring og involvering, men også å opprette ein betre informasjonskanal inn mot denne gruppa enn det som er tilfelle i dag. Både det offentlege, næringslivet og det frivillige er avhengig av eit nært samarbeid for å kunne utvikle seg. I samfunnsutvikling kan ein ikkje stå aleine.

Coleman (2000) meiner at sosial kapital bør vere med i økonomiske regnestykke og økonomiske modellar. For å auke effektivitet og verdiskaping i økonomien, bør ein ha tilstrekkelege fungerande sosiale nettverk og tillit mellom aktørane. Dersom ein over tid bygger opp sosial kapital, vil dette sikre stabilitet i næringsaktiviteten i det aktuelle området. I prosjektet «Ora et labora» har ein intervjuet fleire som arbeidar frivillig i den katolske kyrkja. Det viser seg på den eine sida at dei frivillige i den katolske kyrkja, ser eit aukande behov for hjelp til kontakt med ulike samfunnsinstitusjonar. Polakkane føler seg ofte diskriminert i samhandling med det offentlege. Mange av problema skuldast ofte mistydingar mellom polakkane og offentleg tilsette. Slike situasjonar kan føre til at det oppstår konfliktforhold og misstillit mellom arbeidsinnvandrarane og det offentlege. På den andre sida ser ein at dersom ein aukar aktiviteten mellom det frivillige, offentlege og næringslivet vil ein skape ein ressurs som er forankra i sosiale strukturar og gjer det enklare for enkelt individ, grupper og organisasjonar å utøve målretta handling. Ein skapar med dette sosial kapital. Sosial kapital er av ein annan karakter enn økonomisk, human og kulturell kapital, samstundes har den det til felles at den kan gi avkastning. I dette ligg det at med sosial kapital tilgjengelig, kan ein oppnå ei betre tilpassing og integrering. Dette gjer at ein kan oppnå mål som elles hadde vore vanskeleg eller umulig å utføre. På den eine sida er det mange organisasjonar og frivillige lag som kan ha ein integrerande effekt å auke effektiviteten og verdiskapinga i økonomien. Det er ikkje tilfelle at den katolske kyrkja er den einaste organisasjonen som kan ha ein slik effekt. På den andre sida er det nettopp den katolske kyrkja denne studien har hatt som fokusområde, og det er derfor den katolske kyrkja vert framheva. Det er sjølv sagt andre mulige arenaer som kan fungere som ein ressurs for kommunane på dette området.

Bourdieu meiner at hensikta med sosial kapital, er å rette merksemd mot menneskeleg aktivitet som ein verdi for samfunnet. For Coleman stod det sentralt å kople saman sosial med økonomisk kapital, for å få fram samansmelting av økonomi og kultur, og tydnaden av dette. Dei nærmast usynlege relasjonane mellom økonomi og kultur, kan ha store synlege samfunnseffektar og vere av stor samfunnsøkonomisk tydnad. I samtale med frivillige i den katolske kyrkja, kjem det fram at det er meir samarbeid mellom kyrkja og næringslivet enn mellom kyrkja og det offentlege. På den eine sida verkar det ut som om næringslivet har forstått kor viktig eit slikt samarbeid kan vere, både med tanke på å innkalle i kriseteam og krisesituasjonar, men også det å nytte seg av den katolske kyrkja som informasjonskanal. På den andre sida viser studien at arbeidsinnvandrarane har tillit til dei katolske prestane, noko som skapar tryggleik og forståing for det norske samfunnet. I følgje Coleman aukar den sosiale kapitalen dersom ein skapar forventningar mellom aktørane, etablerer tillit og fastsett normer for samhandling. I intervju med dei katolske prestane kjem det fram at der er lite samhandling mellom kyrkja og det offentlege. Dei har eit betre samarbeid til næringslivet i dei to studiekommunane. På spørsmålet om dei katolske prestane meiner kyrkja bør bidra til integrering av arbeidsinnvandrarane, er svaret ja. Dei fortel at polakkane har ulike erfaringar med det offentlege, og mange er genuint skeptiske til det offentlege. At prestane kan bidra med å skape tillit og trygge relasjonar mellom arbeidsinnvandrarane og det offentlege trur dei er tilfelle.

Innvandrarorganisasjonar held seg i spenningsfeltet mellom integrerande eller segregerande fellesskap. Interesseorganisasjonar anten det er idrettslag, kyrkjelydar eller ulike kulturelle lag, har slike arenaer potensiale til å bygge nettverk. Erfaringar i frå denne studien viser at kyrkjelyden har eit potensiale til å bygge nettverk ut i samfunnet, dette opnar opp for eit nærrare samarbeid mellom det frivillige, offentlege og næringslivet.

Bulystprosjektet i Herøy og Ulstein har arbeidd for å skape arenaer som skal gjere eit bidrag i integreringsarbeid for nettopp arbeidsinnvandrarar. Igjennom Bulystprosjektet har kommunane prøvd å skape arenaer der arbeidsinnvandrarane kan skape nettverk og relasjonar som kan hjelpe dei å verte meir integrert i lokalsamfunnet. Dette viser seg å vere vanskeleg. For det første har dei prøvd å inkludere denne gruppa på ulike arenaer, utan å lukkast. Å få arbeidsinnvandrarane til å møte frivillig opp viser seg å vere ei utfordring. For det andre viser det seg at sjølv om mange av arbeidsinnvandrarane er ute etter ein arena der dei kan møtast å trenre språk, eller delta på ulike arrangement, så er deltakinga svært dårlig. Utifrå informantane som er med i ressursgruppa til Bulystprosjektet, verkar det ut som om dei ser behovet for å involvere denne gruppa, dei har prøvd å

setje inn tiltak gjennom Bulystprosjektet, men likevel så lukkast dei ikkje med å nå ut til denne gruppa. Det er tydeleg at behovet for å sjå på dynamikken i dialektikken mellom partane er stort. Ein bør sjå på dei allereie eksisterande relasjonane og nettverka om dei har endra seg i takt med kvarandre, dersom dette ikkje er tilfelle vil aktørane ikkje oppnå ei felles forståing. Her vert det viktig å utfordre og endre etablert åtferd i nettverka for å auke læringskapasiteten. Eit lokalsamfunn med stor kollektiv handlingskapasitet aukar muligheitene sine til å påverke omgivnadane, der ein skapar fellesskap og bygger samfunn.

Sjølv om dei to studiekommunane Herøy og Ulstein absolutt har gjort ein innsats på dette området, ved å etablere Bulystprosjektet, viser det seg at dette i mindre grad har fungert. Dersom ein skal forklare dette ut i frå eit teoretisk perspektiv, kan kollektiv handling og institusjonell kapasitetsbygging vere nyttige omgrep. Det er enkelt å legge kollektive oppgåver til ein enkelt aktør, «å krysse dette av på lista over fullførte samfunnsoppgåver». Så enkelt er det sjeldan. For å auke den kollektive handlinga og den institusjonelle kapasiteten i lokalsamfunnet, er ein avhengig av kontinuerlege bidrag til prosessen mellom fleire ulike partar. I dette tilfellet mellom frivillige, det lokale næringslivet og kommunane. Dersom ein i slike prosessar legg alt ansvar til ein aktør, vil ein ikkje auke den kollektive handlinga, tvert imot. For å oppnå kollektiv handling, er det naudsynt at alle aktørar tek si «bør». Med auka aktivitet i frå ulike aktørar på frivillig, privat og offentleg nivå, aukar ein den institusjonelle kapitalen i lokalsamfunnet.

Tilbakemeldingane frå informantane viser eit behov for eit betre samarbeid mellom den katolske kyrkja, næringslivet og det offentlege. Dersom ein gjennom lokale prosessar mellom aktørane kan skape meir initiativ, samarbeid og kunnskap på området, vil dette skape eit meir samansett lokalsamfunn for framtida. Dei to studiekommunane har eit stort omfang arbeidsinnvandrarar, fortsetter ein å unngå samarbeid mellom det frivillige, offentlege og næringslivet kan dette føre til at arbeidsinnvandrarane verte eit samfunnsproblem for dei to lokalsamfunna. Arbeidsinnvandrarane er ein viktig ressurs for næringslivet. Med den befolkningsutviklinga som er i fylket i dag, vil ein ikkje kunne skaffe nok kompetent arbeidskraft utan innvandring. For å auke den kollektive handlingskapasiteten i dei to studiekommunane, bør ein betre samhandlinga mellom aktørane. Eit lokalsamfunn med stor kollektiv handlingskapasitet, aukar moglegheitene sine til å påverke

omgivnadane. Gjennom kollektiv handling gjer aktørane lokalsamfunnet mindre sårbart for sosiale og økonomiske kriser, og aukar fokuset på langsiktige bærekraftige løysingar.

For å få til gode samhandlingsprosessar er det viktig med institusjonell fleksibilitet, der ein ser på organisasjonen si evne til endring. I samhandlingsprosessane bør ein legge vekt på dialektikken, der aktørane endra meinung med auka kunnskap på det aktuelle området. I følgje Healey er kriteria for å få til ein suksessfull institusjonell kapasitetsbyggingsprosess, tilgang til brei kunnskap på området, å kunne føre kommunikative prosessar, involvere røyvde partar og kontinuerleg endre idear, når nye kjem til.

Utifrå kriteria til Healey er brei kunnskap på det aktuelle studieområdet viktig for å få til ein suksessfull institusjonell kapasitetsbyggingsprosess. Ved kollektiv handling kan ein auke kunnskapsnivået, gjennom å involvere fleire ulike aktørar med ulik fagbakgrunn på området. Erfaringane frå denne studien viser at dei katolske prestane og dei frivillige i den katolske kyrkja, sit på verdiful kunnskap som dei har tileigna seg igjennom diakonalt arbeid. Her får dei innsikt i situasjonen, ser behov og utfordringar og skapar trygge relasjonar til arbeidsinnvandrarane. På den eine sida kan det private næringslivet og det offentlege dra nytte av denne kunnskapen i samhandlingsprosessar. Gjennom å bygge trygge relasjonar og nettverk, kan dette truleg opne opp for å skape arenaer for medverknad i plan- og utviklingsarbeid. På den andre sida, sit det offentlege på nyttig kunnskap innan ulike felt, denne kunnskapen bør mobiliserast vidare til arbeidsinnvandrarane. For å skape legitimitet og fjerne maktskilnadar, kan ei mulighet vere å utveksle kunnskap i kommunikative prosessar. Dette er spesielt viktig dersom ein ynskjer å få fram kunnskap i frå svakstilte aktørar. Det viser seg at når ein involverer ulike aktørar, som det frivillige, næringslivet og det offentlege har aktørane ulike ambisjonar. Dersom ein gjennom kommunikasjon og samhandling, kan sjå nytteverdien for alle partar i å integrere og involvere arbeidsinnvandrarane i lokalsamfunnet på ein betre måte enn i dag, vil det vere enklare å operasjonalisere den kommunikative prosessen til handling.

Utfordringa med kommunikative prosessar er at dei er både tid og ressurskrevjande. Prosessane krev aktiv deltaking både i frå frivillig, privat og det offentlege. Både partane i den katolske kyrkja, næringslivet og i kommunane har allereie mange oppgåver å prioritere. Då kan kommunikative prosessar verke både utmattande, uoppnåeleg og «draumande». For det første er det å finne tid og ressursar til å gjennomføre gode kommunikative prosessar ei stor utfordring. På den andre sida er samfunnsnytten av slike prosessar stor. Gjennom samhandling og dialog mellom aktuelle aktørar, kan ein bygge fellesskap og samfunn på ein berekraftigmåte. Dette er noko av det som står mest sentralt i samfunnsstyring og samfunnsplanlegging i dag. For at den katolske kyrkja skal kunne vere ein ressurs for kommunane oppimot katolske arbeidsinnvandrarar, bør ein auke den institusjonelle kapasiteten i lokalsamfunna gjennom å skape nye relasjonar, styrke etablerte nettverk, som igjen genererer til auka kollektiv handling.

Korleis kan ein nytte seg av den katolske kyrkja som medverknadsarena i planlegging?

Kollaborativ planleggingsteori utfordrar maktperspektivet til planleggarrolla og erstattar rein ekspertmakt med prosessar som involverer både interessentar og ekspertar. Dialog, samtale, medverknad og det å oppnå felles forståing for situasjonen er grunnleggande. Motsetninga til kollaborativ planlegging er instrumentell planlegging. I slike planleggingsprosessar vert planar laga og avgjersle tekne av ekspertar på fagfeltet, utan å involvere røyvde partar. Ei slik tilnærming til planleggingsfaget er svært effektiv og mindre tid- og ressurskrevjande enn kollaborative planleggingsprosessar. Samstundes har instrumentelleprosessar mindre samfunnsnytte, då dei ikkje involverer interessentar.

Utfordringar med medverknadsprosessar er å få fram røystene til svake og sårbare grupper i samfunnet. Ofte vert det slik at dei som ropar høgast får fram meiningane sine. Arbeidsinnvandrarar kan vere ei slik sårbar gruppe i samfunnet, dei kan vere vanskelege å få til å delta, samstundes har dei ikkje nokon som talar for si sak. Ofte er språk ei utfordring, men også mangel på tillit til det offentlege. For å få til gode kollaborative prosessar krev dette samarbeid mellom planleggarar, interessentar, private aktørar og frivillige organisasjonar. På den eine sida for å forbetre kvaliteten i lokalsamfunnet er ein avhengig av samarbeid mellom desse partane. Arbeidsinnvandrarane representerer ei stor gruppe i lokalsamfunna i dei to studiekommunane. Truleg vil kommunane tene på å få til eit betre samarbeid med denne gruppa, dersom dei inkluderer dei i medverknadsprosessar for lokalsamfunnsutvikling. På den andre sida vil det å arbeide pro-aktivt mellom kommunane og interessentane vere sentralt i konsensusbyggande prosessar. Ein bør legge bak seg tidlegare historier og saker som ikkje er relevante. Vidare må ein prøve å bygge relasjonar mellom interessentane, der interessentane prøvar å kome fram til løysingar i fellesskap. På den eine sida kan ein ikkje som planleggar forvente at konsensusbygging skjer av seg sjølv. Dei ulike partane kjem ofte inn i prosessar med fordommar, usikkerheit og i forsvar for si sak. Ved at interessentane er bevisste allereie tidleg i prosessen på kva dei ikkje ynskjer, bidreg dette i mange tilfelle å skape eit samhald mellom aktørane mot ei betre løysing. I dette tilfelle er det viktig at partane har tilstrekkeleg kunnskap på området når dei møtast for samhandling. Dersom ein forventar at konfliktar skal løysast med gode intensjonar, vil ein få utfordringar både i den taktiske og operative fasen av planleggingsprosessen.

For å skape legitimitet i planleggingsprosessen, er det viktig å ha brei medverknad i frå ulike grupper i samfunnet. Ser ein på kontaktflata til den katolske kyrkja, finn ein meir deltaking i frå minoritetsgrupper i religiøse trussamfunn. Trussamfunn som den katolske kyrkja kan både fungere integrerande, men også vere vegen ut i det nye samfunnet for mange. Samstundes aukar det truleg evna til å løyse konfliktar i grupper, på lokalsamfunnsnivå og elles i samfunnet.

Ofte er planlegging for fleirkulturelle og fragmenterte samfunn eit problem mange planleggarar opplever. Det kan vere lett planleggaren umedviten planlegg for gjennomsnittsnordmannen, utan å tenke over at ulike grupper har ulike behov og må tilnærmaast på ulike hald. Ei av utfordringane knytt oppimot dette, er å finne arenaer der ein kan få minoritetsbefolkning til å medverke og delta aktivt i plan og utviklingsprosessar i lokalsamfunnet. Mange innvandrargrupper er skeptiske til det offentlege, dei manglar tillit til systemet og det kan vere ei utfordring å få dei til å delta i medverknadsprosessar. Det viser seg utifrå denne studien at dei to studiekommunane har utfordringar med nettopp dette. For det første ser ein at informantane i frå kommunane ser eit behov for ein arena tilsvarende den katolske kyrkja, som kan fungere som eit kontaktpunkt mellom arbeidsinnvandrarane og kommunane. For det andre har dei eit behov for ein arena der arbeidsinnvandrarane kan få hjelp til kontakt med offentlege institusjonar. For det tredje opplever informantar i frå kommuneorganisasjonen at dei har problem med å få denne gruppa til å møte frivillig opp, sjølv om dei har prøvd å oppnå kontakt.

For at kommunane skal kunne nytte seg av den katolske kyrkja som ein medverknadsarena er det fleire aspekt ein bør vurdere. For det første er det viktig at konteksten til planleggingsarbeidet vert skapt gjennom ulike relasjoner og nettverk. Desse nettverka bør ha kapasitet til å endre seg når konteksten vert utfordra av omgivnadane. Vidare er det nødvendig å fokuserer på å bygge opp relasjoner mellom ulike nettverk, og skape nye relasjoner mellom allereie eksisterande nettverk. På den eine sida kan ein gjennom samhandling mellom aktørane, bygge ny felles forståing for situasjonen. Det er truleg nyttig å gjere ei tilnærming, der ein ser på samfunnsnytten av den kollektive handlingskapasiteten. Kollektiv handling gjer området meir konkurransedyktig, aukar den berekraftige utviklinga og gir betre levekår for innbyggjarane. Dersom ein aukar den kollektive handlingskapasiteten i eit område, vil dette få effektar til andre område. På den eine sida kan det å ha ei kollaborativ tilnærming til situasjonen bidra med å skape eit fellesskap på tvers av kulturelle

skilnadar. På den andre sida vil ei kollaborativ tilnærming vere tid- og ressurskrevjande, noko som kan vere utfordrande. Det er eit sentralt dilemma når ein arbeidar kollaborativt i multikulturelle samfunn, å kjenne igjen potensialet i den kulturelle dimensjonen, der ein mellom anna ser på kva bakgrunn gruppa har. Kontaktflata den katolske kyrkja har oppimot dei polskemigrantane, kan vere eit viktig verkty for å forstå den kulturelle dimensjonen. Kollaborative prosessar har ei tilnærming der utvikling av kunnskap har fleire former enn rasjonelle systematiske analyser. Lokalkunnskap, aktørane sine utspel om sak og meiningsytringar i frå interessentane er viktig. Det er truleg nyttig for kommunane å tilnærme seg den katolske kyrkja med ei kollaborativ vinkling. Då kollaborative planleggingsprosessar legg vekt på den sosiale konteksten, som resulterer i at interessentane formar planprosessen sjølve. På denne måten er det enklare å tilegne seg nyttig kunnskap, samstundes som ein skapar tillit til aktørane. Dersom ein har dette som ein føresetnad vil det vere enklare å nytte seg av den katolske kyrkja som ein medverknadsarena i planarbeid.

Det viser seg at Herøy kommune har fleire strategiar for å prøve å integrere arbeidsinnvandrarane i lokalsamfunnet. Strategiane for å nå desse målsetjingane har mellom anna vore at kommunen ynskjer å auke kunnskapen knytt til andre kulturar og arbeidsinnvandring. Kommunen vil prøve å vere aktivt ute å promotere, å nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå arbeidstakarar frå andre europeiske land, særleg land i frå Baltikum. For å gjere det enklare for framandspråklege å integrerast i samfunnet ynskjer kommunen å tilby ei god norskopplæring og ei vaksenopplæring som er gratis også for arbeidsinnvandrarar. Det viser seg at kommunen er i startgropa av planarbeid oppimot arbeidsinnvandrarar, men manglar ein arena å til nærme seg denne gruppa på. Gjennom å endre planleggaren si rolle, legge mindre vekt på ekspertkunnskap og meir vekt på lokalkunnskap og medverknad, vil ein få deltakarane reelt med i avgjersleprosessane. I ein kollaborativ planleggingsprosess vurderer ein fleire muligheiter og handlar utifrå aktiv deltaking i frå aktuelle aktørar. Igjennom den kontaktflata den katolske kyrkja har, kan ein gjere eit representativt utval av aktørar som kan representera dei katolske arbeidsinnvandrarane. Dei religiøse trussamfunna kan skape tillit til det offentlege men også til andre samfunnsinstitusjonar. På den eine sida vil det gjere planarbeidet for studiekommunane enklare, dersom dei har tilgang til ei breiare kontaktflate oppimot dei polskemigrantane enn det dei har i dag. På den andre sida dersom ein vel å gjere ei meir instrumentell tilnærming til planleggingsprosessen, vil dette vere mindre tid- og ressurskrevjande. Samstundes vil det vere enklare å gjennomføre ein slik planleggingsprosess. På den eine sida igjen treng ein eigentleg ikkje ein medverknadsarena, dersom ein har ei instrumentell tilnærming til

planleggingsarbeidet. Ein vil då vere meir ute etter å finne ekspertkunnskap på feltet, og dette gjer at ein ikkje har behov for ein medverknadsarena eller synspunkt i frå interessentar.

Eg har i oppgåva mi sett på om den katolske kyrkja kan fungere som ein arena for medverknad i kommunalplanlegging. I den tidlegare nemnte spørjeundersøkinga i frå vestlandskommunane viser det seg at arbeidsinnvandring som tema i kommuneplanlegging er stort sett fråverande. Det viser seg at arbeid knytt oppimot arbeidsinnvandrarar vert ofte kjørt synonymt med andre innvandrargrupper, dersom denne gruppa vert nemnt i det heile. I dei undersøkte kommunane Herøy og Ulstein, er dei meir bevisste kring arbeidsinnvandring som tema i planarbeid. Årsaka til dette er at dei har ein stor prosentdel av busetnaden som er arbeidsinnvandrarar. Herøy kommune har ny samfunnsdel i frå 2013 og har i denne nemnt arbeidsinnvandrarar sentralt i tema knytt oppimot å rekruttere, busette og inkludere. Ulstein kommune skal til på nytt kommuneplanarbeid i 2015, og har planar om å ha arbeidsinnvandring som eige tema i samfunnsdelen. Det viser seg at verken planavdelinga i Herøy eller Ulstein har vurdert den katolske kyrkja som medverknadsarena for kommuneplanarbeid, før no. Det er såleis ikkje slik at dei ikkje kan tenke seg å nytte seg av den katolske kyrkja som ein ressurs. Planleggarane påpeikar at meir kunnskap på området er viktig. Sjølv om planavdelinga i Herøy har nemnt arbeidsinnvandring fleire gangar i planarbeid, er det fleire instansar i kommunen som meiner dette ikkje er nok. Ein burde ha ein kommunedelplan for arbeidsinnvandring. På den eine sida kan ein kommunedelplan for arbeidsinnvandring gjere arbeid retta mot plan og utviklingsarbeid for denne gruppa enklare enn i dag. På den andre sida krev dette ein stor innsats i frå planavdelingane i dei to studiekommunane. Dette er som tidlegare nemnt både tid og ressurskrevjande. På den eine sida igjen vil ein kommunedelplan for arbeidsinnvandring, gjere det enklare å samkjøre dette oppimot anna kommuneplanarbeid. Dette vil i seinare høve lette arbeidet for planavdelingane, og gi eit meir heilskapleg bilet av situasjonen. På den andre sida igjen vil ein slik kommunedelplan krevje rullering og oppdatering noko som er tidkrevjande.

Kyrkjelyden er samansett av polskemigrantar som har vore i landet i lengre tid, og sit derfor på verdifull språkkompetanse. Med denne språkkompetansen kan dei truleg fungere både som tolk og bindeledd mellom arbeidsinnvandrarane og kommunen. Desse kvalitetane gjer den katolske kyrkja ega til å kunne fungere som ein medverknadsarena i planarbeid. Forester (2004) hevdar at det å arbeide proaktivt og skape tillit mellom kommunane og interessentane er viktig i kollaborative

planleggingsprosessar. Ein bør legge vekt på å bygge relasjonar mellom interessentane, der interessentane kjem fram til løysingar i fellesskap. Gjennom å skape relasjonar og etablere nettverk med den katolske kyrkja, kan planavdelingane nytte seg av den katolske kyrkja som instans for medverknad i planarbeid. På denne måten får planavdelingane nyttige innspel i frå denne gruppa, og det vert enklare for planleggarane å nå tak i denne gruppa av innbyggjarar. Då arbeidsinnvandrarane har tillit og respekt for den katolske kyrkja, kan det vere enklare å få til stabile samarbeid. Dersom ein kan skape trygge og nære relasjonar mellom kommunane og den katolske kyrkja, bør det verte like naturleg å få innspel i frå denne instansen i plan- og utviklingsarbeid, som å få innspel i frå grendelag, frivillige organisasjonar, lokalt næringsliv etc.

Kva utfordringar står arbeidsinnvandrarane ovanfor i forhold til kommunane, og kva konkrete tiltak bør kommunane gjere?

Arbeidsinnvandrarar står ovanfor fleire utfordringar i møte med det offentlege. Nokre av desse utfordringane er mellom anna mangel på informasjon om norsk samfunnsliv, kultur, skattesystem og skattereglar, barnevern og fritidstilbod. Arbeidsinnvandrarane får i fleire tilfelle manglande informasjon om korleis det offentlege fungerer og korleis dei skal delta i norsk samfunnsliv. Denne gruppa har heller ingen rettigheter for språkopplæring og vaksenopplæring, slik som flyktningar og andre innvandrargrupper har. Mange av arbeidsinnvandrarane saknar mellom anna ein arena for å kunne trene språk. Dei frivillige i den katolske kyrkja i Ålesund har lenge sett eit stort behov for eit meir tilrettelagt norskkurs. Erfaringar i frå denne studien viser at fleire verksemder i det lokale næringslivet har utfordringar med å arrangere ulike kurs for denne gruppa. Samstundes ser dei eit behov for eit støtteapparat i kriseteam, både når det gjeld informasjon, men også tiltak i sorgprosessar. På den eine sida ser ein ifølgje denne studien, at det er nok av oppgåver for det offentlege å ta tak i oppimot denne gruppa. Både som informasjonskanal, å gje ei betre tilrettelegging for språk og vaksenopplæring, men også ser ein eit behov for eit støtteapparat. Vidare ser ein eit behov for eit betre samarbeid mellom det offentlege og næringslivet på dette området. På den andre sida er dette arbeid som det ikkje er lagt ressursar eller retningsliner for, det vert derfor opptil kvar enkelt kommune om dei vel å prioritere slikt arbeid. Ein ser ofte at arbeid som ikkje er satt krav til, sjeldan vert prioritert med eit trøngt økonomisk handlingsrom.

Dersom ein gjennom kollaborativt arbeid kan skape eit fellesskap på tvers av kulturelle skilnadar, vil ein auke den institusjonelle kapasiteten i området. Mange av dei utfordringane arbeidsinnvandrarane slit med er hjelp til kontakt med ulike samfunnsinstitusjonar. Polakkar føler seg ofte diskriminert, mange av problema skuldast missforståingar mellom polakkane og institusjonane. Det viser seg at det er eit stort behov for sosialt arbeid knytt oppimot denne gruppa. I undersøkinga kjem det fram at fleire frivillige i den katolske kyrkja vert kontakta fleire ganger i veka av arbeidsinnvandrarar knytt oppimot sosialt arbeid. Ofte er det hjelp som er relatert til å permettere seg, oppseiingsvern og arbeidskontraktar. Også i barnevernet er sakene mange. Han påpeikar at det er lite samarbeid mellom Ålesund kommune og den katolske kyrkja. Problemet er at det ofte oppstår konfliktforhold og misstillit mellom det offentlege og arbeidsinnvandrarane. Kyrkja og frivillige organisasjonar gjer mykje arbeid som eigentleg er det offentlege sitt ansvar.

Moderne planleggingsteori omhandlar ikkje lenger å bygge byar eller å kontrollere by byggingsprosessar, men heller om å utvikle stadar der folk ynskjer å busette seg, og der berekraftige og langsigktige løysingar står i sentrum. I planleggingsteorien er ein interessert i korleis offentleg initiativ kan skape nye kunnskapsressursar, bygge relasjonar og auke mobiliseringskapasiteten i lokalsamfunnet, der desse tiltaka kan ha ei langsigktig effekt. Dersom desse prosessane kan ha ei strukurerande effekt, vil dei gjer offentleg sektor meir bevist på stadforankring. Stadforankring, nærleik og tilhøyring til eit område er viktig for integreringsprosessar. På den eine sida dersom ein fekk den katolske kyrkja tett innpå lokalsamfunnet, vil det truleg verte enklare for partane å samarbeide. Samstundes vil den katolske kyrkja få ei sterkare lokal forankring. Truleg vil dette ha tydnad for samhandling mellom lokale aktørar. Dette vil også gjere det enklare for det lokale næringslivet å arrangere kurs og liknande, når dei har ressurspersonar tett innpå verksemndene. På den andre sida kan ein av effektane ved å knyte den katolske kyrkja tett innpå lokalsamfunna, føre til segregering av denne gruppa. Der det oppstår subkulturar og eigne isolerte miljø. På den eine sida igjen viser det seg i mange tilfelle at ved auka aktivitet i innvandrarorganisasjonar, auka ein også sjansane for ein vellykka integreringsprosess. Med dette ville det vere enklare å nå tak i denne gruppa i medverknadsprosessar for plan og utviklingsarbeid, samstundes som det ville vere enklare å nå ut til arbeidsinnvandrarane i beredskap og kriseteam. Dette kan føre til at ein forsterkar identiteten til arbeidsinnvandrarane, der ein gjer det enklare å bygge relasjonar på tvers av ulike sosiale grenser. I ein integreringsprosess kan både samanbindande og brobyggande nettverk vere avgjerande for ein vellykka prosess når tillit og relasjonsbygging oppstår.

Eit av dei tema som kjem fram i intervju med dei katolske prestane, er at dei kunne ynskje seg fleire messestadar i soknet. Prestane seier at det på sikt kan vere naturleg å dele soknet i to, der ein også har ei kyrkje på Søre Sunnmøre. Kyrkja burde ligge anten i Volda/Ørsta, Herøy eller Ulsteinvik. På denne måten kan dei betene Gursken, Volda (som i dag) og i tillegg Vanylven på ein betre måte. Også Stranda er ei kommune som prestane opplever at det burde sørgast for betre betjening. I alle desse kommunane på Sunnmøre er det busett mange katolikkar. Det er ein langt høgare terskel å fare til kyrkje når kyrkja ligg langt vekk, enn når kyrkja ligg i nærleiken. Prestane opplever at mange er vanekyrkjegjengararar og oppfyller søndagsplikta si, prestane ser derfor eit stort behov for å ha den katolske kyrkja tettare innpå kyrkjegjengarane. Sjølv om den katolske kyrkja får leige lokale i dag på desse stadane, hadde det vore enklare å sørge for kyrkjelyden på ein betre måte enn i dag, dersom kyrkja hadde eigne messestadar med katolske prestar. For det første kan ei oppgåve for kommunane

vere å legge til rette for at dette arbeidet vert enklare å gjennomføre, men også kunne kommunane bidra med egna lokale, etc. for dette formålet. For det andre vil eit slikt bidrag frå kommunane si side, gi arbeidsinnvandrarane eit mykje betre tilbod enn det dei har i dag. For det tredje er det truleg at eit slikt samarbeid kunne med auka ressursar, opne opp for å legge språkopplæring, vaksenopplæring, kurs og liknande for arbeidsinnvandrarane til desse miljøa.

Erfaringar i frå denne studien viser at det er eit gjentakande mønster i mange integreringsprosesser, at fleire lokale aktørar ikkje veit om kvarandre. Det vert nemnt spesielt norskkurs som finst fleire stadar, men også ulike typar sosialt arbeid. Det kjem fram av studien at mykje av dette arbeidet kan med enkle midlar profesjonaliserast på måtar som vil utløyse offentleg stønad. Det vert peika på at fleire stadar i fylket, burde kyrkjelyden og kommunen forstå den katolske kyrkja si kontaktflate og moglegheitene dette fører til i kontakt med arbeidsinnvandrarar. Ei oppgåve for kommunane i dette tilfelle, kunne til dømes vere å finansiere ei sosionomstilling som kunne koordinere det lokale diakonale arbeidet. Dersom studiekommunane kunne finansiere ei sosionomstilling, ville det verte enklare å nå ut til denne gruppa.

Oppsummering/Avslutning

I denne oppgåva har eg sett nærmare på katolsk arbeidsinnvandring på Sunnmøre, og korleis den katolske kyrkja kan vere eit bidrag til integrering av arbeidsinnvandrarar frå Aust- Europa i arbeidsliv og lokalsamfunn. I prinsippet har den katolske kyrkja ein religiøsfunksjon og dei oppgåvene som vert utført i regi av kyrkja er religiøstretta. Hovudfunksjonen for kyrkjelyden er å oppnå frelse.

Utfordringa i slike tilfelle, vert å sjå potensialet og den verdien den katolske kyrkja kan ha utover dette. Det er også ei utfordring å sjå mulighetene for korleis kyrkja kan fungere som ein ressurs for kommunane i lokalsamfunnet rundt dette fellesskapet. I denne kasusstudien av den katolske kyrkja, har eg vore meir oppteken av samfunnsnytten av kyrkja, heller enn det religiøse aspektet ved kyrkjelyden. Kva integrerande effekt kan deltaking i kyrkja ha for å integrere katolske arbeidsinnvandrarar til storsamfunnet? Korleis kan den katolske kyrkja vere ein ressurs for ulike samfunnsinstitusjonar i kommunane? Og korleis kan ein nyte seg av kyrkja som medverknadsarena i plan og utviklingsarbeid?

Fleire studiar og erfaringane frå denne studien viser at det er eit behov for ein informasjonskanal og eit kontaktpunkt mellom arbeidsinnvandrarane og det offentlege, men også mellom denne gruppa og næringslivet. Arbeidsinnvandrarane får ofte mangelfull informasjon om korleis det offentlege fungerer og korleis dei skal delta i norsk samfunnsliv. Dei har utfordringar med kulturskilnadar og i mange tilfelle får dei mangelfull språk og vaksenopplæring. Dei har ikkje dei same rettigheitene som flyktningar og andre innvandrargrupper har på dette området. Tilbakemeldingar frå informantane i denne studien viser at det er eit stort behov for meir tilrettelagte norskkurs for denne gruppa.

Fleire verksemder i studiekommunane kjem med tilbakemeldingar om at dei har utfordringar med å arrangere ulike kurs og arrangement for arbeidsinnvandrarane. Samstundes ser dei eit behov for eit støtteapparat i kriseteam for denne gruppa, både når det gjeld informasjon, men også tiltak i sorgprosessar og ved dødsfall. Mange opplever at det oppstår subkulturar mellom dei polske arbeidsinnvandrarane, der dei isolerer seg i frå andre i verksemda. Det oppstår også mange farlege situasjonar knytt til sikkerheit og tryggleik på arbeidsplassen når dei ikkje får formidla viktig informasjon og sikkerheitstiltak. Kulturskilnadar er også ei utfordring som har vorte nemnt i denne undersøkinga. I mange land er til dømes det å arbeide svart eller fyllekjøring legitimt, det er ikkje særlig strenge straffar og «alle gjer det». Slike kulturskilnadar kan lett skape konfliktforhold.

Det viser seg at fleire av aktørane i kommunane arbeider med dei same oppgåvene, og slit med dei same tinga oppimot denne gruppa, utan å vite om kvarandre. I undersøkinga kjem det fram at fleire verksemder er opptekne av eit betre engasjement i frå det offentlege. Særleg ser ein dette knytt oppimot å gi meir informasjon på ulike område. Det å involvere verksemder i prosessar oppimot arbeidsinnvandrarar, slik at verksemdene veit kva dei skal gjere i ulike situasjonar ser informantane på som viktig. Ut i frå intervjua kjem det fram at det hadde vore nyttig med eit bindeledd mellom denne gruppa og det lokale næringslivet. I følgje informantane i studiekommunane, viser det seg at fleire sentrale samfunnsinstitusjonar ser eit behov for ein arena tilsvarende den katolske kyrkja, der dei har moglegheitene til å få tilgang på ei større kontaktflate oppimot denne gruppa. Dei kunne ynskle seg meir informasjon om rolla den katolske kyrkja har ovanfor migrantane i samfunnet, og om arbeidet til den katolske kyrkja knytt oppimot arbeidsinnvandrarane.

Ser ein på den katolske kyrkja i Ålesund, kan truleg denne vere eit slikt bindeledd som skapar kontakt mellom arbeidsinnvandrarane og det norske samfunnet. Det er truleg at religiøse fellesskap nett som den katolske kyrkja, kan vere ein viktig faktor som gir migrantane hjelp til å meistre den nye situasjonen og det nye miljøet sitt. Erfaringar i frå denne studien viser at den katolske kyrkja i Ålesund har denne effekten i noko grad, sjølv om dette ikkje er gjeldande for alle. For at Kyrkja skal kunne auke potensialet sitt på dette området, bør den ligge tettare lokalisert inn mot lokalsamfunna. Her ligg det eit potensiale som truleg vil generere til samhandling og auka samarbeid mellom lokale aktørar. Dersom ein genererer eit slikt potensiale vil dette truleg gjøre det enklare å nå tak i denne gruppa i medverknadsprosessar for plan og utviklingsarbeid, i beredskap og kriseteam, gi informasjon, samstundes ville det truleg vere enklare for næringslivet dersom ein hadde ressurspersonar tett inn på verksemdene.

Erfaringar i frå denne studien viser at dersom den katolske kyrkja skal vere ein viktig funksjon for lokalsamfunna, er ein nøydd til å utnytte potensialet til den katolske kyrkja på ein betre måte enn i dag. Dersom den katolske kyrkja skal kunne fungere som ein funksjon for lokalsamfunna i studiekommunane, bør ein utnytte den kontaktflata kyrkja har i ulike samhandling- og utviklingsprosessar i lokalsamfunnet. Over tid vil dette opne opp for at ein kan bygge felles arenaer

og system for meiningsdanning og handling. Dersom den katolske kyrkja skal ha ein samfunnsnytte må dei aktuelle aktørane vete om potensialet i kontaktflata til kyrkja, og korleis dei skal gå fram for å oppnå samarbeid. Ein bør opprette nærare relasjonar og nettverk enn det som er tilfelle i dag, der ein aukar kunnskapen på området og der partane veit om kvarandre og kan dra nytte av fellesskapet. I mange tilfelle er ikkje problemet at ein ikkje ynskjer kontakt, men heller at ein ikkje veit om kvarandre og det potensialet som ligg latent.

For å forbetre kvaliteten i lokalsamfunna i Herøy og Ulstein er ein avhengig av samarbeid og nye løysingar for samhandling. Gjennom å skape nye relasjonar og etablere nettverk med den katolske kyrkja, kan planavdelingane nytte seg av desse relasjonane og nettverka som instans for medverknad i planarbeid. På denne måten får planavdelingane nyttige innspel i frå denne gruppa, og det vert enklare for planleggarane å nå tak i denne gruppa av innbyggjarar. Då arbeidsinnvandrarane har tillit og respekt for den katolske kyrkja, kan det vere enklare å få til stabile samarbeid. Dersom ein kan skape trygge og nære relasjonar mellom kommunane og den katolske kyrkja, bør det verte like naturleg å få innspel i frå denne instansen i plan- og utviklingsarbeid, som å få innspel i frå grendelag, frivillige organisasjonar, lokalt næringsliv etc.

Studien viser at det er viktig å auke den kollektive handlingskapasiteten i studiekommunane Herøy og Ulstein. Ved endra kollektiv handlingskapasitet kan ein auke kunnskapsnivået, gjennom å involvere fleire ulike aktørar med ulik fagbakgrunn. Dei katolske prestane og dei frivillige i den katolske kyrkja, sit på verdiful kunnskap som dei har tileigna seg igjennom diakonalt arbeid. Her har dei fått innsikt i situasjonen, sett behov og utfordringar for denne gruppa og gjennom diakonalt arbeid kan dei skape trygge relasjonar til arbeidsinnvandrarane. Denne kunnskapen kan det private næringslivet og det offentlege få nytte av i samhandlingsprosessar. Gjennom å bygge trygge relasjonar og nettverk, kan dette opne opp for å skape arenaer for medverknad i plan- og utviklingsarbeid.

Formålet med denne studien var å gi eit meir samansett bilet av korleis den katolske kyrkja kan vere ein ressurs for dei ulike samfunnsinstitusjonane i Herøy og Ulstein. Eg var interessert i å gjere ei tilnærming til kva potensiale som ligg i kontaktflata til den katolske kyrkja og korleis ein kan nytte seg av den kyrkja som medverknadsarena i plan og utviklingsarbeid oppimot katolske arbeidsinnvandrarar. I denne studien gikk ein inn i eit forskingsfelt med lite erfaringar å bygge på. Erfaringane frå Herøy og Ulstein understrekar at mangel på gode koplingspunkt mellom kommunen og arbeidsinnvandrarane er ei utfordring. Opplevinga er at det trengs fleire arenaer for samarbeid, samstundes som at det kan vere ei utfordring å identifisere arenaer der ein møter arbeidsinnvandrarane på heimebane. Studien konkluderer med at Herøy og Ulstein kommune på mange måtar er i ein søkjefase der dei prøvar å finne relevante arbeidsmåtar for å identifisere og løyse utfordringar i samspelet mellom kommune og arbeidsinnvandrarar. Utfordringa vidare vert å avklare om den katolske kyrkja er ein av fleire vegar å gå.

Referanseliste

Aase, T. Fossåskaret, E. (2007): *Skapte virkeligheter, om produksjon og tolkning av kvalitative data.* Oslo: Universitetsforlaget.

Amdam, J. (2000): *Local confidence and institutional capacity building- forestry on the west coast of Norway as an example.* Volda: Møreforsking.

Amdam, J. Veggeland, N. (2011): *Teorier om samfunnsstyring og planlegging.* Oslo: Universitetsforlaget.

Amdam, R. (2005): *Planlegging som handling.* Oslo: Universitetsforlaget.

Bourdieu, P. Wacquant, L. (1992): *An invitation to reflexive sociology.* Chicago: University of Chicago press.

Bø, I. Schiefloe, P. (2007): *Sosiale landskap og sosial kapital, innføring i nettverkstenking.* Oslo: Universitetsforlaget.

Båtevik, F. Grimsrud, G. Nettland (2013,2014): *Datamateriale: Spørjeundersøking på Vestlandskommunar.* Volda: Møreforsking.

Båtevik, F. Grimsrud, G. (2014): *Nye innbyggjarar – nye utfordringar? Vestlandskommunane i møte med arbeidsinnvandrarane.* Volda: Møreforsking.

Båtevik, F. Mattland Olsen, G. Yttredal E.R. (2011): *Dei nye hendene- offentleg sektor i møte med arbeidsinnvandrere.* (Rapport) Volda: Møreforsking.

Coleman, J.(2000): *Sosial kapital i utviklingen av menneskelig kapital*. Magma:
http://www.magma.no/sosial-kapital-i-utviklingen-av-menneskelig-kapital_06.10.2014

Dalland, O. (2012): *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal akademiske.

Denscombe, Martyn (2010): *Ground Rules for Good Research A 10 point guide for Social Researchers*. Buckingham: Open University Press.

Fangen, Katrine (2010): *Deltagende observasjon* . Bergen: Fagbokforlaget.

Forester, J. (2004): *The politics of planning communities: The art of collaborative consensus building*. Melbourne: Cornell University (artikkel)

Forester, J. (1993): *Critical theory, public policy, and planning practice*. New York: State University of New York Press.

Forester, J. (1989): *Planning in the face of Power*. London: University of California press.

Habermas, J. (1984): *The Theory of Communicative action, reason and the rationalization of society*. Cambridge: Polity Press.

Halvorsen, K. (2003): *Å forske på samfunnet- en innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Cappelen akademiske forlag.

Healey, P. (2006): *Collaborative planning shaping places in fragmented societies*. New York: Palgrave Macmillan.

Healey, P. Magalhaes, C. Madanipour, A. (2000): *Institutional Capacity-Building, Urban Planning and Urban Regeneration Projects*. I: ed. Sotarauta, M. (2000): *Urban Futures, A loss of shadows in the flowing spaces*. Helsinki: Futura.

Holter, H. og Kalleberg, R. (1996): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kjeldstadli, Knut (2007): *Å analysere skriftlige kilder*. I: Fossåskåret, Erik, Fuglestad, Otto Laurits og Aase, Tor Halfdan: *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolking av kvalitative data*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kuusela, K. (2009): *Innvandrerforeninger og sosiale nettverk av landsmenn som arena for sosial kapital*. I: Rønning, R. Starrin, B (red.) (2009): *Sosial kapital i et velferdsperspektiv; om å forstå og styrke utsatte gruppers sosiale forankring*. Oslo: Gyldendal akademisk forlag.

Kvale, S og Brinkmann, S (2012): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Larsen, A.K. (2007): *En enklere metode veiledning i samfunnsvitenskaplig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget.

Popper, Karl R. (1965): A survey of some fundamental problems. Kapittel 1 i: *The Logic of Scientific Discovery*. New York: Harper & Row.

Rønning, R. Starrin, B. (2009): *Sosial kapital- et nyttig begrep*. I: Rønning, R. Starrin, B (red.) (2009): *Sosial kapital i et velferdsperspektiv; om å forstå og styrke utsatte gruppers sosiale forankring*. Oslo: Gyldendal akademisk forlag.

Schroeder, R. (1992): *Max Weber and the sociology of culture*. London: SAGE Publications.

Svendsen, Gert. Svendsen, Gunnar. (2006): *Social kapital, en introduktion*. København K: Hans Reitzels Forlag.

Stake, Robert E. (2005): Qualitative Case Studies. I: Denzin, Norman K. og Lincoln, Yvonna S. (eds.): *Handbook of Qualitative Research*. London: Sage.

Ødegård, G. Loga, J. Steen-Johnsen, K. Ravneberg, B. (2014): *Fellesskap og forskjellighet*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

Nettsider:

St.meld.nr.18 (2007-2008): *Arbeidsinnvandring*. Stoltenberg regjeringen. (30.09.2014)
<http://www.regjeringen.no/pages/2067197/PDFS/STM200720080018000DDDPDFS.pdf>

Norsk statsvitenskapleg tidsskrift: (2002)
(http://www.idunn.no/nst/2002/04/planleggingens_kommunikative_vending_nytt_paradigme_eller_gammel_debatt) (<http://www.idunn.no/nst/2002/04>) (02.03.2015)

Norsk statsvitenskapleg tidsskrift: (2002)
https://www.idunn.no/npt/2002/05/utveljing_og_generalisering_i_kasusstudiar (20.04.2015)

Den katolske kyrkje si norske heimeside: <http://www.katolsk.no/nyheter> (30.09.2014)

Den katolske kyrkja i Ålesund: <http://alesund-katolsk.org/> (30.09.2014)

Den katolske kyrkja sine statistikkar: Frå Ora et Labora prosjektet (12.02.2015)

Figurar:

Figur 1: *Innvandring i Herøy og Ulstein kommune.2013* (Elisabeth Busengdal 2015)

Figur 2: *Arbeidsinnvandring i plan- og utviklingsarbeid i 85 vestlandskommunar 2013* (Finn Ove Båtevik 2014)

Figur 3: *Korleis kommunar på Nordvestlandet vel å prioritere arbeidsinnvandrarar i strategiar og plan og utviklingsarbeid* (Elisabeth Busengdal 2015)

Figur 4: *Oversikt over verdien av arbeidsinnvandring for Herøy og Ulstein kommune* (Elisabeth Busengdal 2015)

